

# **Årsrapport 2011**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 5
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 9
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 17
Kongehuset	Side 17
Miljøverndepartementet	Side 17
Landbruks- og matdepartementet	Side 26
Kunnskapsdepartementet	Side 43
Statens Helsetilsyn	Side 61
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 64
Justis- og politidepartementet	Side 66
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 71
Arbeidsdepartementet	Side 76
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 78
Samferdselsdepartementet	Side 89
Utenriksdepartementet	Side 89
Kulturdepartementet	Side 89
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 90
Andre	Side 94
Endringer i årsrapporten	Side 95

Embete:

## Årsrapport 2011 – overordna del

### Utfordringar i kommunane - vurdering av tilstanden i fylket

Generelt er det ein observasjon at særleg i dei mange små kommunane i fylket klarar ein ikkje å rekruttere personal med god nok *kompetanse* for å møte fleire, kompliserte og meir samansette oppgåver innan ei rekkje samfunnsfelt. Dessutan er det på fleire område *ikkje godt nok samsvar mellom behov, kapasitet og kompetanse* i tenester.

*Omstillingsprosessar* tek i mange høve lang tid. Vi ser utviklinga av meir interkommunalt samarbeid, men for dårlege perspektiv og for svake verkemiddel til ei føremålstenleg regional arbeids- og funksjons-fordeling innan ulike tenesteområde, t.d. innan arealbruk, transport, bustader, velferdstenester.

*Velferdstenestene* er under press. Dei felles utfordringane for kommunane er prioritering av det breie folkehelsearbeidet, rekruttering av personell med rette kompetanse og større innsats innan førebygging, tidleg intervensjon og rehabilitering. Det er trong for å samordna tenester til utsette grupper, og det er for få tilrettelagde bustader for psykisk sjuke, rusmisbrukarar, psykisk utviklingshemma og eldre. I eldreomsorga er det for få plassar for heildøgns pleie og omsorg. Det blir også opplevd som uheldig at den nye folkehelseleva vidarefører systemet frå tidlegare lov om at staten kun skal føra tilsyn med at kommunane kontrollerar og fører tilsyn med eiga verksemd. Det gir for eksempel lite handlingsrom for klårt uheldige tilstandar t.d. innan miljøretta helsevern (t.d. fysiske miljøproblem i skular) når kommunar ikkje evnar eller prioriterer oppretting av helseskadelege tilhøve.

Innan *skulesektoren* er det mange skular i fylket som er dårleg vedlikehaldne og oppfyller ikkje lovkrava til skulemiljø, særleg når det gjeld inneklima. Nokre skular er av denne grunnen stengde. Det gir grunn til bekymring då dårlege skulebygg går ut over lærings-miljøet.

Innan *barnehageområdet* er det eit lovverk som blir opplevd vanskeleg å praktisera, delvis på grunn av manglande sentrale avklåringar. Dette kjem særleg til uttrykk i kommunane si handtering av saker om økonomisk likeverdig handsaming av ikkje-kommunale barnehagar. Det er fleire fagområde som må involverast i behandlinga. Dette er krevjande for kommunar med manglande kompetanse. Særleg gjer det seg gjeldande etter at barnehagetilskotet frå 01.01.2012 vart innlemma i det kommunale rammetilskotet.

Når det gjeld *opplæring innanfor kriminalomsorga*, er det ei utfordring at det digitale opp-legget innan Kriminalomsorga vanskeleg harmonerer med det pedagogiske kravet om digital kompetanse som ein basisdugleik som skal vera integrert i alle fag- og læreplanar.

*Økonomien* i kommunane er pressa og dei har eit generelt høgt gjeldsnivå. Ein auke i talet på kommunar som har eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar, i tillegg til verk og bruk, har betra noko på situasjonen.

Innan *plan- og bygningsområdet* er situasjonen prega av den høge økonomiske aktiviteten i fylket med tilhøyrande stort arealpress i særleg ytre strøk. Det fører til fleire byggjesaker og dispensasjonar frå lov og planverk enn nokon annan stad i landet, og med til dels betydelige arealkonfliktar. Fylket har òg ein særskild storbyproblematikk med uløyste problem om for-ureining, parkering, kollektivdekning og generell transportutfordringar i eit sterkt veksande område.

Situasjonen innan dette området med betydeleg folkevekst i fylket er tydeleg prega av manglande strukturelle avklåringar i fylket om hovudtransportløyisingar, strategiar for å dempa og omfordela transporttterspørsel, vekstretningar, fortettingsstrategiar, samordna arealutvikling, herunder utvikling av regionsentra (desentralisert konsentrasjon).

### Embetsoppdraget – tilhøvet mellom oppgåver og ressursar. Utforming av oppdraget

For embetet er det ei utfordring at oppgåvetilfanget er klart større enn tilgjengelege ressursar. Det gjer det nødvendig å prioritera og flytta ressursar mellom oppgåver, utan at det ligg signal om slike prioriteringar frå dei enkelte oppdragsgivarane. Det skal nemnast fire døme på dette:

- Vi finn det klart uheldig når KRD innfører ein klagebehandlingsfrist på tolv veker i byggjesaker med berre den grunngevinga at det er god kompetanse hos Fylkes-mennene, utan å vurdere tilhøvet til det kommunale sjølvstyret og spørsmålet om å avgrense Fylkesmennenes klagetilfang eller kompetanse som klageorgan.
- Talet på førarkortsaker er meir enn dobla dei fire siste åra, utan at det er tilført ressursar som kompenserer for dette og utan at det er iverksett endringar for å effektivisera denne ordninga
- Ulik detaljeringsgrad for tilsyn
- Det omfattande embetsoppdraget når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap.

Det er også eit problem for styringa av embetet at det er stor forskjell i detaljeringsgraden av oppgåvene mellom oppdragsgivarane – frå klåre rammeforventningar til detaljerte oppgåver og mål. Ein bør kunna forventa eit meir harmonisert opplegg her mellom oppdragsgivarane. Detaljerte embetsoppdrag gir lite rom for fylkesvis prioriteringar. Det ville vera klårt meir effektivt og føremålstenleg at oppgåvene vert gitt på ein slik måte at dei kan tilpassast fylkesvise tilhøve og utfordringar. Det kan gjerast prinsipielt på to måtar: – ved at det i sterkare grad blir lagt opp til rammeskildring av oppgåvene og målsettingane frå alle oppdragsgivarane, og – at større oppgavegrupper blir lagde til embeta, jfr. det som er skildra i under «*Fylkesmannsembeta – regionalisering, desentralisering, «ressursfylke»*».

### **Fylkesmannsembeta – regionalisering, desentralisering, «ressursfylke»**

Fylkesmannen i Hordaland vil gjere framlegg om å igangsetja forsøk eller pilotar med å samla større grad av statlege oppgåver og mynde på regionalt statleg nivå. Dette er tenkt i to relasjonar:

1. På bakgrunn av den knappe ressursituasjonen de fleste embete opplever, må det leitast etter andre og meir effektive måtar å løysa dei oppgåvene embeta alt har. Ein måte å gjera dette på er å differensiera / spesialisera embete til å handtera oppgåver som ligg til rette for det for heile landet. I tillegg til effektivisering vil ein også oppnå eit breiare og betre kompetent miljø for løysing av slike oppgåver. Alt i dag er det i fylkesmennes porteføljar enno fleire oppgåver som ligg godt til rette for dette, og som ikkje er avhengig av lokalkunnskap. Det kan nemnast t.d. saker om :
  - separasjon / skilsmisse
  - rettshjelp/ fritt rettsråd
  - klager om innsyn etter offentleglova
  - ulike vergemålsoppgåver.

Ein variant av ei slik differensiering, kan òg vera at slike ressursfylke tek ansvar for ein region med ulike oppgåver. Til dømes vil det her på Vestland kunna liggja godt til rette for ei oppgåvefordeling mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane til dømes innan landbruk og helse.

2. I Meld.St.12 (2011 – 2012) *Stat og kommune – styring og samspel* er det i kap. åtte ei kort skildring av «*Direktorat og regionale statetatar*». Skildringa manglar ein diskusjon om verknadane av tilhøvet mellom stat og kommune med eit system som har større grad av distribuert statsmakt, dvs. at statlige oppgåver og mynde i større mon enn i dag blir utøvd på eit nivå, regionalt statleg nivå, som er nærare kommunane og som har betre lokal kunnskap.

Vi ser for oss ei rekkje oppgåver frå Fylkesmennes oppdragsgivarar som kunne ha vore regionalisert, innan dei fleste av dei ansvarsområda Fylkesmannen har i dag.

## Kapittel 1 - Om embetet

### 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Utfordringar og tilstanden i fylket er omtala i innleiinga.

#### Årsrapport 2011 - tilstanden i embetet

Fylkesmannen i Hordaland er organisert med seks fagavdelingar. Lenkje til organisasjonskart: <http://www.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=18847>

#### Leiargruppa

Leiargruppa består av embetsleiinga og avdelingsdirektørane/fylkeslegen, Til saman utgjør leiargruppa åtte personar fordelt på fire kvinner og fire menn. Leiargruppa har fast møte annankvar veke.

#### Medarbeidarane

Ved årsskifte var det 185 tilsette ved embetet. Vi har høg fagleg kompetanse innan alle fagområde, og fleire av våre medarbeidarar vert nytta som ressurspersonar på nasjonalt nivå av direktorat og departement. 2011 har vore eit krevjande år for embetet ved at fleire røynde sakshandsamarar har slutta. Samstundes har vi vore i ein prosess med nedbemanning og fleire stillingar har blitt inndregne. På tross av knappe ressursar og ein krevjande bemanningssituasjon har våre medarbeidarar gjennom sin innsats klart å innfri krav til sakshandsamingstider og andre leveringsfristar i 2011.

Medarbeidarane fordeler seg på 54 % kvinner og 46 % menn. Vi har relativt god aldersfordeling blant medarbeidarane våre. Gjennomsnittleg alder på tilsatte som gjekk over i pensjonsordningar i fjor var på 66,4 år.

#### Journalførte dokument inn/ut i 2011

Tal på inngåande dokument: 36 930. Tal på utgåande dokument: 24 370.

#### Embetsfornyng

Fylkesmannen i Hordaland har det siste året vore i ein prosess med embetsfornyng. Det har vore naudsynt å gjere fleire grep for å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Embetet har ein utfordrande ressursituasjon, og det er ikkje samsvar mellom tildelte midlar og oppgåvene vi er satt til å løyse. På fleire fagområde har vi dei siste åra hatt ein markant auke i saksmengda utan at embetet er tilført fleire resussar. I tillegg har vi ikkje hatt økonomiske midlar til å oppretthalde eit konkurrerande lønsnivå i embetet.

For å imøtekomme desse utfordringane har vi gjennomført ein stor organisasjonsutviklingsprosess med tre hovudformål:

##### 1. Budsjetttilpasning og lønnsløft

Embetet har gjennom fleire år slitt med eit lågt lønsnivå, og vi ikkje klart å konkurrere lønsmessig med andre offentlege etatar. Vi har i særleg grad opplevd å bli utkonkurrert på løn av andre statlege verksemder i fylket. Dette har gjeve utslag i høg turnover og problem med å halde på og rekruttere medarbeidarar med høg kompetanse. Det har heller ikkje vore økonomiske midlar til å gje kompetanseutvikling til medarbeidarane.

For å frigjere midlar til å heve lønnsnivået og til kompetanseutvikling, vart leiinga og fagorganisasjonane i fjor samde om å nedbemanne med omlag 10-12 stillingar over ein to-års periode. I 2011 nedbemannar vi med 5,5 stillingar ved at tilsette slutta eller gjekk over i alderspensjon. Vi planleggjar å dra inn ytterlegare fem stillingar i 2012. Dette er ein krevjande prosess som er følgt opp av effektiviseringstiltak i avdelingane, og stram prioritering av "må" og "bør-oppgåver". Som følgje av at vi fekk frigitt lønsmidlar i fjor, ble det lagt inn 2. mill. til lokale lønsforhandlingar. I tillegg til dei sentrale føringane, vart partane lokalt samde om at urimelege lønsforskjellar som følgje av nyrekruttering og høg produktivitet/god arbeidsinnsats skulle prioriterast ved forhandlingane. Det var og semje om eit lønnsløft for mellomleiarar. Leiargruppe fekk justert løn etter HTA "lønnsending for neste ledernivå".

## 2. Omorganisering og betre oppgåveløysing

Embetet gjennomførte i 2011 ei omfattande omorganisering. Formålet med omorganiseringa var å få ein meir effektiv og samordna organisasjon, og slik sikre betre oppgåveløysing. Det var i særleg grad behov for å sjå på ein meir heilskapleg og samordna organisering av planområde/plansaker og helse, sosial- og barnevernsområde. Omorganiseringa har mellom anna medført at vi har samla plansaker, byggesaker, kommunale saker og beredskap i ei kommunal- og samfunnsplanavdeling. Vi har og samla helse, barnevern og sosiale saker i ei helse- og sosialavdeling. Ny organisasjonsmodellen trådde i kraft frå 1.april.

Omorganiseringa har så langt vist seg å ha ønska effekt, og vi har innanfor fleire fagområde hatt ein nedgang sakshandsamingstid.

Omorganiseringa har vore gjennomført i nært samarbeid med fagorganisasjonane.

## 3. Utvikle leiargruppa

I 2011 har vi arbeidet vidare med å utvikle leiargruppa. Mellom anna skal alle strategiske og prinsipielle saker opp til drøftingar i leiargruppa. Det har og vore satt i gong eit intern leiarutviklingsprogram for leiargruppa og mellomleiarar. Meir om det står omtalt i pkt. 1.4.

### Arbeidsmiljø og sjukefråvær (IA)

Grunna omorganiseringa har vi hatt eit særleg fokus på arbeidsmiljøet i 2011. Det vart gjennomført ein omfattande vernerunde i etterkant av organisasjonsendringa i samarbeid med hovudverneombodet.

Samla sjukefråvær i fjor var på 5.4 %. Det vart utarbeidd ny lokal IA-avtale med tre delmål:

1. Halde eit stabilt lågt sjukefråvær på under 5 %
2. Auke sysselsetting for personar med redusert funksjonsevne
3. Oppretthalde høg avgangsalder for pensjonering

Fylkesmannen er representert i IA-rådet i fylket.

Vi har gjennomført sosiale tiltak for å styrkje fellesskapet i embetet. I 2011 hadde vi to allmøte og heile verksemda var samla til fest i Håkonshallen då omorganiseringa trådde i kraft.

## 1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

### 1.2 Budsjett 2011

Sum tildelingar og refusjonar på kap. 1510 post 01/kap. 4510 var på kr. 100 252 592. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna inndraging av stillingar i samband med ei omfattande omorganisering. Lønnsnivået ved embetet ligg svært lågt samanlikna med andre fylkesmannsembeter og offentlege verksemder. Frigitte lønnsmidlar er nytta til å rette opp dette. Fylkesmannen er positiv til rammeoverføring av midlar frå fagdepartementa på faste oppgåver. Det er viktig at overføringa er i tråd med Finansieringsordninga for Fylkesmannen med tilhøyrande retningslinjer.

Med ei stram budsjetttramme er det heilt naudsynt med innsparingstiltak og ei god budsjettstyring.

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 13 774 636,42	kr 3 449 235,01
Landbruks- og matdepartementet	kr 11 960 853,75	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 7 552 856,03	kr 13 880 237,10
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 579 533,36	kr 600 172,05
Justis- og politidepartementet	kr 4 358 985,39	kr 149 425,74
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 6 879 585,46	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 987 580,40	kr 974 004,46
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 14 704 076,85	kr 5 142 563,41
Andre	kr 31 616 446,69	kr 0,00
<b>Sum:</b>	<b>kr 94 414 554,35</b>	<b>kr 24 195 637,77</b>

## 1.3 Risikostyring

Fylkesmannen i Hordaland har det siste året arbeidd for å finne ei praktisk tilnærming i høve til risikostyring. Nokre av utfordringane har vore manglande verktoy og metodikk, og å få integrert risikostyring som ein naturleg og nyttig del av styringshjulet og den daglege leiinga av embetet. For å auke kompetansen vart det hausten 2011 arrangert eit leiarseminar om risikostyring. Foredragshaldare for seminaret var departementsråd Ingelill Killengren og assisterande direktør i Helsetilsynet Geir Sverre Braut.

Leiargruppa har dei siste månadene hatt ein prosess med å definere dei mest sårbare og kristiske områda for måloppnåinga. Vi har definert ni risikoområder på overordna nivå for 2012, som vi har risikovurdert og satt inn i eit system/risikoskjema. Dette er forankra i verksemdplanen på overordna nivå og i dei avdelingsvise planane. Leiargruppa har vedteke at dei definerte områda skal risikovurderast i samband med rapportering av VP: 31.mai, 31. august og 31. desember.

Dei ni risikoområda er:

1. Saksbehandlingstid
2. Arkiv - etterslep på journalføring
3. Kompetanse (turnover)
4. Sjukefråvær
5. Styring og leiing
6. Kommunedialog
7. Beredskap
8. Økonomistyring
9. Sensitiv informasjon på avvege

Embetet er i ein krevjande ressursituasjon med nedbemanning av stillingar og mellombels stillingsstopp. Dette gjer at vi ved oppstart av 2012 har eit særleg fokus på sakshandsamingstidar. Vi vurderer at dette er eit av dei områda med høgast risiko.

## 1.4 Helhetlig og strategisk ledelse

Embetsleiinga og leiargruppa arbeider med å styrkje den heilskapelege og strategiske leiinga ved embetet. Fleire tiltak er satt i verk, mellom anna skal alle strategiske og prinsipielle saker opp til drøftingar i leiargruppa.

Vi fekk i fjor midlar frå Difi til å etablere eit leiarutviklingsprogram for leiargruppa og mellomleiarar. Formålet med programmet er å utvikle ein lokal leiarplattform som bl.a. byggjer på plattform for leiing i staten, og å skape ein dyktig og myndiggjort leiargruppe. Leiarutviklingsprogrammet starta opp hausten 2011 med eit allmøte om Fylkesmannen i eit historisk perspektiv. Vi har hatt tre leiarsamlingar i løpet av hausten med følgjande tema:

- Fylkesmannens rolle, ansvar og funksjon i eit praktisk perspektiv v/Oddvar Flæte
- Plattform for leiing i staten v/avdelingsdirektør i Difi Marit Saar Reiersen
- Embetsstyring sett frå sentralt hald, herunder leiarutfordringar, og risikostyring v/departementsråd Ingelill Killengren
- Risikostyring. Korleis integrerer vi risikostyring i dei etablerte styringsprosessane ved embetet? v/assisterande direktør i Helsetilsynet Geir Sverre Braut

Leiarprogrammet held fram i 2012. Vi har planlagt fleire leiarseminar med følgjande tema:

- Intern styring i embetet
- Rolleforståing
- Utvikling av leiarmøta
- Beredskap
- Personalleiing
- IA og oppfølging av sjukefråvær
- Etikk
- Handtering av konflikhtar
- Intern og ekstern kommunikasjon og informasjon

## 1.5 Andre forhold

### Rapportering

Det er ønskeleg om det gjennomgåande blir større samsvar med mål – resultat- og rapporteringskrav. På enkelte område er det særskilte rapporteringskrav utanom årsrapport. Det er etter vår oppfatning unødvendig dobbeltarbeid både å rapportere særskilt og gjenta, eventuelt i forkorta versjon, i årsrapport til FAD.

### Miljøtiltak

Fylkesmannen følgjer opp Handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Vi stiller med dette krav til våre leverandørar om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eigen handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

Fylkesmannen har dei siste åra hatt ein sentral rolle som pådrivar og samordnar i arbeidet med Knutepunkt Hordaland. Knutepunkta vart etablert som prosjekt for å sikre større gjennomslagskraft for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøpsprosessar. Embetet har hatt leiarsvaret for styringsgruppa i Knutepunkt Hordaland, medan den praktiske gjennomføringa har vore lagt til Innkjøpsavdelinga i Bergen kommune. Prosjektet vart avslutta hausten 2011.

Internt i Statens Hus arbeider fylkesmannen saman med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingsystem. Vi har i dag høg sorteringsgrad på avfall, og vurderer å innføre ei tredjeparts sertifisering tilpassa verksemda, til dømes Miljøfyrtårnet si ordning. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Dette svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Fordelsavtala inkluderer alle aspekt ved forvaltning, drift og bruk av eigeidomen. Dette inneber mellom anna tiltak for energisparing knytt til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar. Fylkesmannen skal saman med Entra prioritere miljøaspektet og alltid ha miljømessige belastningar med i vurderinga når det gjeld bruk av lokala. Minst ein gong kvart år skal vi saman gå gjennom miljøstatus og oppfølging av tiltak.

Embetet har ei målsetning om å redusere tenestereisane. Det skal alltid vurderast om det er naudsynt å reise eller om ein i staden kan gjere nytte av telefonmøte og videokonferanse.

Overordna prinsipp for reisepolitikken:

- Redusere miljøbelastningane
- Auke trafikktryggleiken
- Redusere kostnader og tidsforbruk
- Redusere tenestereisar

### Innkjøp

Vi har utarbeidd tenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket i samband med innkjøp. Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har inngått innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale.

### Informasjonstryggleik

Fylkesmannen har i 2011 utarbeidd eit opplegg for trygg handtering av informasjon basert på malen frå Informasjonssikkerheitsprosjektet. Policyen vart handsamast i leiarmøte 3. oktober og er ein del av embetet sitt internkontrollsystem, Arbeidet med ROS-analyse og vidareutvikling av policyen er lagt til embetet sitt sikkerheitsutval og vil halde fram i 2012. Alle tilsette har underteikna instruks for trygg handtering av informasjon.

### Lærlingar

Embetet har ikkje hatt ressursar til å ta inn lærlingar.



## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Fylkesmannen i Hordaland har i 2011 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen og å rettleie kommunane i forvaltning og forståing av lovgrunnlag og økonomi for å styrke rettstryggleiken og medverke til en stabil kommuneøkonomi.

Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det var lagt opp til gode debattar rundt dei ulike tema.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve. Kvar 14. dag blir det halde internt møte med avdelingsleiarane – noko som medverkar til samordning inner og utetter.

Desse møtene har i 2011 blitt utvida og gjort til ein meir sentral del i embetets styringsmodell og har fått en sterkare samordnande funksjon.

Det er også verdt å nemne at embetet har omorganisert med det resultat at plan- og byggesaker no er samlokalisert i sams avdeling/seksjonar. det same gjeld Helse, sosial og barnevern. Omorganiseringa har ikkje berre reasjonaliseringsvinst, men er også viktig for samordning at statlege tiltak.

Embetet deltek på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen orienterar kommunen om rettar og plikter på dei ulike saksfelt, og gir rettleiing om generell sakshandsaming og bruk av lovverk for å sikra kvaliteten på sakshandsaminga.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har òg kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt og nytta KOSTRA i vår kommunikasjon med kommunane for å syne brukarnytten. Det hjelper - dei fleste kommunar nyttar nå KOSTRA aktivt. Nokre kommunar er sårbare på personalområdet og har ved høve ikkje overhalde fristar for rapportering av førebelse tall. Fylkesmannen i Hordaland har teke dette opp med kommunane.

Fylkesmannen har også i år utarbeid ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar. Rapporten strekker seg tilbake til 2006. I tillegg er det lagt ut 2010-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane.

Som tidligare år er fylkesmannen invitert ut til kommunar og fylkeslag for å gjennomgå kommuneøkonomien ved hjelp av KOSTRA og statsbudsjett/kommunep. m prognosar.

For 2011 har Fylkesmannen under fordeling av skjønsspotten haldt tilbake ophavleg om lag 17 mill korav ein stor del vart gitt til fornyingsprosjekt. I denne samanhengen vart det oppretta ein ny funksjon på nettsidene våre som gir betre sakshandsaming og mogligheit for samanlikning av rapportar og erfaringsutveksling i ettertid. Både søknad og rapport går gjennom dette systemet. Fylkesmannen har for 2012 fortsatt trenden og 14 mill er avsatt til fornying og prosjekt.

Arbeidet og aktiviteten i Tilsynsforum held fram. Forumet skal syte for at embetet harmoniserer tilsynet sitt overfor kommunane. Dette gjeld metode. Det er verdteke at det skal utvekslast kontrollopplysningar med Hordaland fylkeskommune. Kontrollsjefen i fylkeskommunen skal være med på eitt møte i Tilsynsforum pr år.

### 2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Tilsyn med barnevern-, helse- og omsorgstenestene er samordna. Vi arbeider kontinuerleg med å harmonisere metodar. Landsomfattande tilsyn er gjennomført i samsvar med oppdrag. Eldretilsynssatsinga er følgd opp i

samsvar med plan. Kommunar og helseføretak har fått tilbakemeldingar om erfaringar frå tilsyn og manglar ved styring. Uklare ansvarsforhold, for lite opplæring om kva følgjer regelverket har for praksis, mangelfulle og ukjende rutinar, blir ofte avdekt ved tilsyn.

Hordaland har kontaktfylkeslegefunksjon og samarbeider nært med dei to andre fylka om å ivareta tilsynet med spesialisthelsetenestene.

Ved utgangen av året var saksbehandlingstida for behandling av klager på manglande oppfylging av rettar og tenester innanfor fastsette tidsrammer.

Oppdrag i kvalifiseringsprogram, omsorgsplan 2015, opptrappingsplan rusfeltet, oppfølging av psykisk helsearbeid, barnefattigdom, bustadsosialt arbeid og forlelse og formidling av nasjonale handlingsplanar m.v., er følgde opp og forsøkt samordna i den grad resultatkrav gir rom for det.

I 2011 brukte vi relativt mykje ressursar på informasjon om samhandlingsreforma og opplæring i nytt regelverk.

Talet på førarkortsaker aukar og tek ressursar frå tilsyn og andre oppdrag frå Helsedirektoratet.

## 2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

### Barnehage

Alle kommunane i Hordaland har oppfylt kravet om full barnehagedekning etter fastlagt norm, men fylkesmannen har framleis fokus på dimensjonering og vedlikehald sidan det viser seg at det i fleire kommunar framleis er barn som det kan vere behov og ønskjeleg å tilby ein barnehageplass til. Hordaland er eit stort barnehagefylke med mange private barnehagar. Fylkesmannen har hatt eit omfattande arbeid med tilskotsforvaltninga og etterslep av den gamle ordninga.

Etter det nye regelverket, ramefinansieringa, med den tilsikta forrenklinga i høve regelverket, viser det seg at forvaltninga framleis er svert krevjande for kommunane. Kommunane har, etter vår erfaring, liten kapasitet til å forvalte dette området. Dette gjeld både dei økonomiske, dei juridiske og reint forvaltningsmessige sidene og korleis desse er tenkt å virke saman. Regelverket er framleis komplisert, og krev difor høg kompetanse for å integrere aspekt frå alle dei nemnde områda. Dette får store konsekvensar for fylkesmannen si sakshandsaming av klagesaker. Klagesakene er omfattande og feltet har få referansar, nettopp fordi det er nytt. I tillegg kjem den dimensjonen at sakene får store økonomiske konsekvensar for dei det gjeld, anten det er kommunane sine budsjett eller det gjeld dei ikkje-kommunale barnehagane, særleg når det gjeld likeverdig behandling.

Klagebehandling er eit prioritert område. Vi har framleis fleire problemstillingar som krev ei avklaring frå sentralt hald. Dette betyr at ein del klager ikkje vert feridgbehandla innanfor fristane. Jf. årsrapportering for 2010.

Ved overgangen til det nye regelverket hadde fylkesmannen høg grad av beredskap for å møte informasjon og rettleiingbehovet ute i kommunane. Vi gjennomførte fleire samlingar og vi har hatt høg aktivitet i rettleiing over telefon og e-post. Vi har og gått ut med tilbod om oppfølgingskurs i regionane.

Når det gjeld tilsynsarbeidet har vi følgd tilsynsplanen som er utarbeidd i avdelinga og alle dei tilsyna vi er pålagt gjennom styringsdokumenta er gjennomført. Når det gjeld utvalet av tilsynsområde og -objekt - er desse utvalde på bakgrunn av den kunnskapen vi har om sektor og område vi meiner det er grunn til å følgje opp. Funna stadfestar at både tema og tilsynsobjekt var relevnte.

Fylkesmannen har følgd opp styringsdokumenta som rettar fokus på kvaliteten i barnehagane. Dei arenaane vi har nytta for å understreke kommunen sitt ansvar for kvalitetsutviklinga er samlingar, i prosjekt, i møte og i den løpande dialogen med kommunane. I kvalitetssatsinga har vi lagt vekt på å integrere både dei pedagogiske emna og prioriteringane, saman med dei vilkåre bemanning og kompetanseheving gir.

### Skoleområde

Fylkesmannen har følgd opp dei ulike områda som ligg i embetsoppdraget.

Tiltaka knytta til Kompetanse for kvalitet, Strategi for vidareutdanning av lærarar og tildeling av midlar til EVU, er utført i høve til oppdraget. Samarbeidsgruppa for kompetanseutvikling, som er breitt samansett frå skuleeigar

og kompetansemiljøside, koordinerer arbeidet med denne satsinga. Avdelinga har involvert seg i Gnist-satsinga.

Når det gjeld tema likestilling og den oppfølginga og merksemda vi skal gi dette feltet, så har avdelinga sett ned eit likestillingsteam med representantar frå både barnehage og skule.

NY-Giv er eit satsingsområde avdelinga har prioritert på den måten at vi sit i styringsgruppa og at vi tek del på dei samlingane og konferansane som arrangerast på skoleeigarnivå. Vi har og hatt dette som tema på ei samling for kommunane der vi la særleg vekt på erfaringsdeling mellom dei som er inne i prosjektet og dei som skal innlemmast i satsinga i året som kjem.

Tilsyn er eit prioritert område. Vi har følgd opp dei krava til tilsyn som er sett frå sentralt hald. Dette har krevd mykje ressursar i avdelinga. Det har ikkje vore rom for eigeniniterte tilsyn. Dette er bekymringsfullt. Vi må legge til at vi har god oversikt over tilstanden på mange viktige område i fylket og det er difor ei løpande prioritering kva tilsynsarbeid som skal følgjast opp. Der vi ikkje har prioritert tilsyn har vi forsøkt å auke regeletterlevelse gjennom rettleiing og faglege samlingar.

### **Opplæring innanfor kriminalomsorga**

Fylkesmannen har følgd opp dei områda som ligg i embetsoppdraget.

Ein stor del av embetsoppdraget er knytt til *St.melding nr.27 (2004-2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. I 2011 har fylkesmannen i Hordaland følgd opp og sett i gang prosjekt og tiltak for å betre opplæringa til dei innsette i heile Noreg. Fylkesmannen har, i 2011, hatt eit særleg fokus på dei innsettes moglegheit til å ta høgare utdanning. Utfordringane rundt IKT og internett for elevane i skolane i kriminalomsorga er eit krevjande arbeid som går vidare i åra som kjem. Fylkesmannen har i 2011 fleire prosjekt innan nettstøtta læring, som er viktig både for studentar på høgare utdanning og i moglegheita som ligg i dagens internett-løysing (IFI-internett for innsette).

Talet utenlandske innsette i norske fengsel er stigande, og har på få år auka frå 17% til over 30% i 2011. Fylkesmannen er av den oppfatning av Noreg er bunden av internasjonale konvensjonar og rekommandasjonar som understrekar at ingen skal nektas retten til opplæring. Arbeidet med å forankre denne retten vil fortsette i åra som kjem.

St.melding 37 (2007-2008) er følgd opp i samarbeid med Kriminalomsorga si sentrale forvaltning (KSF)/Justisdepartementet.

TAFU, tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning er vidareført i 2011. Det er utvikla ei eiga heimeside for TAFU, det er oppretta ei nasjonal fagleg referansegruppe og det er arrangert faglege samlingar.

Fylkesmannen i Hordaland har forvalta tilskotsordninga. I 2011 har vi gått over til elektronisk rapportering for alle skolane innan opplæringa i kriminalomsorgen. Eigen årsrapport for området vert ferdigstilt våren 2012.

## **2.4 Arealdisponering og byggesaker**

Fylkesmannen i Hordaland nyttar alle høve til, i dialogen med den enskilde kommune og regionale styresmakter, høvet til å formidle dei nasjonale føringane i arealdisponeringa. Dette viser att mellom anna gjennom motsegnene i plansaker og i klagen på dispensasjonar som kommunane har gjeve. Vi viser arbeidet med regionale og kommunale planstrategier og kommuneplanar særleg merksemd. Vi har også følgd opp i høve til samordning overfor kommunane og fylkeskommunen, regional stat sin rolle i regionale planprosesser og har delteke i ulike samanhengar for å stimulere den regionale utviklinga. Klima- og miljøvennlig byutvikling har vore særskilt vektlagt. Eit døme på dette er plansakene i Bergen kommune.

Vi har gjennom året, så langt ressursane har tillete, følgd opp og vore pådrivar for eit systematisk og samordna samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid lokalt og regionalt, og gjennom tilsyn og dialog prøvt å sikre temaet gjennom heilskaplege og langsiktige planer for arealbruk i kommunane.

Dei nasjonale forventningane knytt til strandsonen, fjellområda, landskap, jordvern, naturmangfald og klima og miljø og sjløsgat universell utforming, har hatt særleg fokus i arbeidet knytt til saker etter plan- og bygningsloven. det kan her nemnast at det nokre små kommunar har vore ei særskild utfordring at det er vanskeleg å finne areal for utvikling og folkevekst som ikkje ut frå dei naturgitte førestnadene er råka av skredfare eller går ut over strandsonen eller jordbruksareal.

Fylkesmannen i Hordaland har avvikla ti meklingsmøter i 2011. Partane blei samde i åtte av desse, delvis samde i ei sak og motsegn blei trekt i ei sak. Fire motsegn saker blei sendt til Miljøverndepartementet.

Prosjekt ulovlege byggjetiltak avslutta prosjektet i 2011, men vi har søkt om og fått stønad frå Miljøverndepartementet til fortsatt drift av nettstaden. Sentralt i arbeidet har vore informasjon på nettstaden [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg) som har brukarar frå heile Noreg. I tillegg har prosjektet i 2011 hatt innlegg på regionale konferansar i Møre- og Romsdal, Nord-Trøndelag og Troms. Vi vart og invitert til å halde innlegg på leiarmøte i Miljøverndepartementet. Ulovleg bygging og bruk har vore mye omtalt i media i Hordaland, og på slutten av året var det fleire innslag på TV2 om konkrete saker i Austevoll kommune. Som i 2010 gjennomførte vi ei spørjeundersøking blant kommunane i Hordaland om korleis det følgjer opp ulovleg bygging og bruk. Undersøkinga vart omtalt i lokale og regionale aviser. Når prosjektet no er avslutta meiner vi å ha lykket svært godt med å auke fokuset på ulovleg bygging og bruk og ser at mange kommunar no tar tak i desse utfordringane.

Når det gjeld handsaming av klager etter plan- og bygningslova, har bemanningssituasjonen vore utfordrande i 2011. Fleire røynde sakshandsamarar har slutta, og det tek tid å byggje opp ny kompetanse. Vi handsama 566 plan- og byggjesaker i 2011 mot 548 i 2010. Restansen er bygd ned frå 258 saker pr. 31.12.2010 til 150 pr. 31.12.2011. Talet på inkomne saker gjekk noko ned frå 2010 til 2011, men vi har ikkje vassstett statistisk materale frå 2010. Vi har i løpet av 2011 lagt inn 200 timer med overtid for å få redusert restansen. Vi har i tillegg gjort fleire grep for å effektivisere, og er blant dei embeta som bruker minst tid pr. plan- og byggjesak med i underkant av 10 timer pr. sak. Desse samla tiltaka har gjort at vi har fått redusert restansen. På grunn av stor saksmengde vil det likevel vere vanskeleg å halde den nye 12 veksersfristen frå juli 2012.

## 2.5 Landbruksforvaltning, næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

### Naturressursforvaltning og miljøvern

Miljøvernavdelinga endra namn 1 april til miljøvern- og klimaavdelinga etter omfattande medverknad i prosessen omkring omorganiseringa. Areal sakene etter plan- og bygningslova vart flytta til ny kommunal- og samfunnsplanavdelinga. Fleire årsverk som hadde dette som hovudoppgåve vart overført til den nye avdelinga. Ein makta ikkje i 2011 å få på plass klare rutiner i mynde og samhandling mellom dei 2 avdelingane. Det vert arbeidd vidare med dette.

I 2011 vart og første del av ein 2-årig nedbemanningsplan ved embetet gjennomført. To stillingar var trekt inn frå kap 1510, ei stilling som arbeidde med forurensingssaker (miljøgifter) og ei på naturforvaltning (nasjonalparker). Det er eit stort og aukande misforhold mellom tilgjengelege ressursar over kap 1510 og nasjonalt prioriterte oppgaver på natur- og miljøvernområdet. Avdelinga er no alt underbemanna for å klare summen av dei sektoroppdraga som ligg i embetsoppdraget. Omfanget av faste fagoppgaver utført av engasjert personell løna på framandkapitlar er aukande. Det må etablerast ei ordning som sikrar langt betre og fleirårig kontinuitet ved bruk av personell på framandkapitlar. Berre opplæringsdelen av stendig nytt personell på korte kontrakter (maks ett år) er både krevjande og urasjonelt.

Avdelinga har likevel makta å gjennomføre dei fleste av dei mest prioriterte oppgavene.

Innan forurensingstilsyn vart målet for året oppnådd. Dette skuldast omfattande innsats og at talet på gebyrfinansierte stillingar vart auka til 3. Gebyrinntektene passerte 2 mill kr. Prosjektmidler og gebyrinntekter er ein naudsynt føresetnad for mål oppnåing og Klif bør sjå på samansetjinga av gebyrsatsane mellom tilsyn og sakshandsaming.

Arbeidet med å trekkje tilbake løyver til landbasert industri som har fått eigne forskrifter er utført som planlagt.

På dei prioriterte områda Forurensa sediment (Byfjorden, Sørfjorden) og Grunnforurensing, begge retta mot miljøgifter, er måla ikkje nådd. Sedimentprosjekta i fjordbunnar er langvarige prosjekt der framdrifta er avhengig av om naudsynt kunnskap er på plass og/eller vilje til framdrift frå ansvarlege, kommuner/verksemdar). Innan området Grunnforurensing er heller ikkje målet for året nådd sjøl om dei fleste av dei prioriterte sakene er gjennomført. Ei landsdekkande stilling med oppgave å syte for tiltak ved registrerte grunnforurensa lokalitetar i 10 fylke vart avslutta i løpet av året. Eit fleirårig prosjekt i tilknytning til forurensa fjordbunnar vart og avslutta hausten 2011. Personellmangel vil vere ein kritisk faktor i det vidare arbeidet på miljøgiftområdet.

Dei nasjonalt prioriterte oppgaver med Vassforskrifta medfører omfattande arbeid med karakterisering av

vassforekomstar. Arbeidet starta opp hausten 2011 og det er tilsett eigen prosjektleiarar i alle 5 vassområda og innvilga skjønsmidlar til 3 av desse. Avdelinga sitt arbeid er i rute med eigen tisettt prosjektmedarbeidar.

Auka rammer til naturforvaltning og prosjektmidler til Vossolaksen har gjort at aktivitetsnivået har vore høgt også i 2011. Avdelinga følgjer opp hovedprioriteringene. Arbeidet med prioriterte arter og naturtypar er gjennomført etter planen. Dei nemnde bemanningstilhøva har likevel gjort at det er etterslep på fleire forvaltingsplanar heri frivillig skogvern. Fleire av desse har vore mykje meir krevande enn rekna med til dømes sjøfuglplanen med sine 69 delplanar. Ein viktig forvaltingsplan som for lengst er gjort ferdig herifrå ligg på 2dre året sentralt i påvente av ei mindre forskriftsendring. Avdelinga fekk i 2011 ansvaret for å lage eit nasjonalt faggrunnlag for dei utvalde naturtypane kystfuruskog og rik sumpskog. Den sistnemnde er ferdig medan faggrunnlaget for kystfuruskogen er blitt vesentleg endra og meir omfangsrik undervegs. Faggrunnlaget vil bli vesentleg betre, men forsinka ut i 2012. Sterk auke i forvaltningsinnsatsen på naturforvaltningsområdet generelt har gitt fleire enkeltsaker og oppfølging av tiltak i forvaltningsplanar. Det er liten tvil om at avdelinga sine avgrensa personellressursar og vanskar med tilgang på nytt erfarent personell er ein kritisk faktor for gjennomføring av dei mange krav til avdelinga på naturforvaltningsområdet. Det gjer det ikkje lettare med krav frå overordna organ som kjem seint på året.

Opplæringsmøter i naturmangfoldloven er gjennomført mot Hordaland fylkeskommune og vi arbeider med neste opplæringsrunde mot kommunene i 2012. Avdelingen påtok seg ansvar for regional samling. Bemanningssituasjonen var til hinder for meir omfattande opplæring i 2011.

Redingsaksjonen for Vossolaksen starta opp i 2009 med eigen prosjektleiar. Forskningsfangsten sommaren 2011 viste sterk auke. Det var overvekt av kultivert fisk i fangstane. Utsettingspålegg i regulerte vassdrag er også fulgt opp. Arbeidet til avdelinga er i samsvar med målsetjinga.

Arbeidet til avdelinga som ansvarleg ved embetet på klimaområdet er gjennomført etter planen. Alle kommunale klimaplanar er handsama. Avdelinga har avventa sentrale føringar på vidare arbeid på klimaområdet.

Det vart gjennomført ei oppdatering av dei fleste hovedsidene på miljøstatus i Hordaland og nokre prioriterte undersider. Det vart og lagt inn kart på mange av sidene. Vi klarte ikkje å gjennomføre full oppdatering av alle undersidene. Bemanningssituasjonen gjorde dette umogleg. Markedsføringa vart og for liten. Arbeidet med ei full oppdatering og betre markedsføring har starta opp i 2012.

## **Regionalt miljøprogram**

Utfordringa er å ivareta areal som er eit særpreg for fylket, har særskilt verdi for biologisk mangfald eller for å ta vare på kulturminne. Midlane gjennom regionalt miljøprogram er spissa for å sikre skjøtsel av til dømes kystlynghei, gamle slåttemarkar, stølslandskap, fornminne og steingardar. Som ein del av satsinga på ivaretaking av biologisk mangfald er det også etablert ei tilskotsordning for gamle husdyrassar med regional tilknytning. Store nedbørmengder på ugunstige tider av året er ei utfordring for handtering av husdyrgjødsel. Forvaltninga fokuserer på å løyse utfordringane gjennom gjeldande regelverk, eventuelt med SMIL tilskot til ekstraordinære tiltak.

## **SMILordninga**

I 2011 har vi hatt regionale møte med kommunane for å samordne arbeidet med dei kommunale smil strategiane. Alle kommunane har ved slutten av året godkjende strategiar for arbeidet med SMIL for ei ny fireårsperiode. Etterspurnaden etter tilskot er større enn løyvinga til Hordaland. På tross av at fylket har fleire kulturlandskapsverdiar enn andre fylke, har vi ikkje fått auka løyvingar. Konsekvensane er at tilskotsatsane vert lågare enn andre fylke. I Hordaland har vi ei stor aktivitet knytt til restaurering av freda og verneverdige bygg, kor 35% av potten på SMIL vert løyvd til denne type tiltak, men berre 2% av ordninga vert løyvd til biologisk mangfald. Etter at RMP vart revidert og spissa opp mot biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv er målet å auka søknadene på desse ordningane. Det er eit mål om at RMP skal nyttast til årleg skjøtsel og SMIL til restaurering.

## **Vurdering av tilstand og utvikling ift kulturlandskapet**

Arbeidet med kulturlandskap er prioritert opp mot satsinga på biologisk mangfald knytt til auka kunnskapstilfang for kulturmarkstypane kystlynghei, slåttemark og stølslandskap. På grunn av endringar i driftsformar og at drift opphørar, er det ei utfordring for å ta vare på fylket sine særmerkte kulturmarkstypar. Vi har satt i gang eit arbeide kor vi i 2011 og 2012 vil vitje alle stølane som mottok RMP tilskot for tradisjonell støling, slik at vi kan følgje dei opp og stimulere til vidare drift. Det er sett ned ei arbeidsgruppe og metoden som vert nytta er henta frå Skog og Landskap sitt overvåkingsprogram for kulturminne.

Vi har hatt stor aktivitet i fylket knytt til informasjonsarbeid, nytte av økonomiske verkemidler knytt til SMIL, RMP og Handlingsplan for slåttemark og planlagt handlingsplan for kystlynghei. Gjennom prosjekt som Landskap i drift og Landskapspark haustar vi erfaringar om korleis vi kan få til modellar for samarbeid om driftsformer og næringsutvikling, for å sikre og utvikle verdiane i kulturlandskapet. For 15 gang har vi delt ut den regionale kulturlandskapsprisen og fått stor merksemd i lokale og regionale aviser.

### **Kartlegging av kystlynghei i aktiv drift**

Vi har i 2011 slutført arbeidet med kystlyngheikartlegging for heile fylket. Den vil vera eit svært nyttig verktøy både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, og i samband med arealsaker på ulike nivå. Kartlegginga vert nytta til oppfølging av Handlingsplan for kystlynghei som startar opp i 2011/2012. Kommunane vil også nytte resultatane i arbeidet med kommuneplanar. Fitjar kommune har allereie nytta resultatane i framlegg til kommunedelplan med omsynssoner kystlynghei/kystgarder.

### **Slåttemark og lauveng**

Hordaland var i 2009 og 2010 eitt av pilotfylka for Handlingsplan for slåttemark/Utvalde naturtypar i regi av DN. Arbeidet er i 2011 følgt opp med utarbeiding av skjøtselsplanar og –kontraktar I tillegg er Hordaland sitt Utvalde kulturlandskap, Gjuvslandslia eit av fylkets si mest verdifulle slåttemarks lokalitet. Garden Ulvund i Voss kommune med dei særmerkte kulturmarkstypane slåttemark og lauveng fekk i Hordaland si kulturlandskapspris for ivaretaking av verdiane i kulturlandskapet i 2010. Det er oppretta ei regional ressursgruppe for dette arbeidet, der landbruksavdelinga har vore aktivt medverkande.

I 2011 har samarbeidsgruppa arbeidd vidare med Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I samarbeidsgruppa er det med representantar frå kulturminnevernet i Hordaland Fylkeskommune, miljøvern og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen, og frå Naturhistoriske samlingar ved Universitetet i Bergen. Landbruksavdelinga er koordinator og Kulturlandskapsgruppa er referansegruppe. Forvaltningsplan med skjøtselsplan for Gjuvslandslia har vore grunnlaget for årets arbeid med drift, skjøtsel og istandsetting. Det er utarbeidd grunneigaravtale, og tilskot er utbetalt med utgangspunkt i skjøtselsplanen og i samarbeid med grunneigarane. FMLA har også utarbeidd ein analyse av kulturlandskapsverdiane kring kjerneområde fo

### **Informasjonsmidlane kulturlandskap og miljøvennlegdrift**

Midlane har vore nytta til informasjonstiltak om tradisjonelle driftsformer knytt til slåttemark og kystlynghei. Gjennom dette informasjonsarbeidet gjervi gardbrukarane kompetanse om kor og korleis legge opp til driftsformer som tek vare på verdiane.

### **Vassdirektivet**

Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidsgruppa for implementering av Vassforskrifta i Hordaland. I det vidare arbeidet med utvikling av handlingsprogram og tiltaksplanar vil landbruket få meir kunnskap om miljøtilstanden i våre vassdrag. Avrenning frå jordbruket til vassdrag i Hordaland er i dag minimal sidan det meste av jordbruksareala i Hordaland er grasdekt.

## **2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap**

**Fylkesmannen har ei sentral** rolle ved kriser og katastrofar i fred, som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen prioriterar planlegging for å sikra at samfunnet er best mogleg budd på å handtera kriser ogulukker m.a. med arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsplanar, øvingar og opplæring.

### **Risiko- og sårbarheitsanalyse for Hordaland**

Oppfølging av konkrete tiltak i FylkesRos 2009 er i noko grad følgd opp m.a. som fast post på fylkesberedskapsrådet sitt møte. Status med presentasjon i 2011 var m.a. mattilsynet, helse og storulukker. Denne oppfølginga vil uansett gå over fleire år. Neste revisjon av fylkesRos er venta med oppstart i 2013.

Kommunane har framleis ikkje gode nok overordna kommunale ROS- analysar. I tilsyna får kommunane merknad på dette med krav om å tidsmessig prioritera dette.

Endringane i plan- og bygningslova og kommunal beredskapsplikt har vore ei medverkande årsak til større fokus på området.

Kommunane i Hordaland vert og etterspurd på at dei må vedta akseptkriteria til bruk i ROS-samanheng. Fleire av kommunane har alt gjort slike vedtak, men det store fleirtalet vil venteleg få dette på plass i samband med rullering av planverk m.m. Kvaliteten på akseptkriteria er variabel. I tilsynssamanheng har og manglande ROS bruk vore avvik eller merknadsårsak.

Fylkesmannen har ellers ved samlingar for kommunane med hatt med tema ROS-analyse i 2011.

### **Øvingar i 2011**

Øving Hordaland for kommunane er gjennomført med scenarie uvær og bortfall av straum og tele. I tillegg også ei øving med same scenarie der 2 kommunar + fylkesberedskapsrådet deltok. Vidare er det gjennomført varslingsøvingar for alle kommunane.

Det er i samband med atomhendingane i Japan også vore varslingsøvingar m.m. for deler av atomberedskapsutvalet.

Det er vidare og gjennomført samling/øving med Bergen kommune og Haakonssvern som omhandla med reaktor fartøy i innseglingsleia til Haakonssvern.

Det har og vore samling/øving mot helse Vest med tema CBRN beredskap.

Ved øvingar/varsling er det gjennomgåande i hovudsak nytta krisestøtteverktøyet DSB/CIM.

Det er gjennomført samling/øving for embetet si kriseleiing når det gjeld SBS kriseplanverket i samband med CMX-11.

### **DSB/CIM krisestøtteverktøy**

13 kommunar har delteke i brukeropplering. Sjølv om at det er forventningar frå DSB til at dette verktøyet skal vera operativt for alle, slit vi med at dette er "frivillig" for kommunane. CIM modulen kommunane er "tildelt" er og noko mangelfull og dermed ikkje så lett å "selja".

### **Status i kommunane**

Fylkesmannen har i 2011 ført beredskapstilsyn med 8 kommunar pluss Hordaland fylkeskommune. Kommunane si evne til krisehandtering og beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga, ROS og politisk forankring var prioriterte tema.

### **Samfunnstryggleik i arealplanlegginga**

Som høyringsinstans i arealplansaker legg Fylkesmannen vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det vart i løpet av 2011 naudsynt å retta fleire motsegner mot kommunale arealplanar/del/kommuneplanar, i hovudsak grunna manglande ROS-analyse. Det er og i fleire saker vore kontakt/avklaringar med forsvaret, politiet i saker med objektsikkerheit. Kommunane har i aukande grad synleggjort risiko og sårbarheit i arealplansaker i saksframlegga. Likevel er det eit godt stykke att til at alle kommunane har dette som faste og gode nok rutinar.

### **Beredskapsvarsel/Krisehandtering**

I 2011 er det loggført over 200 varsel og meldingar om ulike krisehendingar eller krisesituasjonar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, Meteorologisk institutt, Statens strålevern; Helsedirektoratet og andre. Atomhendinga i Japan og ikkje minst "22.7.", uverhendingar m.m. har avdekka svakheiter ved vår krisehandteringsevne/kapsitet som vi må sjå nærare på. Revisjon av embetet sin kriseplan og interne øvingar for nøkkelpersonell har og av kapasitetsmessige grunnar ikkje fått den prioritet som ein kunne ønska.

## **2.7 Vergemål**

Fylkesmannen etablerte i 2011 eit internt prosjekt som skal førebu og gjennomføra overføringa av verjemålsoppgåvene frå kommunane til fylkesmannen. I desember fekk vi tildelt oppgåver og økonomiske rammer frå Justisdepartementet for å starta arbeide i fylket vårt.

I 2012 vil førebuinga av overføringa av verjemålsmyndigheita frå kommunane til Fylkesmannen gå for fullt. Samarbeidet mellom Fylkesmannen og overformynderia er viktig for å få til ein vellykka prosess. Fylkesmannen har sendt ut informasjon til kommunane om reforma, og vi er i gong med å kartleggje eventuell verksemdoverdraging av overformynderia i kommunane og personalmessige konsekvensar. Fylkesmannen har invitert leiinga i kommunane, sakshandsamarar og overformynderane til konferanse i april 2012.

Vi har hatt ein intern organisasjonsprosess og det er bestemt at verjemålsforvaltninga blir lagt til ein eigen seksjon, verjemålsseksjonen, i administrasjons- og verjemålsavdelinga i embetet. I desember vart stillinga som leiar av seksjonen lyst ut og leiaren vil byrje i stillinga i april. Vi er i dialog med huseigar om å leige kontorlokale til verjemålsseksjonen i Statens hus. Vi må gjere fleire bygningsmessige endringar i Statens Hus for å tilpasse lokala til verjemålsoppgåvene.

Fylkesmannen har oppretta eit eige meny punkt på Fylkesmannen si heimeside. Her legg vi ut informasjon fortløpande.



## **Kapittel 3 - Resultatområder**

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

2011 var eit, for Hordaland, roleg år kva gjaldt besøk frå kongehuset med berre seks dagar totalt.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

I 2011 kom det inn 33 søknadar om Kongens fortjenstmedalje.

Det kom i tillegg inn 3 søknadar om St. Olavs orden.

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv**

##### **Naturmangfoldlova**

Vi har planlagt og gjennomført regional samling om naturmangfoldlova for fylkesmannsembeta og bidratt i opplæring i Hordaland fylkeskommune.

Opplæringsprogrammet mot kommunene vil bli gjennomført i 2012.

##### **01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder**

Innsatsen på naturforvaltingsområdet auka ytterlegare i 2011, i tråd med nasjonale føringar og ekstra løyvingar. Innsatsen skjer på mange ulike hald, og med til dels korte fristar som stundom er godt utover grensene for det realistiske. Såleis opplever vi ofte kapasitetsbrist som eit alvorleg problem for å kunne følgje opp oppgåvene på eit nivå vi gjerne skulle sett vi kunne halde.

##### **Forvaltningsplanar**

Det er priotert å utarbeide forvaltningsplanar for etablerte verneområde i Noreg for tida. Den sentrale oppgåva på denne sektoren i Hordaland i 2011 har vore å lage forvaltningsplan for alle våre 69 sjøfuglreservat. Det er ei stor og krevjande oppgåve der vi reknar med å ha eit utkast til plandokument klart utpå ettervinteren 2012, og som vil krevje mykje oppfølging også i 2012. I samband med dette arbeidet har vi oppdatert kunnskapsgrunnlaget når det gjeld bestandssituasjonen i alle desse verneområda, noko som sist vart gjort i 2005. Tilstanden for mange av sjøfuglartane er framleis kritisk låg på Vestlandskysten, men innsatsen i 2011 syner også at det er nokre lyspunkt å spore.

Dei nye forvaltningsplanane som er utarbeidd dei seinare åra genererer også ein sterkare innsats i desse områda. I 2011 har dette særleg kome til uttrykk ved omfattande skjøtselstiltak i Herdla naturreservat i Askøy. Dette er tiltak som er framheva i utkastet til forvaltningsplan. Vi ventar framleis på signal frå MD om ny verneforskrift før planen kan sendast til høyring, og som har vore planlagt i fleire år. Konkret dreier det seg om tilbakeføring av eit oppdyrka areal til opphavleg våtmark i delar av reservatet, eit arbeid som skjer i nært samarbeid og forståing med grunneigar. Herdla vart mellombels verna som ei hastesak i 1980, som ei følgje av at større areal her vart drenerte og fulldyrka. No får vi tilbakeført noko av dette arealet til ein meir opphavleg tilstand, med god gevinst for det

biologiske mangfaldet. Herdla er i ferd med å bli eit bra døme på miljøtilpassa landbruk, like mykje som miljøvernet er landbrukstilpassa, heilt i tråd med intensjonane i forvaltingsplanen.

Ei anna aktualisert oppgåve dei siste åra har vært aktiv forvaltning av bestandane våre av barlind. Dette treslaget står no på den norske raudlista over truga artar, på grunn av nedbeiting av den stadig aukande hjortestamma. Noreg er ei internasjonal ”stormakt” når det gjeld barlind, og dei aller største og viktigaste førekomstane finn vi i Hordaland. Dei siste to vintrane har vore uvanleg snørike og langvarige, noko som har gitt årsak til eit uvanleg omfang av beiteskade av hjort, ved at mange gamle tre er blitt regulært ringbarka. Dette har resultert i ekstraordinær innsats for å sikre barlind tilfredsstillande livsvilkår, i 2011 særleg ved tiltak i Gjuvslandslia landskapsvernområde på Varaldsøy og i Barlindflaten naturreservat i Kvam.

#### Kartlegging og overvåking av biologisk mangfold

Det er gjennomført supplerende kartlegging av naturtyper i Fusa og Bømlo kommuner, og det er funnet flere nye, verdifulle lokaliteter. I Fusa er det lagt særlig vekt på skogsmiljøer, mens det i Bømlo er det lagt særlig vekt på kulturlandskap i de kalkrike områdene ved Mosterhamn og omegn. Det er også utført en kartlegging av sopp 10 nye slåttemarker. Rapportering skje på ettervinteren.

#### Utvalgte (og potensielt utvalgte)naturtyper

Det er jobbet videre med slåttemark. Det er gjennomført kvalitetssikring av naturverdier og inngått avtale for 10 nye lokaliteter, og bare en håndfull (ca. 5) aktuelle lokaliteter gjenstår i 2012. Da er de inngått skjøtselsavtaler for alle slåttemarke med A- og B-verdi i Hordaland. Når det gjelder kystlynghei er det jobbet videre med te to referanseområdene i Hordaland: Lygra og Fitjarøyene, og det jobbes med å plukke ut noen nye lokaliteter der vi bør prøve å få til driftsavtaler. Vi ønsker å prioritere områder med høyt artsmangfold, men det er klart at mulighetene for fremtidig drift til slutt er det avgjørende. Det er starta opp kartlegging av hule eiker i

#### Prioriterte (og potensielt prioriterte) arter:

Utkast til faggrunnlag for stor- og liten ramsløkflue ble levert DN tidleg i desember. Det er utført en del supplerende arbeid på elvemusling (noe supplerende kartlegging og analyse av vannkjemi), slik at vi nå har svært god oversikt over bestanden i fylket. Rapport fra arbeidet er ferigstilt. I tillegg har vi jobbet noe med kartlegging av hubro, og det er innledet samarbeid med BKK om tiltak i noen aktuelle områder.

#### Fremmede arter:

Arbeidet med utfasing og fjerning av vestamerikansk hemlokk videreføres i nært samarbeid med Vestskog. Arbeidet med fjerning av boersvineblom i Bømlo er også i rute. Det er gjennomført omfattende lusing og sprøyting, og hele kommunen overvåkes i tilfelle arten skulle dukke opp i nye områder. Vi har også innledet et samarbeid med Statens vegvesen og Voss kommune om bekjempelse av kjempespringfrø langs Vossovassdraget, og konkrete tiltak starter sommeren 2012.

#### Salamanderpark

I september 2011 vart Noregs første *salamanderpark* opna i Sveio. Det er ein prosess som først og fremst Sveio kommune har drive fram, men fylkesmannen har vore sterkt medverkande som finansieringspart, fagleg rådgjevar og ikkje minst pådrivar. Salamanderparken er mellom anna viktig ved at den er eit godt døme på korleis haldninga til biologisk mangfald og lite påverka naturområde har endra seg over særskilt kort tid i samfunnet, og kan utviklast vidare ved m a pedagogiske verkemiddel.

#### Faggrunnlag

Miljøvernavdelinga har i 2011 vore sterkare involvert i utarbeiding av faggrunnlag til prioriterte artar og utvalde naturtypar enn tidlegare. Vi har følgd opp våre nasjonale pliktar i samband med handlingsplan for dvergålegras, som før. I tillegg har vi hatt oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning om å utarbeide faggrunnlag til nasjonale handlingsplanar for naturtypene kystfurusskog og rik sumpskog, samt artane lita og stor ramsløkfluge. Dette er krevjande oppgåver og ofte nybrottsarbeid, men samstundes særskilt stimulerande ettersom fylkesmannen innehar fagkompetanse som på denne måten vert teke i bruk også langt utanfor fylkesgrensene.

Hovudfokus innan naturforvaltninga er å forvalte det naturlege biologiske mangfaldet og tilnærma urørt natur. I tillegg er det for tida sterkt engasjement innan forvaltning av artsrike kulturlandskap, spesielt slåttemark, slåttemyr og kystlynghei – dels også ulike typar haustingsskog. Slike kulturlandskap føreset omfattande skjøtsel og er såleis tid- og ressurskrevjande å forvalte, eit arbeid som oftast skjer i nært samråd og samarbeid med landbruksavdelinga.

Naturmangfaldlova er no aktivt teken i bruk av kommunane og andre instansar, og fylkesmannen har ei viktig oppgåve ved å gje kommunane råd om rett bruk av lova og oppfølging av mange av intensjonane i lova. Det har ikkje vore nye kurs for kommunane i 2011, men det har vore eit oppfølgingsseminar for fylkesmennene på Vestlandet for at vi skal bu oss på ein ny runde med kurs for kommunane i 2012. Naturmangfaldlova er enno relativt ny og er både omfattande og krevjande, så fylkesmannen har ei viktig rolle som ”kompetanseorgan” for korleis lova kan og skal brukast.

### **Hardangervidda nasjonalpark**

Hardangervidda nasjonalpark har store areal i 3 fylke, og Fylkesmannen i Hordaland har eit koordineringsansvar for desse tre fylkesmennene. Forvaltningsplanen er no sendt ut og teken i bruk, men denne viktige nasjonalparken har enno ikkje fått utarbeidd bevaringsmål, slik kravet er til norske verneområde i dag. Vi tok fatt på eit slikt arbeid i 2011, og reknar med å kome langt med denne prosessen i løpet av 2012. Bevaringsmål krev omfattande økologisk kunnskap og ikkje minst aktiv oppfølging og overvaking i ettertid, og vi har arbeidd aktivt for å sikre oppdatert kunnskap om bestandssituasjon og status for sårbare faunaelement på sentrale delar av Hardangervidda i 2011. Vi har også fått røynsler med at tidlegare tiltak mot den framande arten ørekyte ikkje fungerer som dei skal lenger, slik at vi har førebudd ny aksjon mot denne arten i Stigstuv-området, venteleg i 2012.

### **Folgefonna nasjonalpark**

Endelegge sosi-filer for vernegrense Folgefonna for nasjonalpark og 4 landskapsvernområda vil bli oversendt DN i løpet av kort tid.

Folgefonna nasjonalparksstyre ble konstituert i februar. Nasjonalparkforvaltar vart tilsett i september, og har i hovudsak hatt kontor plass i Statens hus i Bergen, her ho har fått fagleg bistand og opplæring. Kontorplassen i Rosendal ble etablert på slutten av året, og arbeidsplassen er stegvis overflytta dit. Gjennomføring av kompetanseprogram vart utsett til januar 2012.

### **Andre verneområde**

I samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er det konstituert område styre for Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernområde. Arbeidet med tilsetting av områdeforvaltar i hovudsak utført Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen har førebudd oppstartsmelding av verneplanarbeid for OVF eigedom i Lofthus og endring av vernegrense for Hystad naturreservat. Arbeidet blir vidareført i 2012.

### **Vassdragsforvaltning**

Fylkesmannen nyttar omfattande ressursar til fråsegn og innspel til søknader om vassdragsutbygging.

Vi sakshandsama 8 meldingar eller konsesjonspliktvrderingar og 20 konsesjonssøknadar mellom anna 10 saker i Sørfjorden i Hardanger, som vert handsama samla. 2 av desse var i verna vassdrag. Vi fremja motsegn mot 8 av 20 konsesjonssøknader og rådde til at det vart gjeve konsesjon i 6 av konsesjonssøknadene.

Vi har hatt felles synfaringar med NVE, mellom anna for å vurdere bruk av § 10 i naturmangfoldlova på saksfeltet vassdragsutbygging i fjordlandskap. Vi hadde og innlegg om dette temaet på vassdragskonferansen i Trondheim i november.

### **Fiskeforvaltning**

I 2011 har fiskeforvaltninga på oppdrag frå DN kartlagt fisketrappar og kommersielle setjefiskanlegg i fylket. For setjefiskanlegga har vi hatt hatt særskilt fokus på om anlegga har sperrer for oppgang av anadrom fiske, og kvar dei har vassinntaket.

1. mai 2011 trådte den nye forskrifta for fisketider anadrom fisk i sjø og vassdrag i kraft. Dette var den første forskrifta for fiske i vassdrag etter at DN tok over som mynde til å regulere fisketider. I arbeidet med regulering av fisketidene har Fylkesmannen har ein rolle i den regionale prosessen. Vi starta hausten 2011 prosessen med regulering av fisketider for sjø og vassdrag 2012, dette er ein landsomfattande regulering, og skal til MD i slutten av februar 2012.

Vi har vore involvert i Pilotprosjektet strakstiltak i Hardangerfjorden, eit samarbeid mellom forvaltning, forskning og akvakulturnæringa for å sikre ville bestandar av laksefisk i Hardangerfjorden.

Utsettingspålegga er fulgt opp, med endring i nokre pålegg. Sida med fiskreglar er oppdatert, ei av våre mest leste sider.

## 01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

### Kalking

Det er i hovudsak sur nedbør som har gjort vatnet i Hordaland for surt for fisk og andre organismar i vatnet. Kalking har vist seg som det mest effektive viset å motverke forsuringa i vatn på dersom det ikkje er mogeleg å redusere årsaka til problemet, nemlig utsleppa av forsurende stoff. Fordi kalking er dyrt og fordi kalking ikkje heilt maktar å gjenskape det naturlege miljøet i vatn, er i det i Hordaland lagt stor vekt på å kalke berre i dei vatna og elvene der det er vist at livet verkeleg er trua av forsuringa. Kalkinga og oppfølginga av kalkinga blir gjennomført i samarbeid med profesjonelle entreprenørar og laga og kommunane som mottok statlege tilskott.

Internasjonale avtaler har gjort at den sure nedbøren etter kvart har minka, men det tar tid for naturen å hente seg inn igjen. Trongen for å kalke i vatn og elver i Hordaland vil derfor ikkje vere over med det første.

I 2011 blei det kalka i rundt 20 vatn og i 3 elvar med anadrom fisk i Hordaland. Fylkesmannen forvalta om lag 6 millionar kroner til dette arbeidet. Pengane er nytta til sjølve kalkinga og til biologisk kontroll av tiltaka.

### Vossolaksen

Redningsaksjonen for Vossolaksen, som er eit samarbeid mellom næringsaktørar, forvaltning, forskning og lokale interesser, har vore gjennom ei viktig opptrapping dei siste åra basert på forskings- og utviklingsarbeidet som har vore gjort. Årets innsig av fleire tusen Vossolaks er svært gledeleg, etter to tiår med kritisk låg bestandssituasjon. Innsiget stammer i hovudsak frå kultivert smolt som er slept ut fjordane. Dette tiltaket er finansiert av ei rekkje næringsaktørar, spesielt fiskeoppdrettsnæringa og regulanten, BKK. Med dette resultatet har ein nådd det første viktige målet på vegen for å få reetablert Vossolaksen i sin naturlege form. Neste trinn er å sikre at Vossolaksen kan gjennomføre livssyklusen utan hjelp. Årets store gytebestand, og det gode prosjektsamarbeidet, er eit godt utgangspunkt for å nå det endelege målet om å redde Vossolaksen. Redningsaksjonen har fått tildelt Fiskeridirektoratet sin miljøpris for 2011.

## 01.3 Fremmede arter og GMOer

Slikt samarbeid er ofte påkravd også innan det omfattande arbeidet med å fjerne uønskte framande artar frå naturen, både innanfor og utanfor etablerte naturvernområde. I Hordaland har vi i 2011 hatt sterkast fokus på å bekjempe spreiding av boersvineblom i Bømlo, samt vestamerikansk hemlokk over store delar av fylket. Hordaland er det fylket i Noreg som har mest innplanta hemlokk, og dette er i dag ei massiv og kostbar utfordring å handtere. I tillegg vart vasspest oppdaga fleire stader i Sunnhordland i 2011, og vi har brukt ein del tid og pengar på strakstiltak mot denne sterkt uønskte arten i Vestlandsnaturen. Ei vidare satsing mot kjempespringfrø er planlagt i 2012, og denne strategien er førebudd gjennom 2011.

## 01.4 Friluftsliv

Fylkesmannen har bistått fylkeskommunen i arbeidet med nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftsområde ved å delta i ei referansegruppe.

Fylkesmannen har løyvd omlag kr 950 000k i skjønsmidlar til kartlegging og registrering av lokale friluftsområde, til kommunar og friluftsråd. Arbeidet vil bli fylgt opp vidare i samarbeid med fylkeskommunen, spesielt når det gjeld fagleg samordning og metodeutvikling.

Fylkesmannen deltok på møte og synfaring i august i samband med sal av eigedomane til Statsskog SF. Fleire viktige område med store regionale verdiar både som friluftsområde og verneområde står i fare for å gå tapt for ålmenta dersom ein ikkje finn løysningar som sikrar offentleg overdraging. Spesielt viktige områder er Raudia/Stokkedalen i Os kommune (ca 10 000 dekar), Ervikane friluftsområde i Os kommune, (ca 1000 dekar) og Ånuglo med naboøyar i Tysnes kommune.

Ansaret og initiativ til å finne løysningar ligg primært til kommunane, fylkeskommunen, friluftsråda og frivillige organisasjonar som NJFF. Likevel bør staten ved Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen ta eit medansvar gjennom sine verkemiddel, slik at ikkje dei viktigaste områda går tapt og vert omdisponert til private føremål.

## Resultatområde 03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall

### 03.1 Overgjødning og nedslamming

Innan arbeidsområdet akvakultur er største oppgåva knytt til handsaming av søknader etter akvakulturlova oversendt frå fylkeskommunen. Mange av desse søknadene har mangelfull dokumentasjon i høve til miljøomsynet dei skal ta. I løpet av året vart det sett i gang ei meir systematisk gjennomgang av søknadspapira og søkjarane fekk tilbakemelding på kva som ikkje var i samsvar med standardar, forskrifter og retningslinjer. T.d. kan det nemnast at berre 2 av 21 tilsendte rapporter om strømmåling var heilt i samsvar med rettleiinga for søknad etter akvakulturlova.

Tilsyn på matfiskanlegg var ei prioritert oppgåve i 2011, sjå omtale i eige punkt om tilsyn.

Fylkesmannen hadde i november i samarbeid med Klima- og forurensningsdirektoratet, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet eit nytt «Espegrendseminar», kurs i MOM systemet for sakshandsamarar hjå Fylkesmenn og Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Kurset samla vel 40 deltakarar frå Agder til Finnmark.

Saker til handsaming i 2011

- 50 Innkomne søknader etter akvakulturlova til uttale
- 25 Tildelte utsleppskløyver etter forureiningslova
- 8 Høyringssaker knytt til akvakultur
- 4 Klagesaker på fylkesmannen sitt løyve til utslepp
- 2 Høyringssaker til politiet etter meldt brot på forureiningslova
- 1 Avslag på søknad om utvida MTB
- 21 Tilsyn matfiskanlegg
- 2 Tilsyn notvaskerier

### 03.2 Oljeforurensning

Vi har delteke på øving i IUA Bergen og på årskonferansen til IUA NordRogaland/Sunnhordland. Vi har også vore miljøfaglig rådgjevar for Kystverket i nokre mindre akuttsaker

### 03.3 Miljøgifter

Alle lokalitetene i grunnforurensningsdatabasen vert gjennomgått og oppdatert. Det vert arbeid vidare med aktuelle lokaliteter med påvirkningsgrad 3. Grunnforurensningsprosjektet finansiert av Klima- og forurensningsdirektoratet vert slutført i 2011 etter 2 år.

Oppryddingen i den ulovlige deponering av avfallsflis på Sotra heldt fram og er venta avslutta til sommaren 2012.

### 03.4 Avfall og gjenvinning

#### Bygg- og anleggsavfall

Vi arrangerte nytt seminar om god handtering av bygg- og anleggsavfall for entreprenører og kommunene i oktober i Terminus Hall med godt frammøte.

#### Deponi

Det er ingen deponi i Hordaland med dispensasjon.

#### Farleg avfall

3 større mottaksanlegg har søkt eller skal søke om handsamingsløyve hos Klima- og forurensningsdirektoratet. Våre løyve for mottak vert trukket når søknadene er handsama.

Vi har gjeve to ny løyve til mottak av oljeboringsavfall og einny søknad kjem. Dette er ringverknader etter problema med ulovleg lagring hos DVS Norge.

## Resultatområde 04 Luftforurensninger og klima

### 04.1 Klimaendringer

#### Klima- og energiplanar

Alle kommunane i Hordaland har utarbeidd klima- og energiplan. Dei fleste planane er vedtekne, mens nokon er fortsatt i høyringsfasen. Fylkesmannen har gitt uttale til 15 kommunale klima- og energiplanar i 2011.

### 04.3 Luftforurensning

Siden 1997 har Fylkesmannen vore ansvarleg for Forum for lokal luftforurensning og støy. Her vert det haldne jamnlege møter for å utveksle informasjon mellom anleggseigarar, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

### 04.4 Støy

Vi kommenterer støy i aktuelle plansaker og tar opp konkrete henvendinger og støyklager. Vi har delteke på felles støykurs med helsevernetaten i Bergen kommune.

## Resultatområde 05 Internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområdene

### 05.3 Miljø samarbeid i nord- og polarområdene

Det har vore liten aktivitet i eit norsk-russisk miljøvernprosjekt i Arkhangelsk som vi deltek i med ein medarbeidar samen med Klima- og forurensningsdirektoratet

## Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Embetet vart omorganisert i fra 01.04.11 og det vart oppretta ei kommunal- og samfunnsplanavdeling (KSA). Avdelinga skal setje fokus på planlegging i eit bredt perspektiv og prioritere dialogen med kommunane.

Ei viktig oppgåve for fylkesmannen i 2011 har vore å formidle nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette har vi gjort gjennom innlegg på ulike konferansar, mellom anna den årlege kommuneplankonferansen, gjennom kommunedialog i kommuneplanprosessane, i planforum og på andre arenaer.

Innsatsen på plansida har vore stor i Hordaland også i 2011, mange plansaker. Her er framleis mange dispensasjonssaker, men vi ser no ei trend der tal dispensasjonssaker går nedover.

I 2011 fikk vi inn rundt 1563 vedtak om dispensasjon til høyring. Dette er ein svak auke frå 2010. Vi ser likevel at tal dispensasjonar Fylkesmannen klagar på, går ned. Tal klagee vart redusert frå 229 i 2010 til 174 i 2011.

Strandsona er framleis hovudgrunnen for motsegnene våre, sjølv om RPR for areal og transport samt barn og unge også er sentrale tema. I tillegg ser vi ein auke i motsegner til ROS/beredskap og landskap.

Fleire av medarbeidarane på plansida har slutta i 2011. Det har gitt utfordringar i høve til kompetanse, kapasitet og oppfølging. Av kapasitetsgrunnar har vi ikkje gitt uttale til dispensasjonssaker i 2011.

Vi har deltatt i kystsonenettverket, på regionale og nasjonale samlingar. Vi har og fulgt planprosessane i Sunnhordlandsprosjektet tett gjennom heile året.

Det planlagte dispensasjonsprosjekt ble ferdigstilt i 2011. Vi hadde fokus på å få arealforvaltninga meir planstyrt, og gav mellom anna kommunane opplæring på administrativt nivå, gav informasjon til politikare om den nye innskjerpa dispensasjonsheimelen i plb og hadde tett kommunedialog. Elles har vi gitt kommunane opplæring i naturmangfaldlova, laga ei sjekklister som dei kan følge i kvar sak, og utgreidd moglegheita for å nytte ei anna rolle hos Fylkesmannen til å oppheve vedtak som alternativ til å klage på vedtak. Dette kan spare tid for dei private partane og ressursar for staten.

Prosjektet ulovlege byggjetiltak vart i 2011 vidareført og avslutta ved årsskiftet 2012. Det har gjennom året vore drifta ei eiga nettside ([www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg)) der oppslag har vore lagt ut kontinuerlig. I heile prosjektperioden har det vore fokus på å ha tett kontakt med media.

## 06.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

### Formidling av nasjonal politikk

Vi har hatt stort fokus på areal/transport og parkering i bergensområdet i 2011, mellom anna gjennom mekling på arealdelen av kommuneplanen for Bergen i september 2011. Det er også gitt motsegn til fleire reguleringsplaner knytt til parkeringsdekning og samanheng med lokal luftforurensing, mellom anna i Bergen.

Strandsona er framleis hovudfokus i regulerings sakene i Hordaland og i 2010 har ein del av sakene frå 2009 vorte sluttført. Desse prosessane er krevjande og fleire saker er sendt til endeleg handsaming i MD.

Handtering av strandsona på kommuneplannivå og arbeid med avgrensing av funksjonell strandsona har vore tema for samarbeidsprosjekt med kommunane i Sunnhordland. Arbeidet vert vidareført i interkommunal plan og pilotprosjekt

FDP små kraftverk i Hordaland vart i 2010 sendt til MD for endeleg handsaming i forhold til at INON og rødlisteartar vert tatt ut av retningslinene til planen i den politiske handsaminga. Saka er framleis ikkje avgjort.

Fram til 1. april 2011 hadde miljøvern avdelinga leiaransvaret for plangruppa der tverrfaglege plantema var ein viktig del. Frå 1. april 2011 vart organiseringa endra med oppretting av eigen kommunal- og samfunnsplanavdeling. På den nye plan- og beredskapsseksjonen vart ressursar frå miljøvern og landbruksavdelinga samt beredskapseininga samla. Tverrfagleg tilnærming til planarbeidet høgt fokus også i den nye avdelinga.

### 06RA1. 2 planeksempel som viser gode miljøløysingar v/bruk av ny plan- og bygingslov:

**Kommuneplan for Lindås.** I samband med utarbeidinga av ny kommuneplan har Lindås kommune gjort ei god kartlegging av strandsoneverdiane og dokumentert kva vurderingar som ligg bak fastsetjing av byggjegransene mot sjø. Rapporten kan lastast ned her: <http://www.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=53998&amid=3534824>

**Landskapstilpassing av fritidsbustader.** To framlegg til reguleringsplanar frå Kvinnherad kommune inneheld gode døme på landskapstilpassing av fritidsbustader. Begge planane omhandlar utbygging i strandsona. Reguleringsplanane for hyttefeltet Sandvika og Segltangen er døme på planar der landskap ein viktig del av planomtalen og der landskapsomsyn er innarbeida i plankart og føresegner. Les meir her: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=62664&amid=3529258>

**Prosjekt ulovlege byggjetiltak** avslutta prosjektet i 2011, men vi har søkt om stønad frå Miljøverndepartementet til fortsatt drift av nettstaden og/eller eit nytt nasjonalt prosjekt om ulovleg bygging og bruk. Sentralt i arbeidet har vore informasjon på nettstaden [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg) som har brukarar frå heile Noreg. I tillegg har prosjektet i 2011 hatt innlegg på regionale konferansar i Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Troms. Vi vart og inviterte til å halde innlegg på leiarmøte i Miljøverndepartementet. Ulovleg bygging og bruk har vore mye omtalt i media i Hordaland, og på slutten av året var det fleire innslag på TV2 om konkrete saker i Austevoll kommune. Som i 2010 gjennomførte vi ei spørjeundersøking blant kommunane i Hordaland om korleis dei følger opp ulovleg bygging og bruk. Undersøkinga vart omtalt i lokale og regionale aviser. Når prosjektet no er avslutta, meiner vi å ha lykttest med å auke fokuset på ulovleg bygging og bruk og ser at mange kommunar no tar tak i desse utfordringane.

## 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

**06SO2** Fylkesmannen har også i 2011 deleke aktivt saman med fylkeskommunen om vidare opplæring/formidling av plan- og bygningslova (pbl) 2008, spesielt gjennom planforum, den årlege kommuneplankonferansen og gjennom undervisning på UiB i forbindelse med nyoppretta, kompetansegejevande kurs i planrett. Vi har bidratt til å få dette tilbudet på plass med mål om auka kompetanse i planlegginga i fylket.

#### **06RA4**

FMHO har i 2011 hatt 140 reguleringsplanar til offentlig ettersyn og 182 til oppstart. Vi har hatt 30 kommune- eller kommunedelplanar til handsaming.

**06RA5:** Det er fremja motsegn til 50 planar. 9 av dei var motsegn til kommune- eller kommunedelplaner, og 41 motsegn til reguleringsplan.

Nokre motsegner går på fleire tema. Strandsona er hovudgrunn og går att i 23 motsegner. ATP i 11, barn og unge i 10, landbruk i 8, fjellområda i 1, beredskap i 13 og landskap i 12 av motsegnene.

**06RA6:** Tal på saker til uttale var 1572 i 2011, dvs. 20 færre saker enn i 2010. Vi klega på 174 vedtak i 2011, mot 228 i 2010.

På grunn av omorganiseringa har vi ikkje sikre tal for saker som er sendt til FAD i 2011. Desse tala vil vi få på plass i statistikken for 2012.

**06RA7:** Fylkesmannen i Hordaland har avvikla ti meklingsmøter i 2011. Partane blei samde i åtte av desse, delvis samde i ei sak og motsegna blei trekt i ei sak.

**06RA8:** Fire motsegn saker vart sendt til Miljøverndepartementet.

**06RA9:** Planarbeidet vart omorganisert i 2011 gjennom at det vart oppretta ei ny avdeling, kommunal og samfunnsplanavdelinga (KSA). KSA har hatt ansvar for plansamordning og planmedvirking frå alle avdelingane (helse, landbruk, miljø og utdanning). Det er oppretta ei plangruppe der alle desse fagsektorane er representerte.

KSA har gjennom heile 2011 hatt vakanser på planfeltet. Ressurssituasjonen har vore krevjande. Pr. 31.12.11 hadde avdelinga 12 stillinger på plan og beredskap.

### **06.3 Samordning av statlige interesser**

Fylkesmannen har gjennomført årleg samling med statsetatane og kommunane (Solstrandsamlingen) der mellom anna samordning på planområdet og ny organisering ved embetet var eit tema. Samordningsoppdraget er elles ivareteke ved sektorvise møter og ved deltaking i regionalt planforum. Embetsleiinga var også representert i arbeidet med regional planstrategi.

### **06.4 Kart og geodata**

Fylkesmannen i Hordaland har ein aktiv rolle i organiseringa av Norge Digitalt i fylket. Fylkesmannen leiar Fylkesgeodatautvalet og er deltakar i utvalet for basis geodata.

Fylkesmannen i Hordaland har også i 2011 vore representert i eit arbeidsutval i regi av FAD/Fagutvalet for kart som arbeider for felles løysingar for fylkene, som til dømes ein felles databaseløysing for alle fylkesmennene.

Digitale planregister er under arbeid i fleire regionar og dette vert teke opp særskilt i møter med kommunane. Utover dette arbeidet har vi ikkje kapasitet til å arbeide med kompetanseutvikling på kart og geodata i kommunen. Det må kommunane sørge for sjølv.

Det er etablert eit samarbeid mellom Statens kartverk, fylkeskommunen og fylkesmannen for å bedre kvaliteten på karta til kommunane.



## Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

### 07.1 Sektorovergripende arbeid

#### Tilsyn fører til miljøtiltak

Vi har avdekket fleire brot på miljøkrava ved tilsyn av 64 verksemder og systemrevisjon av 5 verksemder. Ingen verksemder vart varslet tvangsmulkt eller melde til politiet.

Tema i dei fleste tilsyna er kjelder for spreiding av prioriterte kjemikalie, miljøgifter, handtering av farleg avfall, forureining og internkontroll.

Dei fleste tilsyna inngår i aksjonar, enten landsdekkjande eller regionale. Aksjonane vert gjennomførte i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet

Tilsyna er risikobaserte. Vi kontrollerer der det er mest truleg at det er brot på regelverket, og der dette har størst verknad på miljøet. I tillegg kontrollerer vi verksemder der det er avdekt eller mistanke om alvorlege avvik. Vi skal reagere raskt og strengt på alvorlege brot.

Følgjande aksjonar er gjennomført:

#### Asfaltverk

Fem asfaltverk vart kontrollert. Målet var å kontrollere om asfaltverka driv etter krava i ny forskrift som tok til å gjelde 1. januar 2010. Tema for kontrollane var utsleppskontroll av luft, vatn/grunn og støy, handtering av kjemikalier og avfall og verksemda si internkontroll. I aksjonen var det også eit særskilt fokus på korleis verksemdene jobba med risiko.

#### Kasserte kjøretøy

Alle fem mottaksplassane for bilvrak i Hordaland vart kontrollert. Tema for kontrollane var risikovurderingane til oppsamlingsplassane, miljøsanering og handtering av farleg avfall.

#### Akvakultur

21 matfiskanlegg vart kontrollert. Vi kontrollerte korleis matfiskanlegga sikrar seg gjennom sin internkontroll at dei ikkje fører til uakseptabel forureining av fjordane. Risikovurderingar, driftsrutinar og bruk av kjemikalie og legemiddel var hovudtema ved kontrollane. I tillegg såg vi på leiinga sin oppfølging av miljøarbeidet, drift og vedlikehald av utstyr som kan medføre utslepp.

#### Notvaskeri

Dei to notvaskeria i fylket vart kontrollert. Fokus ved kontrollane var risikovurderingar og om miljøskadelege kjemikalier og avfall frå verksemdene er handtert rett.

Kontroll av asfaltverka og notvaskeria var ein del av den landsdekkjande risikoaksjonen. Dette var ein felles aksjon i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet, Strålevernet, DSB og Arbeidstilsynet. Fokus her var å sjekke om verksemdene hadde vurdert risiko og om dei har handlingsplanar for å redusere risiko. Risikovurderingane skal omfatte både brann, arbeidsmiljø og forureining.

#### Tilsyn massetippar

Vi har gjennomført tilsyn på 10 massetippar frå desember 2010 og i 2011. Avvika er i hovudsak mangelfull internkontroll og mottak av massar/avfall utan dokumentasjon på at innhald er under normverdien. Mange aktørar har trudd at dersom massane ikkje er farleg avfall, så kan det leverast til massetipp. Etter desse tilsyna og seminaret vi hadde, så er mange massetippar vortne meir restriktive med kva dei tar i mot.

I tillegg har vi gjennomført om lag 40 andre kontrollar med verksemder med miljørisiko, og verksemder der det er avdekt eller mistanke om alvorlege avvik.

#### Oppfølging av tilsyna

Tilsyna avdekket brot på miljøkrava. Fleire verksemder har vesentleg manglar i sitt førebyggjande arbeid for å unngå forureining. Tilsyn syner at auka merksemd og informasjon førar til miljøtiltak. I tillegg kan vi følge opp med strengare reaksjonar ved alvorlege brot. Vi følgjer opp alle tilsyna der vi har avdekket brot på regelverket. Vi gir ein tidsfrist for å rette opp avvika. Ved manglande tilbakemelding vert det varslet tvangsmulkt.

## 07.3 Virkemidler og prosesser

Vi har auka ressursane på tilsyn fra 2,2 årsverk til 3,2 årsverk ved å opprette en ny fast tilsynsstilling. Gjennom eit aktivt arbeid med ukenteig oppfølging av tilsynsplanen har vi auka gebyrinntektene.

Vi har gjennomført 5 av 6 revisjoner med søkelys særleg mot verksemder som behandlar næringsavfall.

Det vart ikkje gjennomført kommuneundersøkelser i 2011.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 3 914 409,88	kr 1 203 228,77
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 3 163 089,20	kr 1 977 748,33
04 Luftforurensninger og klima	kr 3 796,50	kr 0,00
05 Int. miljø samarbeid i nord- og polarområdene	kr 0,00	kr 0,00
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 3 230 016,71	kr 0,00
07 Andre virkemidler	kr 3 204 425,27	kr 268 257,91
Andre oppgaver under MD	kr 258 898,86	kr 0,00
Sum:	kr 13 774 636,00	kr 3 449 235,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Fylkesmannen har ein leiande funksjon i mange prosessar knytt til ulike fagområde innanfor landbruket i fylket. I 2011 blei det gjennomført dialogmøte med organisasjonane i landbruket ( Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Skogeiarlaget). Møte med landbruksrådgjvinga i fylket vert gjennomført kvart år for å koordinere arbeidet og vidareformidle kompetanse. Fylkesmannen har faste arbeidsmøte med Innovasjon Norge og arbeidsmøte med Hordaland Fylkeskommunen ift tildelinga av kompetanse- og rekrutteringsmidlar.

Vi har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Hordaland. I 2011 vart det tatt initiativ til eit samarbeid mellom forskingsinstitutta, næringa, UiB og fylkesmannen for å koordinere forskingsprosjekt som er retta mot sentrale utfordringar i vestlandslandbruket. Det er også tatt initiativ til eit tettare samarbeid med UiB og HiB for å få studentar meir interessert i å bruke interessante case frå landbruket og forvaltninga i studentoppgåver.

#### 21.1 Jordbruk

Generelt er det meir nedlegging av føretak og areal i ytre strok, medan tilhøva for landbruket er meir stabil i indre strok. På kysten er lett tilgang til andre arbeidsplassar, naturgrunnlaget gjer rasjonell driftsutviding vanskeleg og det er meir nedbygging av landbruksareal i bynære strok. Det er generelt lite nydyrking i fylket.

Leigeareal blir stadig viktigare i drifta. Grunna eit kupert og oppstykkka landskap, blir ikkje teigstørrelsen særleg mykje større sjølv om det blir meir leigejord. Det er framleis mykje gamal eng i fylket. I fleire område var 2011 eit år med særslått avlingar, det var noko utgang etter vinteren, og elles ein våt sommar der det var vanskar med å få andreslått i hus. Ein av grunnane er at i enkelte delar av fylket, spesielt i ytre strøk, er det store utfordringar med vassjuk jord der grøftene er dårleg vedlikehalde. I andre områder har det også vore store avlingstap på grunna av sterk hjortebeiting. For å kunne oppretthalde eller auke matproduksjonen i fylket er det difor eit stort behov for investeringar både innan bygningar og jord.

Det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar til nybygg og ombygging av tradisjonelle driftsbygningar for mjølk og kjøt. Storfeprosjektet i Hordaland er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, TINE, Nortura, Felleskjøpet,

IN, Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag. Prosjektet sitt hovudmål er å få ein framtidretta mjølke- og storfeproduksjon i fylket og det vert stimulert både til investering, men også til kompetanseoppbygging og nettverksbygging på dette feltet. I 2011 har det vore fokus på oppfølging og kartlegging av nyinvesterte buskaper og rettleiing i byggjefase/driftsplanlegging. NILF utførte i 2011 ein analyse for Storfeprosjektet. Her vart økonomien på utbygde bruk i mjølkeproduksjonen i Hordaland analysert (ved Lars Ragnar Solberg/Torbjørn Haukås).

I tradisjonelt jordbruk er rekrutteringa ei utfordring, ofte er det ingen som står klare til å ta over drifta. Snittalderen når ein tek over gard er høg. Mange små dyrebuskapar er utanfor tilskotsordningar og andre registreringar, noko som kan skape problem i høve til smittsame dyresjukdommar, oppfølging av dyrevelferd og beredskapsarbeid er naudsynt.

### **Hovudutfordringar knytta til økonomiske og juridiske verkemiddel, regelverksforvaltning**

Mange kommuner prioriterer ned bruken av ressursar på landbruksforvaltning. Det er få tilsette på landbrukskontora og desse må gjerne òg utføre arbeidsoppgåver innan plan- og bygningssaker. Landbruksoppgåvene blir av leiinga nedprioritert til fordel for arbeidsoppgåver som kommunen kan ta betalt for. Det er heller ikkje sjølvstøtt at dei tilsette på landbruk har landbruksfagleg bakgrunn.

Den kommunale landbruksforvaltninga har mange og krevande regelverk å forvalte. Dei rekk jamt over ikkje å halde seg oppdaterte på endringar eller å setje seg godt nok inn i regelverket.

Det er tradisjon for at landbruksforvaltninga yter god service til næringa. I nokre tilfeller fører dette til at kommunane tøyser regelverket vel langt for å hjelpe bonden. Særleg gjeld dette der regelverket vert oppfatta som lite tilpassa den faktiske verkelegheita, td vurderingar av AR5, husdyrtilskot til sau og autorisasjonsordninga for bruk og kjøp av plantevernemiddel.

I Hordaland har vi mange deltidsbønder. Mange har ikkje tid til å halde seg orienterte om alle regelverk og krav som det offentlege set til føretaka. Ein del oppfattar seg heller ikkje som føretak på lik linje med andre føretak, men som "bønder". På den andre sida er det mange profesjonelle bønder som utfører både gardsdrift og papirarbeid på ein utmerka måte.

Innanfor tilskotsforvaltninga har vi ei klar utfordring når det gjeld skille mellom vinterfora sau og utegangasau / villsau. Vi har i 2011 og vil også i 2012 spisse kontrollen mot desse ordningane, men vi ser likevel at regelverket er uklart og det ligg i stor grad opent for bruke av skjønn.

### **Beitebruk**

Auka tilgang til leigegreal har ført til meir beitebruk på innmark. Det er attgoing av beite på nokre bruk og i nokre grender, medan det i område med meir intensiv drift blir brukt mykje ressursar på å restaurere tidlegare beitemark. Mange slutter å bruke fjellbeite. Med færre brukarar blir det eit aukande problem med organisering og sanking for dei som er att i eit område, dette har skapt utfordringar for dei organiserte beitelaga.

For sesongen 2011 fekk vi inn registreringar frå 102 beitelag i organisert beitebruk (OBB) i Hordaland. Berre to fylker har fleire beitelag enn Hordaland (Sogn og Fjordane og Oppland). Det vart sleppt om lag 132.000 dyr på beite tilslutta ordninga i vårt fylke. Totalt for landet vart det sleppt vel 1,5 mill dyr i OBB.

Tapte sau og lam i Hordaland var på 4,1%, ei solid auke frå fjoråret på 3,4%. Likevel er det berre eitt fylke som har lågare tapstal enn oss (Rogaland). Snitt tap i landet var på 6,3 % sau og lam. Totalt tap av dyr på beite (i OBB) i Hordaland utgjer likevel mange dyr (5.219 småfe og storfe). Av totalt dyretal det vert søkt utmarksbeitetilskot for i Hordaland, er omlag 60% tilslutta organisert beitebruk.

Beitesesongen 2011 gav i snitt lågare slaktevekter enn normalen. På forsommaren var det jamt over gode beiter, men sommaren var svært nedbørsrik og noko kjøleg. Beitekvaliteten var kanskje ikkje så dårleg, men værtilhøva har nok ført til lågt beiteopptak. Storparten av beitelaga rapporterar om under middels til middels beitesesong.

Det var auke i tap av dyr på beite denne sesongen, ein oppgang på om lag 800 dyr frå 2010. Auken var størst i tapte lam. Beitelaga rapporterte om alle moglege tapsårsaker (flått, flugemakk, skårfeste, påkjørsle, laushund osv), men i år var det alveld som peika seg ut. Ein del beitelag skreiv at lam var «sporlaust» forsvunne samtidig som mange skreiv om auke i alveld. Dette kan truleg sjåast i samanheng i ein del tilfelle, då alveldsjuke dyr gjerne gøymer seg godt.

Også i år vert ørn nemnd i mange av beitelagsrapportane, men svært få skriv om at ørna som ein sikker tapsårsak. Mange lag skriv og om vårtap til rev. I 2011 vart det søkt om rovvilt-erstatning for 70 sau/lam fordelt på 5 søknader. Tre av desse er dels innvilga. Felles for avslag er manglande dokumentasjon/kontakt med Statens Naturoppsyn (SNO). 4 dyr er erstatta, 1 for gaupe, 1 for jerv (beitet i Bykle i Aust-Agder) og 2 for kongeørn.

Det har og vore ein solid auke i søknader om erstatning for sau tapt i utmarka for dette året. Dette må likevel sjåast i lys av at ein har gjennomført beitelagssamlingar og spreidd informasjon om ordninga. Omlag 300 dyr er ført opp som tapt i søknadene, desse er ikkje avgjort enno då mykje dokumentasjon manglar.

Mange lag har god tradisjon for samarbeid med nabobeitlag, turgåarar, jegerar og andre som kjem med verdfulle meldingar i beitesesong og sanking. Det er og kjekt å høyre at mange ser den organiserte beitedrifta som ein kjekk, nyttig og sosial måte å drifte utmarksbeitinga.

Likevel fortel ein god del beitelag om utfordrande sanking med «dyr over alle haugar» som har vore vanskeleg å finne att i store områder og krevjande terreng. Fleire lag har nytta helikopter for å lokalisere dyr, noko som sjølv sagt ikkje er billeg. Det har kome inn fleire spørsmål til fylkesmannen om tilskot til helikopterbruk. Dette har vore løyvd i særlege tilfelle tidlegare, og då berre ved svært tidleg og uventa snøfall. I utgangspunktet er det laga sjølv som skal stå for slike driftskostnader.

Aukande tal beitelag skriv om radiobjeller i sine rapportar. Ein del lag har prøvd dette utstyret, nokon har leigd av *Beiteprosjektet i Hordaland* medan andre har kjøpt på beitelags- eller buskapsnivå. Der det er god nok mobildekning verkar det som utstyret har god nytteverdi. Der det ikkje er god nok mobildekning har utstyret hatt låg nytteverdi.

#### *Løyvde tilskot til organisert beitebruk i Hordaland 2011*

Driftstilskotet for kvart heimsanka småfê vart for 2011 sett opp. Satsane var i 2010 kr. 17,- per heimsanka småfê og kr. 30,- for storfe. For 2011 er satsane sett opp til kr 22 for sau/lam, kr 29 for geit/kje og kr 45 for storfe.

Dette ga ein auke i totalt driftstilskot på bortimot 700.000 i Hordaland.

Driftstilskott (stipulert) kr 3.030.000

Investeringsstilskott (løyvd) kr 500 000

### **Geit i Vekst**

Geitprosjektet i dei tre vestlandsfylka held fram i god driv. Hovudmål med prosjektet er å sikre ein framtidretta geitmjølksproduksjon og å oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Prosjektleiing og eigar er TINE. FMLA tek del i styringsgruppa i prosjektet og bidreg med BU-midlar.

I 2011 har det vore fullt trøkk i prosjektet på prosjektering av nybygg/ombyggingar og sanering, stort sett i kombinasjon. I dei tre vestlandsfylka er det berre i Hordaland at ikkje alle geithaldere har påmeldt sanering per januar 2012.

I Hordaland er det få geitehaldarar og dei er godt spreidde. FMLA ser det som sær viktig med vidare oppfølging og arbeid med geitmiljøet i fylket.

### **Beiteprosjektet i Hordaland**

I 2011 vart Hordaland tildelt midlar frå Nasjonalt Beiteprosjekt, kr 150.000. Hovudmålet i prosjektet i Hordaland er å kartleggje tap av dyr i utmarksbeite og å arbeide med tapreduserande tiltak. I tillegg til løyvinga frå Nasjonalt Beiteprosjekt vart det sett av kr 200.000 frå midlar til investering i beitefelt. Investeringsmidlane vart brukt til innkjøp av radiobjeller for utprøving i beitelag. Andre aktivitetar som vart igangsett i 2011 var møter med beitelaga og spørjeundersøking i beitelag. Denne undersøkinga kartlegg tapsårsaker og førebyggjande arbeid, resultat skal nyttast vidare i prosjektet. Mattilsynet er og involvert i prosjektet og føl opp buskaper med høge tap. Prosjektet har fått ny løyving for 2012 på kr 250.000 for vidare arbeid.

### **Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift**

Det gror att fleire plassar i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, meir kjøt og eit levande landbruk. Prosjektet landskap i drift er no koma i sitt fjerde prosjektår og har gjeve midlar til samarbeidstiltak innanfor beite og beitebruk slik at innmarksbeitene vert utnytta og det kan setjast på fleire beitedyr - både sau, storfe og hest.

11 område har så langt koma med sidan prosjektet starta i 2008. Så langt er det opna opp og gjera inn omlag 5065 daa. Budsjettet på 1,2 mill kr med midlar frå Fylkeskommune, Innovasjon Norge og FM sine BU midlar blei direkte brukt på å utvikle disse områda. I tillegg vart det gjeve stønad til utvikling av ein ny type fôringsplass og eit konseptuelt prosjekt om bruk av kopplam til å halda areal ope i Fykse landskapspark.

Prosjektet vil verta vidareført i 3 år med meir fokus på utvikling av fôringsplassar for å ta betre vare på husdyrgjødning. Samstundes vil ein dokumentera ekvivalenten for innspara nitrogengjødning ved å henta fôreiningane frå ikkje- gjødsla utmarksbeita, versus kjøt som vart produsert på intensiv gjødsla innmarksbeite/ og eller produsert silofôr med tanke på klimarekneskapet for kjøtproduksjonen.

Det vart også løyvd midlar til eit delprosjekt for å jobbe med utviklingstiltak innan kompetanse-, kunnskap- og nettverksbygging. Fadderprosjektet vart starta for fullt i 2011 og det er etablert 21 fadder -nybrukarforhold i heile fylket som eit prøveprosjekt. Nye brukarar har fått hjelp av erfarne naboar i ein oppstartsfase, det gjelder både praktisk og fagleg. I tillegg vart det tilbode kurs innan ulike fagområde og nye, unge brukarane fekk både kompetanse og nye nettverk. Etterspurnaden har vist seg å vera stor. Meir info: landskapidrift.no

### Hagebruk

Fruktdyrkarmiljøet i fylket er robust, det er høgt engasjement og ein god optimisme. Ein har høgt fokus på modernisering med tettplantingar og nye metodar innan plantevern, skjering og kvalitetstiltak. Auka avling på arealet er eit av måla sidan einingane er små og det er lite areal i fruktbygdene. Det er likevel for mykje areal som ikkje er i god drift, eller heilt utan drift. Arbeid utanfor bruket blir stadig viktigare, noko som kan gå utover både drift og vedlikehald. Rekrutteringa er framleis god innan fruktproduksjonen.

Fornyngstakten i epleplantingane er for liten, her er eit stort etterslep. Lite fornying no skuldast mellom anna store vanskar med å få tilgang til plantemateriale i samband med angrep av heksekost ved planteskular. Det blir arbeidd med at plantingane skal bli meir tilpassa behova slik ein tolkar marknaden. Ein ønskjer mellom anna å få fleire eplesortar i produksjon. Ein har stort potensiale for vekst både når det gjeld konsumeple og eple til press. Det har vore mykje satsing på plommer, og ein fryktar at ein etter kvart vil nå taket her i høve til i marknaden. Ein jobbar med auka satsing på pære, mellom anna med nye sortar og betre tilpassa dyrkingssystem.

Sesongen 2011 var særst dårleg grunna klimatiske tilhøve, og det har vore omlag 100 søknader om erstatning etter avlingssvikt. I tillegg gjorde fleire flaumskred i romjula mykje skade på plantingane.

Namnet Hardanger som beskytta merkevar er enno ikkje godt nok nytta. Satsinga 'Frukt og bær rundt neste sving' prøver å auke produktutviklinga og næringslivsbaserte satsingar på gardar med frukt- eller bærproduksjon.

Bærdyrkarmiljøet i fylket er lite, men med offensivt arbeid for utviding og opplæring av både nye og eksisterande dyrkarar. Det blir arbeidd godt for å byggje opp eit robust fagmiljø. Bergen og omegn bær- og hagebrukslag blei oppretta som felles interesseorgan. Produserte mengder er ikkje større enn at det aller meste blir seld lokalt frå gard eller torg.

Økologisk frukt- og bæringsatsinga gjennom føregangsfylke har i 2011 klart å rekruttera fleire økologiske frukt- og bærdyrkarar, spesielt i Kvam kommune. Prosjektet klart å integrera økologi som tema på dei fleste konvensjonelle arrangement for frukt- og bærdyrkarar i 2011.

Studietur til Sverige og Danmark førebudde og inspirerte dyrkarane på at dei nye tettplantingskrava i nyplantingstilskotet også skal gjelda i økologisk fruktproduksjon. Nye retningslinjer for nyplantingstilskot vart samkøyrde med Sogn og Fjordane og gjort gjeldande saman med den nye tilskotssatsen til nyplanting. Ein håpar på at tilskot og målretta kurs mot nye og yngre dyrkarar vil rekruttera fleire økologiske fruktdyrkarar. Det er behov for økologisk frukt i marknaden, og lokalmarknaden til dei største byane er truleg klar for økologiske bær.

### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMHO	48870	77226	60	2,53	5,16	3,4	3,8
<b>Sum</b>	<b>48870</b>	<b>77226</b>	<b>60</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

Hordaland har store skogressursar som etterkvart er hogstmoden. Hogsten av denne nådde nye høgder i 2011 med om lag 146.000 kbm. Det vart planta om lag 1300 daa i 2011 som er likt med 2010. Ein reknar med at skogsplantinga vil auka i 2012 i samsvar med auka hogst av gran. Mangel på rette proviniensar kan bli ein flaskehals der planteskulane ikkje har vore førebudde på den aukande aktiviteten. Ungskogpleie har auka litt frå året før og utgjorde i 2011 635 daa (450 daa i 2010). Denne utviklinga er positiv og me ventar framleis aktivitetsauke i ungskogpleie.

Hordaland fekk i 2011 tildelt Kr 1 250.000.- særskilde midlar til kystskogbruket. omlag ein tredel av summen gjekk til å medfinansiere fellesprosjekt i regi av kystskogbruket (prosjekt hovudplan veg for kystskfylka, taubaneprojektet, sekreteriat samt mindre fellesprosjekt). Fylkesmannen i Hordaland saman med fylkesmannen i Rogaland og Skogeigarlaget Vestskog BA oppretta i 2009 ”Prosjekt hovudplan veg” for Hordaland. Prosjektet vart ikkje ferdig i 2011, men me ventar at for Hordaland sin del vert det ferdig i første halvåret av 2012. Formålet med prosjektet er å få oversikt over alle eksisterande skogsvegar og forslag til nye skogsvegar i komande 20 års periode. Status 15. desember 2011 var at i 18 av 24 kommunar i fylket, som deltek i prosjektet, vart hovudplan digitalisert og ferdigstilt. Vidre har fylkesmannen brukt kystskogmidlar på forskjellige lokale prosjekt knytt til skog og tre.

Til saman 4000 meter skogsveg vart ferdiggodkjent i Hordaland 2011. Av desse var 1962 meter bilvegar nyanlegg, 1110 meter ombygging bilveg og 1000 meter traktorvegar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på kr 2.533.581.- Det vart utbetalt kr.1.555.160.-, i tilskot til desse vegane, noko som utgjør 53,5 % av kostnaden.

Fylkesmannen saman med skogeigarlaget Vestskog BA er no inne i det fjerde året i prosjektet områdeplan for skogsvegar. Vestskog BA har ein person tilsett på heiltid i prosjektet. Fylkesmannen bidreg med Kr 600.000.- pr år, desse midlane går frå posten NMSK midlar, tilskot til vegbygging. Prosjektet har som mål å grovplanlegga veganlegg som gjev best mogleg løysingar og totaløkonomi for området og sikra at offentlege tilskotsmidlar til vegbygging vert nytta på best mogeleg måte for skogbruket.

Stor aktivitet med taubanedrifter heldt om lag samme nivå som i 2010. Det vart gjeve tilskot til 13.000 m<sup>3</sup> tømmer i 2011 mot 13.700 m<sup>3</sup> i 2010. Tilskotssatsen for gran vart satt ned frå 100 kr/m<sup>3</sup> i 2010 til 80 kr/m<sup>3</sup> i 2011.

Juletreproduksjonen i fylket er omtrent den same som i dei to siste åra, om lag 15.000 tre i året.

### **21.3 Bygde- og næringsutvikling**

Fylkesmannen si evne til nyskaping, entreprenørskap og nettverksbygging er avgjerande for at vi skal lukkast med å utvikle landbruket og bygdene våre. På desse felte er vi knytt opp til fylkeskommunen og Innovasjon Norge i eit tett og forpliktande samarbeid på mange saksområde. Landbruket og bygdene kan gjennom ”Regionalt utviklingsprogram” (RUP) få finansiert gode utviklingsprosjekt for næringa, og fylkesmannen har ein sentral rolle i å initiere slike saker.

Innanfor satsingsområda i RUP har fylkeskommunen eit spesielt ansvar for å drive lokalsamfunnsutviklinga, Innovasjon Norge har ansvar for entreprenørskap og fylkesmannen for matsatsinga.

#### **Matområdet**

FMLA og Kompetansenavet vest har eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og veiledning er besøksordninga ei god hjelp for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemd. I 2011 hadde FMLA og kompetansenavet fleire prosjekt saman, Solundmat er etablert framstår som eit velukka og godt prosjekt med stor medverknad frå lokalbefolkningen i området

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar, mange nye er kome til og nokre har valt å konsolidera stillinga si. ca 150 av desse er aktive og fordeler seg på alt frå enkel råvareforedling, slakteri til avansert osteproduksjon. Nytt av året er at det er mange som ynskjer å etablere verksemder innan slakting og foredling av lokalt kjøt og vilt. Med den nye feltkontrolørordninga har dette utløyst nytt engasjement.

Matfestivalen i Bergen er den viktigaste marknadsplassen for mange lokale produsentar. Det ligg i korta at matfestivalen må over på andre ”styrings” hender, men FMLA vil syte for at den også i framtida vil være ein lågterskel marknadstilgang for nye og etablerte lokalmatprodusentar med eit rolle i det vidare arbeidet.

Ei viktig årsak til sterkt produsentmiljø i Hordaland er satsinga på lokale marknader og matfestivalar. Dette har

gitt til marknadstilgang og bidrege til auka interesse for lokal matproduksjon og stoltheit over egne varer. Dette saman med dei rike mattradisjonane vi har i vårt fylke, er det no stor interesse for lokalmat innanfor storhusholdning og hjå daglegvaregrossistar og butikkar i fylket

FMLA vil framover arbeide for å sikra kompetansmiljøa i fylket, som Vestnorsk Kulturakademi og andre, som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen.

Det er også jobba godt for å styrkje samarbeide med mataktørar som Bama, lokalgrossistar og matvareleverandørar for å sikre distribusjonen av lokale matvarer fram til forbrukaren.

Lokalmatprogrammet vert videreført i 2012 og vil vere med å sikre etableringer framover. Som eit ledd i målsetting og trygging av eksisterande bedrifter, samt stimulera til nysatsing hjå dei som ynskjer å etablere nye lokalmatbedrifter, tok fylkesmannen og IN i 2011 initiativ til eit program for matbedriftene i regionane. Her er det lagt tilrette for kurs, oppfyljing og samarbeidstiltak for aktuelle bedrifter

### **Deltaking på Grüne Woche i Berlin og "Bergen1,5"**

Fylkesmannen var i 2011 regionskoordinator for Fjordnorge sin presentasjon på IGW i Berlin. Dette vart førebudd med utarbeiding av reiselivskonseptet "Bergen1,5" der standdeltakarane vart valt etter ei reiserute frå Bergen via Voss og Hardanger. Konseptet vart utvikla i samarbeid med Fjordtours AS, ein av Noregs leiande turoperatørar. "Bergen1,5" kombinerer lokale gardsopplevingar med lokal mat og overnatting. Konseptet skal vidareutviklast i 2012-13.

### **Landskapsparkar**

Landskapsparkane har vore eit pilotprosjekt i Hordaland frå 2006 – 2011. Bygdefolket i parkane har gjennom desse åra utvikla strategier, idear og prosjekt som avlar ny giv i dei involverte bygdene og kommunane. Fokuset på næringsutvikling har vore viktigst, men ivaretaking av landskapet som grunnleggjande ressurs har fått stor merksemd i arbeidet. Erfaringane er positive. Bottum-up-organsiering lokalt og sjølvforvaltning av tilgjengelege ressursar gjer folket stolte av heimbygda og prosjekta dei får til i lag.

Landskapsparkane har som sitt viktigaste mål å utvikle næring knytt til kultur- og naturlandskap. Eit oppegåande næringsliv er ei viktig grunnlag for attraktive bygder. Gardsbasert turisme, spesielt tilbod på vandring, lokal mat og aktivitetsferie er viktige satsing for dei fleste parkane. [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no). Sjå til dømes Fyksesund, [www.fyksesund.no](http://www.fyksesund.no).

Det kan og nemnast at Herand landskapspark i 2011 vart Noregs kandidat for den europesiske landskapsprisen og fekk god omtale for arbeidet dei har gjort.

I mai 2011 vart foreininga Norske parkar etablert. Landskapsparkane er fast styremedlem. Foreininga vil no ta fatt i arbeidet med å lage kriterium for godkjenning av parkar i Noreg. For mer informasjon, se vår nettside Parknytt: <http://parknytt.wordpress.com/>

I 2011 fekk dei lokale (landskaps-) og regionale parkane endeleg nasjonal status gjennom KRDs lansering av eit verdiskapingsprogram for parkar. No kan lokale landskapsparkar etablerast i heile landet. For alle som arbeider lokalt og regionalt med bygdeutvikling og verdiskaping, er dette eit viktig skritt framover.

Landskapsparkar i Hordaland vert no offisielt avslutta med ei evaluering av prosjektet i 2012.

### **LUK- lokal samfunnsutvikling i kommunane**

Hordaland fylkeskommune saman med partnerskapen, fekk i 2011 støtte frå KRD sitt program Lokal samfunnsutvikling i kommunane. I Hordaland er LUK-satsinga retta mot å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnerskapen (LivOGLyst, kom-an og kommuneprosjektet). For å styrka arbeidet er det bl.a. tilsett ny LUK-koordinator. I samarbeid med høgskulen for landbruk og bygdenæringar har partnerskapen utvikla eit nytt studiepoenggevendende kurs i samfunnsentreprenørskap. Åtte kommunar deltek pr dato på kurset. Arbeidsgruppa for LUK har i tillegg gjennomført dialogmøte med ca 20 kommunar.

### **Program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland - LivOGLyst**

LivOGLyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, starta opp i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. I 2011 vart programmet utvida og styrka med finansiering frå KRD sitt bulyst-program og LUK-program (Lokal samfunnsutvikling i kommunane).

Pr. dato får 12 treårige og sju eittårige prosjekt finansiering frå programmet, og 30 lokalsamfunn er registrert



som aktive nettverksmedlemmar. I tillegg får tre livOGLyst prosjekt finansiering frå KRD sitt bulystprogram. Alle programdeltakarane får tett oppfølging av FMLA, HFK og IN, og det vert jamleg arrangert konferansar, nettverksamlingar og lokalt tilpassa kurs. I samarbeid med Distriktssenteret og partnerskapen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har livOGLyst utvikla og etablert konferanse Vestlandsk Vidsyn i 2011. Konferansen skal vera eit årleg kompetansetilbod for utviklingsaktørar i vestlandsfylka.

### **Kommuneprosjektet**

Kommuneprosjektet hadde oppstart i 2008 og har vore utvikla og drive av partnerskapet i samråd med KS og regionråda. Ved utgangen av 2011 har 27 av 33 kommunar signert samarbeidsavtalen. I avtalen inngår tilbod om deltaking i ulike kompetansetilbod, konferansar, kurs, etableraropplæring osv, og kommunane forpliktar seg å avklare korleis dei vil arbeide med og synleggjera si rolle som næringsutviklar (inkludert landbruk). Kommunane skal sikre god integrering og samarbeid mellom landbruk og øvrig næringsutvikling. Kommuneprosjektet er i prinsippet avslutta, men som ledd i LUK-satsinga er prosjektet forlenga til 2015.

### **Kom-an.no**

I 2010 opna partnerskapen i Hordaland nettportalen [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). På nettportalen kan førstelinetenesta, entreprenørar og lokale utviklingsaktørar finna samla informasjon om lokal og regional rådgjeving, pågåande utviklingsprogram, finansieringsordningar, arrangement og kurs. Alle LivOGLyst-prosjekt får opplæring i og tilbod om å utvikle eige nettside på portalen. Det er satt i gong arbeid med revitalisering av nettstaden [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Norge har utarbeidd ei skisse for innhald, navigasjon og grafisk utforming i samarbeid med firma Netlife Research ([www.netliferesearch.com](http://www.netliferesearch.com)). Relansering av kom-an.no er planlagt hausten 2012.

### **Ungdomssatsing**

I 2010 vart ansvarsområdet rekruttering til og likestilling i landbruket overført til fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune, saman med partnerskapen har utvikla ein ny og samlande strategi for rekrutterings- og likestillingsarbeidet i fylket. Som ledd i strategiarbeidet har HFK gitt finansiering til vidareføring av FMLA sitt prosjekt Unge, bygda og landbruket. Glade Bønder i Nordhordland er eit pågåande rekrutteringsprosjekt, og ytterlegare to ungdoms-/rekrutteringsprosjekt er under utvikling.

### **Inn på Tunet**

I 2011 har det vore tett samarbeidd med Fagforum IPT i Hordaland. Det er mellom 70-80 tilbydarar i fylket som treng støtte i alle fasar av IPT arbeidet deira. Ein tre-årig plan for arbeidet skal vera klar vinteren 2012, og integrerast i ny handlingsplan for IPT-arbeidet i Hordaland, som skal vera klar i januar 2013.

KSL har kome sterkt inn i arbeidet med å kvalitetssikre og merkevarebygge IPT som tilbod til ulike kjøpargrupper i offentleg sektor. Landbruksavdelinga har difor arrangert to Kvalitetssikringskurs i samarbeid med LHMS i 2011, og planlegg nye i 2012.

Det har vore eitt felles møte med IPT-løftkommunane hausten 2011. Alle IPT-kommunane er no godt igang, og arbeider systematisk med å gjera IPT kjent og sikre gode kontraktar mellom kjøpargruppene og IPT-tilbydarane. Det blir også planlagt eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom helse-utdanning-og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen, med oppstartstur til IPT-løft kommunen Sveio i februar 2012.

Kurset Garden som pedagogisk ressurs vart fullteikna i 2011, og blir organisert av Høgskolen i Molde. Samlingane har vorte fordelt på dei tre fylka, FMHO, FMSF, FMMR, som bestilte kurset. Deltakarane er godt nøgde og vil gjerne byggje på med spesialiserte modular innan till dømes demens, psykiatri osv. I fleire fellessatsingar med IPT-kurs vil FMRO inkludert i samarbeidet.

Det vert lagt ut informasjon om IPT på eigen nettside på fylkesmannen.no/hordaland, men det er også moglegheit å leggje ut IPT-nyheiter på Hordaland-sida til innpaatunet.no. Innpaatunet.no er ei side som er godt innarbeidd som informasjonsside til tilbydarane, innpaatunet.no bør i framtida spesialisert som ein informasjonskanal til IPT-tilbydarane.

Kjøparsida av IPT-tenester får ikkje god nok informasjon frå innpaatunet.no, og difor bør KSL si nye nettside om IPT-tilbod retta seg mot IPT-kjøpargruppa som målgruppe. Ei slik løysing vil lette informasjonsarbeidet til IPT-koordinatorane hjå fylkesmennene og gjera informasjonen til tilbydar-og kjøpargruppene tydelegare.

### **Prosjekt Ny bruk av ledige landbruksbygg.**

Prosjektet har gjennomført eitt kveldsmøte i 2011, i Utne, Ullensvang herad. Det er planlagt ytterleg tre møte i 2012. Handboka "Ny bruk av ledige landbruksbygg" er ferdigstilt og distribuert til alle landets fylker.



### **Grønt reiseliv og utmarksnæring**

Ein av landbruket sine største og viktigaste reiselivsklynger, Den Grøne Sløyfa, har i 2011 vore prøvd ut som rundreise-område for den kommersielle storsatsinga, "Inn i det Trolske" (Rødne Fjord Cruise og Turistbuss Bergen AS). Fylkesmannen har vore viktig medspelar for å få dette samarbeidet til og har vore avgjerande pådrivar for å sikre lokale ringverknader av satsinga i dei neste åra. Prinsippet om berekraft skal gjelde for alt utviklingsarbeidet og satsinga innan det grønne reiselivet er inga unntak i så måte.

I Den Grøne Sløyfa er det lokale natur- og kulturgrunnlaget basis for reiselivssatsinga og ein har von om å se fortsatt vekst i talet på tilbod og tilbydarar i dette nettverket i tida framover. Fylkesmannen har teke sterkt til orde for at aktørane finn saman og utviklar salbare pakkar av opplevingar og aktivitetar.

Av utmarksressursane er det jakt og fiske det er best erfaring med når det gjeld kommersialisering. Fylkesmannen hadde i løpet av 2011 etablert kontakt med ei rekkje ulike miljø for å forankre ideen om å satse på jakt og fiske som to viktige tilbod som skal riggast i 2012. I arbeidet med å rulle ut storviltjakt (hjort) som eit reiselivstilbod, vil ein viktig milepel vere den regionale konferansen, "Hjort i Vest", som vert arrangert våren 2012 i Bergen. Store deler av vinteren har gått med til å førebu denne konferansen, der Fylkesmannen har teke på seg arrangøransvaret, til tross for at Hordaland fylkeskommune er medarrangør.

Kvart år vert reiselivskonferansen, "Møteplass Reiseliv" arrangert. Det er partnerskapen FMLA, HFK og IN som står bak konferansen. Arrangementet fann stad i Ulvik 12. og 13. april og hadde mellom anna fokus på "Outdoor adventure" og innovative opplevingar. Denne reiselivskonferansen har og som mål å kople større og mindre aktørar i bransjen saman, men så langt har ein ikkje lukkast vidare i å sjå kommersielle suksessar i kjølevatnet av dette arbeidet. Det er partnerskapen sin klare haldning at dette fokuset ikkje skal verte svekka og landbruksavdelinga er den sterkaste pådrivaren for å sjå dette initiativet resultere i forpliktande samarbeid.

## **Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket**

Fylkesmannen hadde i 2011 to store evalueringar ift regionlat miljøprogram RMP, desse var knytt til verdifult innmarksbeite og stølmiljø. Dette arbeidet vil ligge til grunn for eventuelle justeringar for RMP 2012 og nytt program i 2013.

Klimaplan for Hordaland 2010 - 2020 har lagt grunnlag for eit auka engasjert og aktivitet på klimaarbeidet i fylket der fylkesmannen har bidrege med fagkompetanse både frå jord- og skogsektoren.

Fylkesmannen har fortsatt eit tett samarbeid med Bergen kommune og skognæringa ift bruk av tre. Det vert også jobba mot enkelte kommunar for å få opp bruken av bioenergi og biogass.

Hordaland og Sogn og Fjordane har i 2011 fått gode resultat ift arbeidet med føregangsfylke innafør økologisk frukt og bær. Dette har ført til stor merksemd ute i næringa og har vore positivt i dialogen med det konvensjonelle dyrkarmiljøet.

### **22.3 Miljøprogram og miljøplan**

#### **Miljøprogram og miljøplan**

##### **Måloppnåing**

Jordbruket har ei rekke av ulike verkemiddel knytt til kvardagslandskapet og dei meir spesielle kulturlandskapa. Fleire av verkemiddla er spisse mot spesielle kvaliteter knytt til biologisk mangfald, kulturminne eller friluftsliv. Utfordringa er å få til gode system kor ein kan dokumentere at verkemiddla treff rett kvaliteter. I dag er Miljøplan 1 bonden sitt eige kvalitetssystem, og skal kommunal forvaltning fatte vedtak på rett grunnlag, treng vi i Hordaland meir dokumentasjon som grunnlag for søknad frå bonden. Vi ønskjer at fagsystema knytt til ordningane SMIL og RMP vert utvikla slik at dei kan knyttast opp mot gardskart og andre temakart som NATURBASE og Askeladden. For å andre kulturmarkstypar som ein ikkje finn i NATURBASE bør det etablerast innsynsbaser, som til dømes fanger opp kartlegging av kystlynghei i aktiv drift i Hordaland.

##### **Regionalt miljøprogram**

Utfordringa er å ivareta areal som er eit særpreg for fylket, har særskilt verdi for biologisk mangfald eller for å ta vare på kulturminne. Midlane gjennom regionalt miljøprogram er spissa for å sikre skjøtsel av til dømes

kystlynghei, gamle slåttemarkar, stølslandskap, fornminne og steingardar. Som ein del av satsinga på ivaretaking av biologisk mangfald er det også etablert ei tilskotsordning for gamle husdyrrasar med regional tilknytning. Store nedbørmengder på ugunstige tider av året er ei utfordring for handtering av husdyrgjødsel. Forvaltninga fokuserer på å løyse utfordringane gjennom gjeldande regelverk, eventuelt med SMIL tilskot til ekstraordinære tiltak.

## **SMILordninga**

I 2011 har vi hatt regionale møte med kommunane for å samordne arbeidet med dei kommunale smil strategiane. Alle kommunane har ved slutten av året godkjende strategiar for arbeidet med SMIL for ei ny fireårsperiode. Etterspurnaden etter tilskot er større enn løyvinga til Hordaland. På tross av at fylket har fleire kulturlandskapsverdiar enn andre fylke, har vi ikkje fått auka løyvingar. Konsekvensane er at tilskotssatsane vert lågere enn andre fylke. I Hordaland har vi ei stor aktivitet knytt til restaurering av freda og verneverdige bygg, kor 35% av potten på SMIL vert løyvd til denne type tiltak, men berre 2% av ordninga vert løyvd til biologisk mangfald. Etter at RMP vart revidert og spissa opp mot biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv er målet å auka søknadene på desse ordningane. Det er eit mål om at RMP skal nyttast til årleg skjøtsel og SMIL til restaurering.

## **Vurdering av tilstand og utvikling ift kulturlandskapet**

Arbeidet med kulturlandskap er prioritert opp mot satsinga på biologisk mangfald knytt til auka kunnskapstilfang for kulturmarkstypene kystlynghei, slåttemark og stølslandskap. På grunn av endringar i driftsformar og at drift opphørar, er det ei utfordring for å ta vare på fylket sine særmerkte kulturmarkstypar. Vi har satt i gang eit arbeide kor vi i 2011 og 2012 vil vitje alle stølane som mottok RMP tilskot for tradisjonell støling, slik at vi kan følgje dei opp og stimulere til vidare drift. Det er sett ned ei arbeidsgruppe og metoden som vert nytta er henta frå Skog og Landskap sitt overvåkingsprogram for kulturminne.

Vi har hatt stor aktivitet i fylket knytt til informasjonsarbeid, nytte av økonomiske verkemidlar knytt til SMIL, RMP og Handlingsplan for slåttemark og planlagt handlingsplan for kystlynghei. Gjennom prosjekt som Landskap i drift og Landskapsark haustar vi erfaringar om korleis vi kan få til modellar for samarbeid om driftsformer og næringsutvikling, for å sikre og utvikle verdiane i kulturlandskapet. For 15 gang har vi delt ut den regionale kulturlandskapsprisen og fått stor merksemd i lokale og regionale aviser.

## **Kartlegging av kystlynghei i aktiv drift**

I 2011 har vi slutført arbeidet med kystlyngheikartlegging for heile fylket. Den vil vera eit svært nyttig verktøy både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, og i samband med arealsaker på ulike nivå. Kartlegginga vert nytta til oppfølging av Handlingsplan for kystlynghei som startar opp i 2011/2012. Kommunane vil også nytte resultatane i arbeidet med kommuneplanar. Fytjar kommune har allereie nytta resultatane i framlegg til kommunedelplan med omsynssoner kystlynghei/kystgarder.

## **Slåttemark og lauveng**

Hordaland var i 2009 og 2010 eitt av pilotfylka for Handlingsplan for slåttemark/Utvalde naturtypar i regi av DN. Arbeidet er i 2011 følgt opp med utarbeiding av skjøtelsplanar og –kontraktar. I tillegg er Hordaland sitt Utvalde kulturlandskap, Gjuvslandslia eit av fylkets si mest verdifulle slåttemarks lokalitet. Garden Ulvund i Voss kommune med dei særmerkte kulturmarkstypene slåttemark og lauveng fekk i Hordaland si kulturlandskapspris for ivaretaking av verdiane i kulturlandskapet i 2010. Det er oppretta ei regional ressursgruppe for dette arbeidet, der landbruksavdelinga har vore aktivt medverkande.

I 2011 har samarbeidsgruppa arbeidd vidare med Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I samarbeidsgruppa er det med representantar frå kulturminnevernet i Hordaland Fylkeskommune, miljøvern og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen, og frå Naturhistoriske samlingar ved Universitetet i Bergen. Landbruksavdelinga er koordinator og Kulturlandskapsgruppa er referansegruppe. Forvaltningsplan med skjøtelsplan for Gjuvslandslia har vore grunnlaget for årets arbeid med drift, skjøtsel og istandsetting. Det er utarbeidd grunneigaravtale, og tilskot er utbetalt med utgangspunkt i skjøtelsplanen og i samarbeid med grunneigarane. FMLA har også utarbeidd ein analyse av kulturlandskapsverdiane kring kjerneområde landbruk.

## **Informasjonsmidlane kulturlandskap og miljøvennlegdrift**

Midlane har vore nytta til informasjonstiltak om tradisjonelle driftsformer knytt til slåttemark og kystlynghei. Gjennom dette informasjonsarbeidet får gardbrukarane kompetanse om kor og korleis legge opp til driftsformer

som tek vare på verdiane.

## Vassdirektivet

Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidsgruppa for implementering av Vassforskrifta i Hordaland. I det vidare arbeidet med utvikling av handlingsprogram og tiltaksplanar vil landbruket få meir kunnskap om miljøtilstanden i våre vassdrag. Avrenning frå jordbruket til vassdrag i Hordaland er i dag minimal sidan det meste av jordbruksareala i Hordaland er grasdekt.

Landbruksavdelinga ble først i slutten på året kopla på eigen vassdragsgruppe ved embetet, men har no plikt og rett til å delta i høyringsprosessane knytt til vassdragsaker. Det er venta stor aktivitet på området "småkraftutbygging" i 2012.

## Klimatiltak

Landbruksavdelinga har gjeve uttalar til lokale klimaplanar og slik løfta fram landbruket som ein del av løysinga på klimautfordringane. Så godt som alle kommunane i Hordaland har no utforma lokale klimaplanar så ein ventar ikkje mykje meir arbeid på dette området framover. Arbeidet vil heller verte vridd over på implementering av tiltak som planane trekk fram.

Fylkesmannen har erkjent at Hordaland framleis ikkje er riktig klar for ei storstilt satsing på bioenergi. Med tanke på den sterke tilveksten i den ståande biomassen i fylket sine skogar i åra framover er det å vente at engasjementet kring bioenergi (energivirke, GROT,slip) vil auke. Landbruksavdelinga har parallelt med arbeidet med faste trebrenslar jobba for å få eit pilotanlegg for biogass etablert i fylket. Dette anlegget er i ferd med å bli montert og testa ut som del av eit samarbeidsprosjekt med Kvinnherad kommune og om resultatane vert slik som avdelinga har von om kan ein sjå føre seg ein storstilt utrulling av denne type "minianlegg" i stor skala i Vestlandsjordbruket.

På regionalt nivå vil Fylkesmannen framleis ha ein sentral rolle i fylket sitt klimanettverk. Mykje av aktiviteten i nettverket i 2011 var knytt til rådgjeving til kommunerepresentantane som og sitt i nettverket.

Fylkesmannen starta i 2011 samarbeid med fylkeskommunen om det faglege grunnlaget for ulike klimatiltak i landbruket, samt mobilisering av kommunane. Det er i gang arbeid med prosjekt i høve til nitrogenutnytting og mindre lystgassutslepp ved gjødsling og føring. Drenering vil her vere eit viktig bidrag. I tillegg er prosjekt knytt til meir for frå utmark - redusert nitrogenbehov ( landskap i drift ) og biogass ved anaerobe nedbryting av gjødsel. Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2011 etter søknadsomgang 2010 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmidde	Avfall	Andre miljøtiltak
FMHO	13262620		2513803	296508	2305750			
<b>Sum</b>	<b>13262620</b>	<b>0</b>	<b>2513803</b>	<b>296508</b>	<b>2305750</b>	<b>0</b>		

## 22.4 Økologisk landbruk

Utfordringane for Hordaland i forhold til utviklinga av økologisk landbruk er framleis dei same og krev veldig mykje støtte og oppfølging ift å auke på omleggingskanten. Gjennom tiltak, spesielt med fokus på etterspørselsida og primærproduksjonen, vil ein skape utvikling i dei enkelte produksjonane samt foredling og distribusjon. Dette gjeld for dei tre ulike produktgruppene vi har prioritert i handlingsplanen: grovførbasert kjøttproduksjon, mjølk og frukt. Vi ser at dei årlige målsetninga for omlagt areal, antall økologisk registrerte dyr ikkje berre blei nådd, men auka meir enn forventa.

Grunna rapporteringsrutinane til Debio får ein ikkje presise tal før om eit år etter produksjonsåre er avsluttet. Vi presenterer difor tal fra 2010.

Økologisk areal i Hordaland er på 2,5 % økologisk, saman med karensarealet på 2,8%.

Målsetning grønareal i 2010:	28.000 daa	Oppnådd: 10 005,2 + 17 757,5 (karens) = 27 762,2 daa
Målsetning ammekyr i 2010:	210 dyr	Oppnådd: 173 dyr
Målsetning andre storfe i 2010:	310 dyr	Oppnådd: 467 dyr
Målsetning sau og lam i 2010:	8 800 dyr	Oppnådd: 9 680 dyr

Økologisk frukt og bærarealet (inkludert karens) har steget i Hordaland fra 147 i 2009 til 220,7daa, auken forventast å gå raskare og raskare i framtida grunna veldig mykje forarbeid de første 2 åra i prosjektet.

Informasjonsarbeid, kompetansebyggende tiltak og samarbeid med fokus på dei spesielle utfordringane på Vestlandet har vore leiande for arbeidet vårt det siste året.

I tillegg har arbeidet knytt til føregangsfylke for Hordaland og Sogn og Fjordane vist tydeleg gevinst i samarbeidet mellom fylka.

I den siste handlingsplanperioden har vi vidare med *Kunnskap og Nettverk, Produksjons og Foredling og Omsetning* innen våre utvalgte satsingsområder: mjolk, grovfôrbasert kjøttproduksjon, frukt og bær.

Med våre satsingsområder hadde vi følgende tiltak i 2011:

**Søker:** **Prosjekttittel:**

**Fruktproduksjon/ grønnsaksproduksjon:**

**Njøs** Kvalitetskompost og aerob kompostkultur til bruk i frukt- og bærhager

**Norsk landbruksrådgeving** Økogrønt på lokale fat. Utvidelse av økologisk grønnsaksareal i økoløftkommune Voss.

**Grovfôrbasert kjøtt produksjon / melk:**

**Bioforsk Tjøtta/ Fureneset** Proteinrikt grovfôr basert på nitrogen fikserendeplaner under ulike klimaforhold (flerårig prosjekt, siste år)

**Norsk landbruksrådgeving Hordaland** Registrering av grovfôravling og næringsstoffrekneskap på økologiske bruk i Sogn og Fjordane og Hordaland (flerårig prosjekt, siste år)

**Norsk landbruksrådgeving Hordaland** Luserne som godt alternativ til tradisjonelle belgvekstar (flerårig prosjekt, siste år)

**Norsk landbruksrådgeving Hordaland** Praktisk plantevern – økologisk grovfôrproduksjon

**Norsk landbruksrådgeving Hordaland** Bygggråd på økobruk – spesialtilbod med rådgjevingstøtta frå handlingsplanmidlar

**Kunnskap og nettverk:**

**Oikos Vest** Informasjonsarbeid (VL), Økopris Vestlandet, Bergen matfestival, forbrukerundersøkelse på veiene av FMLA,

**RenMat** Støtte til produsentretta temautgave **Ren Mat 2011**

**FMLA** Kantinekurs (overføring fra i fjor grunnet begrenset midler)

**Reindryka** Utgifter kantinekurs (overføring fra i fjor grunnet begrenset midler)

**Oikos Vest** Spørreundersøkelse på matfestivalen. Hva treng forbrukeren, hvor skal det jobbes mer med?

**Foredling og omsetning:**

**FMLA** Prosjekt knytt til Bergen matfestival knytt til bruk av frukt /bær

**Farmhouse v Y. Gontareck** Produksjon av 2 nye reklamefilmer for økologisk landbruk på Vestlandet til kinovisning

**BIFF ( Bergen int. filmfestival)** Visning av økoreklamefilmer under filmfestivalen, innføring av økologisk mat på kino i Bergen

**Farmhouse** Kartlegging/ utvikling av markedsføringsmuligheter fro øko. Mat i

### **Føregangsfylke økologisk frukt og bær**

Føregangsfylke økologisk frukt og bær var i sitt andre prosjektår i 2011. Det er ikkje ferdig statistikk areal innan økologisk frukt og bær for 2011, og difor vanskeleg å seie noko om auke i øko-areal. Det er venta ei svak auke i arealtala grunna høge tal for karensareal i 2010.

Det har vore vanskeleg å rekruttere nye til å satsa på økologisk frukt-og bærproduksjon. Konvensjonelle dyrkarar har vorte kontakta direkte om moglegheiter for økologisk drift på deira gard. Det er mange eldre dyrkarar som ikkje har nokon som vil føre drifta vidare. I tillegg har signalane frå marknaden vore skiftande, noko som gjer det vanskelegare å ta steget over i ein meir arbeidsintensiv produksjon.

Aktivitetane i Føregangsfylke økologisk frukt og bær har likevel vore framtidsretta i 2011. Prosjektet testa ut nye agronomiske strategiar som handheldne mekaniske vispar for å tynne frukttre (plomme), ein uttesting som vart teken godt imot også hjå konvensjonelle dyrkarar. Økologiske visingsfelt i Hardanger og Sogn skal etablerast. I juni var fruktdyrkarar frå aust og vest i Noreg, på studietur til Sør-Sverige og Fyn i Danmark for å sjå på økologisk fruktproduksjon. Det er og sett igong prosjekt for å sjå på byråkratiske eller logistiske flaskehalsar innan økologisk frukt og bærproduksjon, som godkjenning av økologiske plantevermidel, statistikk, tilskotsordningar og sikring av aktiv drift på økologiske areal.

Det er underdekking i marknaden når det gjeld økologisk frukt. Økologiske bær er derimot eit vanskelegare produkt for sal, og produksjonen er låg. Det er usikkert kor mykje meirpris ein kan ta ut i marknaden for allereie høgt prisa konvensjonelle produkt. I tillegg er det kortare lagringstid og større svinn på økologiske bær enn lagringsdyktig frukt. Ein vil difor stimulera til lokal omsetjing av økologiske bær, fram til produksjonen er høgare. Samstundes vil ein påvirke grossistane og daglegvarehandlen til å lage ein langsiktigs satsing for å introdusera norske økologiske bær i daglegvarehandelen. Denne prosessen er nett sett i gong, og truleg vil ei slik satsing krevja ein oppfyljing ut over mandatet og arbeidstida som Føregangsfylkeprosjekta har.

## **22.5 Tre og miljø**

### **Bioenergi**

Fylkesmannen jobbar tett saman med Innovasjon Norge for å følgje opp regjeringa si strategi for auka bruk av bioenergi i Noreg. Det vart i 2011 etablert eit stort bioenergianlegg på Voss der ein ynskjer å nytte returvirke som brensel for varmeproduksjonen i eit tørkeanlegg for høgkvalitetsflis. Denne flisa er tenkt ut på ein regional marknad og landbruksavdelinga har jobbet fram vedtekter hjå selskapet som sikrar skogeigarar konkurransedyktige prisar på energivirke som dei ynskjer å levere til flisanlegget.

Landbruksavdelinga har kopla aktørar i Meland saman med selskapet Nordhordland Bioenergi for å bidra til å revitalisere selskapet. Avdelinga har og starta arbeidet med å kople ein av landets framste ekspertar på bioenergi inn mot ein evt. prosjektleiarstilling hjå selskapet for slik å kunne realisere det uforløyste potensialet i selskapet. Landbruksavdelinga vil følgje desse prosessane. Med tanke på den sterke tilveksten i den ståande biomassen i fylket sine skogar i åra framover er det å vente at engasjementet kring bioenergi (energivirke, GROT,slip) vil auke.

Kring 30 av kommunane i fylket har hatt sine lokale klima- og energiplanar på høyring hjå Fylkesmannen. Det har vore viktig for landbruksavdelinga å kommunisere skogen si rolle for bindinga av CO<sub>2</sub> (nyplanting og skogkultur) samt skogen som ressurs for klimavenleg energi (faste biobrensler som ved og flis). Det har ikkje vore retta nokre forespurnadar frå kommunane om råd kring implementering av tiltaka i planane.

Hordaland har etablert eit "Klimanettverk" der Fylkesmannen er godt representert for å diskutere, utvikle og iverksetje klimarettatiltak. Nettverket har hatt fleire møte med lanseringa av ein programvare som set kommunane i stand til sjølve å rekne på effekten av klimatiltak, som ein viktig milepel. Skog og bioenergi er sentrale tema for dei landbruksrelaterte diskusjonane.

Hordaland fylkeskommune har evaluert den regionale klimaplanen og FMLA har vore sentral medspelar i dette arbeidet.

## **Bruk av tre**

Prosjektet "Tre i sentrum" har også i 2011 hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og det nasjonale trenettverket. Prosjektet har vore ein aktiv part, nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. Prosjektleiaren har vore involvert i fleire potensielle trebyggeriprojekt.

Samarbeidet med politisk leiing og administrasjon i Bergen kommune har også i 2011 vore eit viktig arbeidsfelt for prosjektet. Under satsinga "Fremtidens byer" har Bergen kommune i samarbeid med oss, Husbanken og Fylkeskommunen gjennomført fleire frukostmøtar der trebyggeri har vore eit viktig tema. Stor merksemd fekk ein studentkonkurranse på Hegreneset i Sandviken der studenter fra arkitektstudentar fra Oslo, Bergen og Trondheim fekk utvikle eit konsept for ein ny energisentral, eit bygg som skal realiserast i praksis. Tre i sentrum, Kystskogbruket og Bergen kommune vart med å sponsa konkurransen. Fleire potensielle kommunale og private byggeprosjekt skal utviklast som forbildebygg innanfor materiale og energibruk. Omsorgsbustader på Rådalslien vart det første massivtre- og passivhusbygg i kommunal regi. No skal ein skule på Søreide realiserast.

Prosjektleiaren deltar i mange ulike prosesser, så og i arbeidet med eit IN-finansiert forprosjekt der Waldegruppen utgreier potensialet for etablering av ein elementfabrikk på Vestlandet.

Prosjektleiaren deltek aktivt i det nasjonale TREnettverket

## **Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk**

Det vart gjort vesentlege endringar i lovverket på dette området i 2009. Lovverket er omfattande og kommunane er førsteinstans ved handsaming av desse lovsakene. Fylkesmannen som kompetanseorgan på området er oppteken av at kommunane får god oppfølging i regelverket. Dette vert ivareteke gjennom dialog med kommunane. I 2011 var frådeling og omdisponering etter jordlova eit av mange tema ved den årlege landbrukskonferansen som fylkesmannen arrangerte for kommunane. Fylkesmannen ser trongen for ytterlegare kompetanseoppbygging i kommunane på dette område i regi av fylkesmannen.

Fylkesmannen er også tillagt ansvar for å føre kontroll med kommunane si praktisering av regelverket på området. I 2011 har kontroll av dette regelverket vore gjennomført i 8 av kommunane i samband med den forvaltningskontrollen som fylkesmannen gjennomfører på tilskotsområdet. Slik kontroll vil vi også halde fram med i 2012. Dette gjev oss eit bra innsyn i den einskilde kommune si praktisering av lovverket.

Fylkesmannen har ikkje så langt sett grunn til nytta sitt mynde i jordlova § 3 til å innhente fortløpande vedtak frå kommunar etter jordlova og konsesjonslova men har under fortløpande vurdering å nytte heimelen.

Fylkesmannen har i 2011 handsama i alt 25 saker etter konsesjonslov, jordlov og odelslov. Av desse var 3 førsteinstansvedtak og 22 klageavgjerder. I 8 av klagesakene vart klagar gjeve heilt eller delvis medhald i klagen. Tal klagesaker er om lag som året før.

Fylkesmannen vil tilslutt nemne ei problemstilling knytt til delingsforbodet i jordlova § 12. Dette gjeld søknader om frådeling av fallrettar i samband med småkraftutbygging. Motivet for slike søknader kan vere ønskje om å sikre eiga finansiering utan å måtte pantsette bruket, eller eit ønskje om å overdra rettane og areala heilt eller delvis til ein profesjonell aktør. Vi er usikre på om kommunane sin praksis i desse sakene er eigna til å sikre at viktige ressursar som til dømes fallrettar blir verande på bruket og på lokal eigarhand. Blant anna er vi usikker på om det er vanleg å dele frå fallrettane for alltid eller om det vert gjeve samtykke til tidsavgrensa utleie av rettane. Fylkesmannen i Hordaland har i denne samanheng ved brev til Statens landbruksforvaltning bede om at det sentralt vert vurdert om det er trong for å utforme nasjonale retningslinjer for handsaming av desse sakene.

## **Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

Landbruksavdelinga har teke imot om lag 150 søknader om erstatning etter avlingssvikt i frukt, grovfôr og bær. Det har i tillegg vore nokre søknader etter offentlege pålegg og etter tap av sau på beite.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2011 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
1	2	0	1	0	0

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
39	0	5	1	0	0	0	0	0

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2011

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,0

Antall personer: 5

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Bergen kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot-januar 2010 og august 2010, regionalt miljøprogram- 2010, SMIL-2009 og 2010, sjukeavløysing- 2009 og 2010, konsesjonssøknader- 2009 og 2010, fritak frå buplikt/driveplikt- 2009 og 2010, delingssaker etter jordlova § 12- 2009 og 2010, omdisponeringssaker etter jordlova § 9- 2009 og 2010, tilskot til skogkultur- 2009 og 2010, utbetalningar frå skogfond- 2009 og 2010, rekneskap for skogsvegar- 2010.
Registrerte avvik:	Manglande journalføring og arkivering av elektronisk leverte søknader om produksjonstilskot. Kommunen har tatt imot og godkjent ein RMP-søknad som vart levert før teljedato. Kommunen har godkjent ein RMP-søknad som manglar underskrift frå søkjar. Det mangla miljøplan trinn 2 på SMIL-sakene. Kommunen har avslått ein klage på SMIL, men ikkje sendt saka vidare til fylkesmannen. Det mangla dokumentasjon på sakene som gjaldt tilskot til avløysing ved sjukdom. I ei konsesjonssak mangla det vurdering frå kommunen om arealet sin bonitet som LNF-areal. Det mangla òg ei grunngeving for å gje konsesjon til ny bruk i strid med gjeldande plan for området. Søknader om skogkultur var ikkje journalførte og ein del søknader mangla underskrift frå søkjar. Anvisning av utbetaling av skogfond var mangelfulle og var ikkje journalførte. Kommunen har ikkje singart/stempla bilag ved gjennomgang av eit rekneskap for skogsveg.
Oppfølging av avvik:	Manglar tilbakemelding frå kommunen. Purring sent med ny frist mars 2012.

Kommune:	<b>Meland kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot- januar 2009 og august 2010, regionalt miljøprogram- 2009 og 2010, SMIL- 2009 og 2010, tilskot til avløyning ved sjukdom- 2009 og 2010, konsesjonssøknader- 2009 og 2010, delingssaker etter jordlova § 12- 2009 og 2010, omdisponeringssaker etter jordlova § 9- 2009 og 2010, tilskot til skogkultur- 2009 og 2010, utbetalningar frå skogfond- 2009 og 2010, rekneskap for skogsvegar- 2010.
Registrerte avvik:	Kommunen har tatt imot og godkjent to søknader om produksjonstilskot som vart levert før teljedato. Kommunen har rekna feil i eit vedtak om sjukeavløyning, slik at søkjar har fått kr 285,- for lite utbetalt. Søknader om tilskot til skogkultur var ikkje journalførte.
Oppfølging av avvik:	Kommunen retta vedtaket om sjukeavløyning same dag som fylkesmannen var på kontroll.

Kommune:	<b>Osterøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot- januar 2010 og august 2010, regionalt miljøprogram- 2010, SMIL- 2009 og 2010, tilskot til avløyning ved sjukdom- 2009 og 2010, konsesjonssøknader - 2009 og 2010, fritak frå buplikt/driveplikt- 2009 og 2010, deøomgssaler etter kprdøpva § 12- 2009 og 2010, tilskot til skogkultur- 2009 og 2010, utbetaling frå skogfond- 2009 og 2010, rekneskap for skogsvegar- 2010.
Registrerte avvik:	SMIL-saker mangla miljøplan trinn 2. Ei sak om sjukeavløyning mangla dokumentasjon på utbetalt lønn. I ei anna sak på sjukeavløyning var det brukt bruttobeløp istaden for nettobeløp på utgiftene, men i denne saka fekk ikkje feilen konsekvensar for utbetalinga. Manglande signatur av føretaket på kontrollskjema frå stikkprøvekontroll av RMP. I ei delingssak etter jordlova § 12 var grunngevinga for vedtaket om frådeling av hus nr to, svært knapp. Fylkesmannen meiner at bruket har slike arealressursar/driftsgrunnlag at det ikkje er forsvarleg å dele frå hus nr to. Fylkesmannen fann òg fleire andre delingssaker der det var svært knapp grunngeving for frådeling av hus nr to.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har frist for å komme med tilbakemelding på oppfølging av avvik i byrjinga av mars 2012.

Kommune:	<b>Radøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot- januar 2010 og august 2010, regionalt miljøprogram- 2010, SMIL- 2009 og 2010, tilskot til avløyning ved sjukdom- 2009 og 2010, konsesjonssøknader- 2009 og 2010, fritak for buplikt/driveplikt 2009 og 2010, delingssaker etter jordlova § 12- 2009 og 2010, omdisponeringssaker etter jordlova § 9- 2009 og 2010.



Registrerte avvik:	Ingen avvik.
Oppfølging av avvik:	
Kommune:	<b>Voss kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot- januar 2010 og august 2010, regionalt miljøprogram- 2010, SMIL- 2009 og 2010, tilskot til avløyning ved sjukdom- 2009 og 2010, konsesjonssøknader- 2009 og 2010, delingssaker etter jordlova § 12- 2009 og 2010, omdisponeringssaker etter jordlova § 9- 2009 og 2010, tilskot til skogkultur- 2009 og 2010, utbetalningar frå skogfond- 2009 og 2010, rekneskap for skogsvegar- 2010.
Registrerte avvik:	SØknader om produksjonstilskot, RMP og sjukeavløyning var ikkje journalførte i kommunen. Kommunen har godkjent ein søknad om produksjonstilskot som var undertekna av ein person utan formell rolle i føretaket. Kommunen har tatt imot og godkjent ein søknad om produksjonstilskot som vart levert til kommunen før teljedato. Kommunen har godkjent ein søknad om sjukeavløyning utan å ha sett dokumentasjon på næringsinntekt. Fleire saker om sjukeavløyning hadde kun dokumentasjon for næringsinntekt for eitt år.
Oppfølging av avvik:	Manglar tilbakemelding frå kommunen. Purring sendt med ny frist mars 2012.

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Forvaltningskontrollen blir oppfatta som positiv av kommunane og fører gjerne til betre dialog med kommunane i etterkant. Det er nødvendig å setje fokus på kontroll av fleire tilskotsordningar enn produksjonstilskot.

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Fylkesmannen har stor fokus på rolla som fag- og utviklingsaktør på landbruksområdet. I visjon og mål for arbeidet ved avdelinga skal vi vere aktive mellom anna ved å arrangere ulike typar fagkonferansar og møteplassar for kommunane og næringa.

Vi hadde i 2011 fagkompetanse på dei fleste viktige områder for å kunne vere ein samarbeidsaktør både ift næringa og kommunane, men også for andre. Fagkompetanse vert nytta i mange prosjektgrupper og faggrupper knytt til interne og eksterne prosjekter.

Styring av kommunane sin kompetanse;

- Vi arbeider etter informasjonstrategien som vart vedteken i 2009 der fokus blei lagt til formidling på nett. Vi har i tillegg bidrege inn i embetet sin informasjonsstrategi. Vi leverte informasjonsstoff til LMD's Fylkesnytt to gonger i 2011.
- FM gjennomførte ein større landbrukspolitisk konferanse for kommunane på Stord i 2011, der organisasjonane, politisk og administrativ leiing i kommunane og det regionale partnerskapet var samla. Dette er eit viktig fora for formidling og diskusjon rundt utfordringane knytt til landbruket i fylket.
- Det blei gjennomført 2 samlingar for kommunane innanfor tilskotsforvaltning, ei samling om produsjonstilskot og velferdsordningane og ei samling med tema kontroll.
- Det blei gjennomført 3 regionale samlinger i fylket med tema LIB og SMIL.
- I samband med oppfølging av kommunane ift gardskartprosessene, blei det gjennomført 3 kurs med marksalgstema og 1 beitevandring.

- Saman med Rogaland og Agderfylka blei det arrangert kompetansekurs ift landbruksjuridiske fag - her var det fleire felessamlinga og eksamen. Kurset har vore støtte av kommuneretta midler
- Det har også vore gjennomført fagtur for kommunane til Island. På denne turen var hovudtema sau / beite og skog / bioenergi. 25 stk frå kommunane vart med. Turen vart støtte av kommuneretta midler.
- Innannfor fagområde skog vart det gjennomført felles kommunesamling med S&F.
- Det har vore styringsdialogmøter med 5 kommunane i 2011. Her er det tett dialog med ordførar og rådmenn om kommunen som landbrukspolitisk aktør.

### **Styrking av førstelinjetenesta;**

Kommuneprosjektet hadde oppstart i 2008 og har vore utvikla og drive av partnerskapet i samråd med KS og regionråda. Ved utgangen av 2011 har 27 av 33 kommunar signert samarbeidsavtalen. I avtalen inngår tilbod om deltaking i ulike kompetansetilbod, konferansar, kurs, etableropplæring osv, og kommunane forpliktar seg å avklare korleis dei vil arbeide med og synleggjera si rolle som næringsutviklar ( inklusiv landbruk). Kommunane skal sikre god integrering og samarbeid mellom landbruk og øvrig næringsutvikling. Kommuneprosjektet er i prinsippet avslutta, men som ledd i LUK-satsinga er prosjektet forlenga til 2015.

Hordaland fylkeskommune saman med partnerskapen, fekk i 2011 støtte frå KRD sitt program Lokal samfunnsutvikling i kommunane. I Hordaland er LUK-satsinga retta mot å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnerskapen, der det mellom anna er lagt vekt på kommunane som førstelinjeteneste for næringsutvikling. I samarbeid med høgskulen for landbruk og bygdenæringar har partnerskapen utvikla eit nytt studiepoenggevendende kurs i samfunnsentreprenørskap , åtte kommunar deltek pr dato på kurset. Arbeidsgruppa for LUK har i tillegg gjennomført dialogmøte med ca 20 kommunar for å sette fokus på utviklingsrolla til kommunane .

### **Samarbeidet med KS**

Samarbeidsavtalen mellom KS og LMD er fylgt opp gjennom kontakt mellom landbruksavdelinga og KS. Vi har hatt kontakt/informasjonsmøte og samarbeidd om om å setje landbruk på dagsorden i kommunane.

### **Bruk av midlane til kommuneretta arbeid.**

I 2011 fekk Hordaland kr 65 000 kroner til kommuneretta arbeid. Dette vart brukt som støtte til - kompetansegivande kurs juridiske fag og fagtur til Island for fagansvarlege jord og skog i kmmunane.

## **Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging**

Vi har arbeidd for å oppnå jordvern målet i 2011 gjennom ei differensiert arealforvaltning og dialog med kommunane. Gjennom strategien for arealarbeidet (Arealstrategi for Hordaland, revidert 01.01.10) vel vi å ha større restriksjonar i pressområde og i område med særskilt verdfullt jordbruksareal/kulturlandskap. Strategien skal skal bidra til forutsigbar og framtidretta arealforvaltning. Embetet vart omorganisert den 01.04.11 og det vart danna ei planavdeling som no tar for seg jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging i tett samarbeid og dialog med landbruksavdelinga. Vi er tidligare inne i prosessane med kommunale og har ein betre dialog. Fleire kommunar har tilpassa planane i fht den politikken som fylkesmannen har fronta. Kommunane tar i større grand omsyn til dyrka mark og kulturlandskapet i si planlegging .

### **26.1 Jordvern og kulturlandskap**

#### **Utviklingstrekk**

Avgang av dyrka mark er framleis i ei negativ utvikling i fylket. Avgangen er mindre enn før, men framles gjer sterk vekst og utvikling i sentale strøk at dyrka areal vert nedbygd. Dette skuldast mellom anna at sentrumsoråde i kommunane ligg nær opptil dei beste dyrka areala i kommunane. vi legg difor stor vekt på kjerneområdekartlegging i kommuneplanprosessane for å hindre at dei mest verdifulle areala vert bygd ned

#### **Kjerneområde landbruk**

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareførte i 2011. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk. Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr.31.12.11 har 28 kommunar gjennomført eller er i prosess med kjernearealkartlegging i ein eller annan form. Bergen kommune har gjennomført ei kartlegging etter eit eige system. I nokre tilfelle er kartlegginga



## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

#### 31.1 Tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført tilsyn på opplæringsområdet i samsvar med tilsynsplan 2011 for fylkesmannsembeta, med avvik i høve planlagde eigeninitierte tilsyn. Felles nasjonalt tilsyn blei gjennomført i fire kommunar med tilsaman 12 grunnskolar og i fylkeskommunen med fire skolar, tilsaman 16 skolar. Tilsyn på prioriterte område, med gjennomføring av nasjonale prøver blei gjort i tre kommunar og tilsyn med vaksne sin rett til grunnopplæring blei gjennomført med tre kommunar. Grunna sjukdom i personalet blei ikkje det planlagde tilsynet med vaksne sin rett til grunnopplæring gjennomført med Hordaland fylkeskommune. På slutten av året innhenta Utdanningsavdelinga dokument gjeldande vedtak om spesialundervisning frå éin kommune. Alle tilsynsrapportane er publisert på fylkesmannen.no.

Av omsyn til samhandling innad i embetet er det ikkje mogleg utelukkande å velje ut tilsynsobjekt ut i frå ei risiko- og vesentlgeitsvurdering. I nokon grad vil utvalskriteriet vere kva kommune som faktisk «står for tur».

Omfanget av felles nasjonalt tilsyn kravde store ressursar av avdelinga, og det blei derfor ikkje rom for eigeninitierte tilsyn. Tilsaman fire tilsette var ansvarleg for dei felles nasjonale tilsyna, og ein tilsett ekstra tok del i tilsyn på prioriterte område. Strategien for tilsynsarbeidet var i hovudsak å gjennomføre det omfanget av tilsyn som Utdanningsdirektoratet påla embetet. Dette omfanget var så stort i høve den bemanninga Utdanningsavdelinga hadde i 2011 og framleis har, at det ikkje har vore mogleg for avdelinga å gjennomføre en systematisk informasjonsinnhenting som gir eit oversyn over risikoområde og indikasjonar på regelbrot i fylket frå offentlege og private skolar.

#### 31.2 Klagesaksbehandling

Avdelinga hadde i 2011 sjukefråver som bidrog til redusert kapasitet. Hordaland har som landets nest største fylke mange innkomne saker, både klagesaker og andre førespurnader som i sum tek mykje av dei disponible ressursane i avdelinga. Embetet/avdelinga sine ressursar er ikkje i samsvar med saksmengde/arbeidsoppgåver i den andre største utdanningsfylke i landet.

Strategi for arbeidet er:

Internt på avdelinga har vi prioritert god kompetanse kombinert med eit erfaringsarkiv.

Vi har eit mål for sakshandsamingstid på 6 veker.

Omfattande rettleiing er god førebygging og kvalitetssikring.

God service til både brukarar og skoleigarar er prioritert

Samla sett har det vore ei nedgang i talet på klager i 2011. Utdanningsavdeling har handsama om lag like mange klagesaker i 2011 som det avdelinga gjorde i 2009. Ein del av klagene er svært krevjande, både i innhald og omfang. Nokre saker kan ressursmessig ha same omfang som tilsyn. I den samanhengen må nemnast at saker som gjeld elevane sitt skulemiljø har vore arbeidskrevjande. Det må ofte hentast inn fleire opplysningar før sakene kan handsamast hjå Fylkesmannen.

Omfanget av klager er størst på standpunktarakterar i grunnskolen. Avdelinga har i 2011, som tidlegare år, brukt tid på at avgjerd i desse sakene skal ha høg kvalitet og god informasjonsverdi i eit rettleiingsperspektiv.

Klagene på rett til skyss er samansette saker, som i ein del tilfelle krev synfaring for å trekke skille mellom vanleg skuleveg og særleg farleg og vanskeleg skuleveg.

Utdanningsavdelinga ha handsama 10 klagesaker som gjeld introduksjonslova i 2011.

Fleire av reglane i opplæringslova er, eller blir oppfatta som rettar for elevane. Difor er det også mange, særleg foreldre, som tek kontakt om regelverket. Det er ikkje kapasitet til å utføre dette rettleiingsarbeidet i høve til det registrerte behovet.

Avdelinga klarer i nesten alle saker å halde den interne fristen for sakshandsaming. Unntak er kompliserte saker, som krev arbeid over lang tid. I fleire saker krevst det innhenting av fleire opplysningar. Arbeidet på avdelinga er organisert slik at same personar må nyttast til fleire oppgåver, til dømes sakshandsaming, tilsyn, eksamen og rettleiing. Fordelen er at medarbeidarane får ein brei kompetanse, ulempene er at oppgåvene kan kollidere i tid. All den tid klager har rett til både å få handsama klagen og rett til rettleiing, må avdelinga organisere sakshandsaminga på denne måten. Klagesakshandsaminga vert prioriterte høgt, då desse sakene gjeld individuelle rettar.

Det er stor skilnad på kommunane i høve til skulefagleg kompetanse. Dette gjer seg utslag i etterspurnad til vår avdeling, også direkte frå skulenivå. Avdelinga har erfaring og kompetanse innanfor området, men avgrensa ressursar.

Vi hadde i 2011 ei undersøking ute hjå alle kommunane knytt til spesialundervisning. Noko av bakgrunnen for undersøkinga er erfaringar frå klagesaker over fleire år. Resultat frå denne undersøkinga vil også nyttast i arbeid med tilsyn

FM vurderer kvaliteten på vedtak til å vere gjennomarbeidd i høve til dei krava lova set. Når det gjeld rapporteringspunkta a-d frå Udir kan desse svarast på samla. Vi har som avdeling god kompetanse, men knappe ressursar. Klagesaker har etter opplæringslova høgare prioritet enn tilsyn.

#### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	222	9	43	170	
Lokalt gitt muntlig eksamen	4	0	4	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	7	1	6	0	
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	2	0	1	1	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	3	1	1	1	
Spesialundervisning, § 5-1	26	11	6	9	
Skyss, § 7-1	13	2	8	3	
Skoleplassering, § 8-1	8	2	6	0	
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	0	1	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	7	4	0	3	
Annet	13	1	11	1	
Sum	307	31	87	189	

#### Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Sentralt gitt skriftlig eksamen	2158	449	1709	0	
Særskilt inntak, § 3-1 sjette ledd	1	0	0	1	
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	0	1	

Annet	4	3	1	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	1
Sum	2165	452	1710	3

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	1	0	0	1	
Sum	1	0	0	1	

Klage i private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Inntak, § 3-1	1	0	0	1	
Sum	1	0	0	1	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	7	2	0	5	
Sum	7	2	0	5	

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

#### Resultatkrava er innfridde.

Avdelinga har brukt omlag 12 veker til arbeid med GSI i 2011. Dette er tilsvarande som i 2010. Mykje av tidsressursen er knytt til GSI-utviklingsarbeid. FMHO representerer Sør-Vest regionen i Udir si faggruppe. Fokus i arbeidet er å gje framlegg til skjema, tekstar til rettleiing, framlegg til rapportar, kontrollar mm. Det arrangerast eigne samlingar for Sør-Vest fylka. FMHO samanfatar erfaringar som er gjort og gjer innspel til direktoratet ut frå desse. Vår oppfatning er at tilbakemeldingane frå direktoratet når det gjeld arbeidsgruppa sitt arbeid er gode. Kommunane sine tilbakemeldingar tyder på at GSI stadig vert oppfatta som meir brukarvennleg og relevant.

I september vart alle kommunane samla for å få informasjon, rettleiing, naudsynte avklaringar og sjølv sagt for å kunne gje innspel om det som var uklart. Sjølv om responsen frå kommunane er positiv i den forstand at GSI er blitt betre, så ser vi at rettleiingsaktiviteten ved avdelinga, og tilsvarande rettleiingsbehovet ute i kommunane, er forholdsvis stor.

I 2010 hadde FMHO ein strategi der vi hadde særleg merksemd på skolar og kommunar der systemet viste mange åtvningar, der det var store endringar i tala og/eller der det var nye personar som hadde ansvaret for rapporteringa. Denne strategien har vi vidareført og vi vil følge opp korleis utviklinga i desse kommunane/skolane er over tid.

Nytt av 2011 var at direktoratet berre la opp til ein kontrollperiode. Dette har det vore vanskeleg å planlegge for, med den konsekvens at andre løpande oppgåver måtte ha prioritet. Det vart difor krevjande å få løyst kontrolloppgåvene innanfor tidsvindaugget på tre veker.

#### Ressurssituasjon og kompetanse - vurdering

Kontoret har høg kompetanse på GSI-området. Det må likevel konkluderast med at vi er sårbare i den forstand at kompetansen primært er knytt til ein rådgjevar, etter at ein sentral medarbeidar på GSI-området gjeikk ut i langtidspermisjon tidleg haust. Ny medarbeidar vil vere på plass frå 1. mai 2012. Med denne periodiske reduksjonen i bemanninga har kontoret totalt sett prioritert GSI-arbeidet på det nivået som er omtalt her.

## 31.4 Informasjon og veiledning

### Vidaregåande opplæring

Det er eit stort behov for informasjon og rettleiing om regelverket innan vidaregåande opplæring. Problemstillingane gjeld i særleg grad vurdering, dokumentasjon og vitnemål, men spørsmål om lov og reglar innan fagopplæringa aukar også. Mange skular vender seg direkte til Fylkesmannen med spørsmål, dette gjeld både dei offentlege og dei private skulane. Fylkesmannen har god kompetanse på området, og vi opplever for det meste eit godt samarbeid med Utdanningsdirektoratet når det er behov for avklaringar. Ein viktig strategi er å auke kompetansen hos skuleeigar og skulane. Derfor har vi mellom anna vore med å arrangere samlingar om dokumentasjon og vitnemålsføring saman med fylkeskommunen.

### Nettsidene

Nettsidene til utdanningsavdelinga spelar ei viktig rolle i arbeidet med informasjon og rettleiing om lov og regelverk, både overfor skuleeigarane og andre. Avdelinga har til dømes egne meny punkt med informasjon om lov og regelverk for ulike typar klagebehandling. Totalt har avdelinga hatt om lag 80 oppslag i 2011 på fagsidene, og mange av desse omhandlar spørsmål om lov og regelverk.

## 31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

### Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

#### *Ressursbruk, kompetanse og strategi*

Avdelinga hadde fram til hausten 2011 tre saksbehandlarar på området. Etter at ein saksbehandlar gjekk ut i permisjon, og ikkje vert erstatta av ny før i mai, vil avdelinga vera sårbar i eksamensarbeidet våren 2012.

Etter vår vurdering har Utdanningsavdelinga høg kompetanse og lang erfaring i høve til dei oppgåvene vi skal løyse på dette området. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk. Saksbehandlarar på eksamen er også nytta til klagebehandling og tilsyn, og dette gjev føringar for tidsbruk.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleeigarane. Vi hadde tilsyn med tre kommunar i samband med gjennomføringa av nasjonale prøver 2010. Resultat frå desse tilsyna var tema på samling med skolefagleg ansvarlege i kommunane.

I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om PAS og PGS og gjennomføring av eksamen, samt kartleggingsprøver. Dette har gitt god oppfølging og ansvarleggjing av skuleeigar, og har ført til at få skular vender seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er framleis for stort, og det er eit klart mål både for Fylkesmannen og fylkeskommunen å få redusert dette.

I februar hadde vi ei samling for kommunar/skular som ikkje hadde nytta PGS-A for digital levering av elevsvar ved eksamen i grunnskulen.

#### *PAS og PGS*

PAS/PGS har gjort arbeidet med eksamen meir effektivt, men det går framleis med mykje ressursar til brukarstøtte, og då særleg i høve til sensorar når det gjeld eksamen og kommunar/skular når det gjeld nasjonale prøver. PAS-hjelpen til direktoratet fungerer bra.

Det er framleis litt for mange skular som slit med tekniske problem knytt til gjennomføringa av dei elektroniske nasjonale prøvene i engelsk og rekning.

Fellessensuren i grunnskulen fungerte som den skulle, men har fått ein meirkostnad på grunn av nettsupport og nettilgang for alle sensorane.

Fellessensuren i vidaregåande opplæring våren og hausten 2011 fungerte bra og blei gjennomført etter dei sentrale retningslinene.

#### *Nasjonale prøver*

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningsliner.

Ein del kommunar hadde elevar som var registrerte i Pas med "Fritatt" for nasjonale prøvar i 2011, og som i prosent av elevtalet på trinna, låg godt over gjennomsnittleg fritak på nasjonalt nivå. På dette området hadde vi tilsyn med tre kommunar. Tilsynet var knytt til gjennomføringa av prøvene i 2010. Vi planlegg tilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøver i 2011 i to kommunar.

Når det gjeld registrering av fritak av elevar for nasjonale prøver, vil vi visa til tidlegare rapportering. Med rolle i PAS som "Skoleadministrator" har rektor framleis ikkje tilgang slik at han/ho får sjå kva enkeltelevar som er registrerte med status "Fritatt" i PAS.

Det er framleis skular som ikkje fekk med seg frist for registrering av resultat frå leseprøvene. Trass i påminning frå direktortet og fylkesmannen. Dette må følgjast opp vidare i kontakten med kommunane.

#### *Elektroniske kartleggingsprøver*

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Utvidinga av prøvene - særleg i vidaregåande opplæring - har ført til meir arbeid med brukarstøtte og oppfølging av skuleeigar og skular.

#### *Sentralt gitt eksamen i grunnskulen*

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 7667 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 108 sensorar.

Sensorskulering. Vi arrangerte fagsamlingar for alle sensorane 6. juni. Det var 100% frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursopplegga.

#### *Lokalt gitt eksamen i grunnskulen*

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket.

Vi fekk inn 5 klager på munnleg eksamen. Ei av desse fekk medhald.

#### *Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring*

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralt gitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til våreksamen om lag 25 000 påmeldte kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 278 sensorar. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga med unntak av norsk. Her klarte vi så vidt å dekkje behovet til våreksamen, men vi er svært sårbar og bekymra for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida.

Omfanget av sensorskulering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar, men det er uheldig at nokre sensorar ikkje deltek på skulering.

#### *Lokal gitt eksamen i vidaregåande opplæring*

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokal gitt eksamen i fylket.

#### *Bruk av resultat i tilsynsarbeidet*

Fylkesmannen bruker aktivt resultatata frå eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

### **Fylkesmannen i Hordaland**

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som			



fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		
--	---	--	--

	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	I Hordaland vart 2% av elevane fritekne for nasjonale prøver i 2011. Landsgjennomsnittet ligg på 2,6%.	Det er variasjon i fritak frå kommune til kommune. 16 av dei 33 kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet.	Nokre av dei kommunane som har høg fritaksprosent har lågt elevel og får dermed stor prosentvis utteljing på statistikken.	Fylkesmannen planlegg skriftleg tilsyn med to av kommunane som har høg fritaksprosent.

### 31.7 Tilskuddsforvaltning

Tilskot knytt til leirskoleopplæring er forvalta etter føresetnadane frå sentralt hald. Oppgåvene er utført i samsvar med oppdragsbrev.

Det er eiga rapportering på desse tilskotsområda:

Del 1-økonomirapportering/del 2-tilskotsforvaltning. 3 tertialrapport er sendt jf. fullmaktsbrev.

FMHO har ingen indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket. Kor mange stikkprøvekontrollar vi kan ha er eit ressurs spørsmål. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

### 32.2 Kompetanseutvikling

#### *Informasjon og motivasjon kring statlege kompetanseutvikling*

Kompetanseutvikling har vore tema på samlingar for kommunane. I tillegg har det vorte informert om og motivert for ordninga på internett, via e-post og i telefonsamtalar. Arbeidsutvalet i Gnist har også vore aktivt med i profilering og motivering for deltaking på den statlege ordninga. Fylkesmannen har ikkje kontaktnett til privatskulane som gjer det praktisk mogeleg å få informert og motivert for ordninga på same vis som ovanfor kommunane. Privatskulane har fått informasjon gjennom heimesida til Fylkesmannen og når dei har teke kontakt med Utdanningsavdelinga.

Arbeidsutvalet i Gnist Hordaland har planlagt ei samling for partnarane i juni 2011 der kompetansebehov og kompetanseutvikling vil vera tema. Målgruppa vil vera partnarane i Gnist, med særleg prioritet på deltaking frå skuleeigarane.

#### *Fordeling av midlar til etterutdanning*

Det vart søkt om ca. 13,6 millionar kroner til etterutdanning. Det vart tildelt ca. 4,7 millionar kroner, det vil seia om lag 34 % av det omsøkte. Midlane vart tildelt til prioriterte område slik det kjem fram i brev frå Utdanningsdirektoratet datert 18.02.2011.

#### *Arbeid med vidareutdanning*

Fylkesmannen har utført oppdraget i samsvar med brev frå Utdanningsdirektoratet datert 23.02.2011.

116 lærarar frå Hordaland deltek i ordninga med vidareutdanning i 2011/2012. Førre skuleår deltok 160 lærarar. Tilbakemeldingar frå skuleeigarar tyder på at det er økonomiske årsaker til at færre lærarar deltek i ordninga dette skuleåret.

I 2011 var det ei utfordring at Fylkesmannen fekk informasjon om skuleeigarane sine søknadar og Utdanningsdirektoratet si handsaming av søknadane nær opp til vår frist for å senda melding til skuleeigarane. Sjølv om Fylkesmannen i 2011 ikkje handsama søknadane frå skuleeigarane, krev det framleis mykje arbeid frå embetet si side, frå skuleeigarane melder behov for midlar til vidareutdanning og fram til fristen for utbetaling av midlane den 15. oktober.

#### *Kontroll og oppfølging av skuleeigarane si rapportering på midlar til etter- og vidareutdanning*

Det er framleis nokre manglar i rapporteringa frå skuleeigarar. Ikkje alle skuleeigarane rapporterer innan fristen. Fylkesmannen har difor ein del arbeid knytt til rettleiing og oppretting av feil i rapportane.

#### *GNIST*

Arbeidsutvalet i Gnist Hordaland har hatt fleire arbeidsmøte, delteke på Utdanningsmessa i Grieghallen og arrangert partnerskapsmøte i 2011. Fleire av medlemmane i AU Hordaland deltok på dagsamling for partnarane i Oslo hausten 2011. Det har vore mykje kontakt mellom medlemmane i AU. Både enkeltmedlemmar og mindre grupper i AU har teke initiativ til å profilera eller gjennomføra tiltak innanfor Gnist-samarbeidet. Dette har skjedd utanom møta i AU, men heile AU har vore informert og kome med innspel i forhold til slike tiltak. Som døme på eit slikt tiltak så vart det sendt ut ein lokalt utarbeidd plakat til skuleeigarar og andre i samband med lærardagen den 5. oktober.

AU har planlagt ei samling i 2012 der skuleeigarane er ei viktig målgruppe. Rekruttering, kompetanse og kompetanseheving vil vera viktige tema på det møtet.

#### *Ressursar og kompetanse*

Utdanningsavdelinga har kompetanse til å utføre oppdraget innanfor området kompetanseutvikling. Avdelinga har avgrensa ressursar som skal løysa mange ulike oppgåver. Dette medfører at det vert for lite tid til å gjera alle oppgåvene på ein måte som tilfredsstillar dei kvalitetskrava me set til oss sjølve. Innanfor området kompetanseheving merkar me dette særleg når det gjeld å spreia informasjon om og motivasjon for å delta i Kompetanse for kvalitet. I tillegg til dette skulle me gjerne prioritert arbeidet i partnerskapet for GNIST endå høgare.

## **32.3 Skoleporten**

### **Resultatkrava er innfridde.**

Vi konkluderer med at resultatkravet er innfridd sjølv om FMHO ikkje har hatt nevneverdig prioritet på å legge trykk på at Skoleporten vert nytta i kommunane sitt lokale utviklingsarbeid.

I 2011 har FMHO samla inn tilstandsrapportar frå kommunane for å få eit samla oversyn over a) at kravet om tilstandsrapportering vert følgt opp, b) å få oversyn over korleis kommunane nyttar skoleporten og dei verktya som ligg der i tilstandsrapporteringa c) for å få kunnskap om korleis data vert vurdert og analysert på kommunenivå. I 2011 har FMHO planlagt for ein større utdanningskonferanse i 2012 der nettopp tilstandsrapportering er eit sentralt tema. Planleggingsperioden som var i 2011 var forholdsvis tidkrevjande, men med det resultat at vi har eit godt innblikk i bruken av skoleporten ute i kommunane våre.

Informasjon frå skoleporten vert systematisk nytta i samband med tilsynsarbeid og som del av og grunnlag for anna kvalitetsarbeid. Denne systematikken inngår som FMHO sin viktigaste strategi for å auke relevans i tilsyn- og kvalitetsarbeid.

### **Ressursar og kompetanse - vurdering**

FMHO har god kompetanse men for liten ressurs til å utnytte det potensialet som ligg i skoleporten. Dette gjeld både til intern bruk, men ikkje minst i arbeidet ut mot kommunane. Skoleporten er eit viktig verkty i FMHO si rolle som sektorovervåkar. Analysen og vurderingar av data er tidkrevjande og har ikkje fått den prioriteten vi ideelt sett ønskjer .

## **Fylkesmannen i Hordaland**

### **1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?**

Ja

#### Øvrige kommentarer

FMHO har deltatt på direktoratet sine samlinger.

#### **2. Hvordan har embetet lagt til rette for at Skoleporten brukes i lokal kvalitetsvurdering?**

FMHO har ikkje hatt kapasitet til å arrangere eigne samlinger for kommunane knytt til skoleporten i 2011. Tilrettelegging har difor hatt form av rettleiing og synleggjering av potensialet skoleporten har etter konkrete henvendingar frå kommunane.

#### **3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?**

Nytt av 2011 er at avdelinga har følgd opp kommunane sitt krav om tilstandsrapportering gjennom å samle inn Tilstandsrapportar. Vårt inntrykk er at kommunane følgjer opp kravet om tilstandsrapportering, og at dei nyttar dei verktya som er gjort tilgjengeleg frå direktoratet si side.

#### **4. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?**

Ja

#### **5. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:**

blir betre

### **32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting**

#### Arbeidslivsfaget

Fylkesmannen har følgd opp forsøket med arbeidslivsfaget gjennom å arrangere samling for skulane og kommunane som er med i forsøket. Ei arbeidsgruppe med representantar frå nokre av skulane var saman med Fylkesmannen med på å utarbeide program og ta ansvar for gjennomføringa. På samlinga blei det særleg sett fokus på vurdering og eksamen. Det er vår klare oppfatning at skulane arbeider svært godt med faget, og at det blir godt mottatt av lærarar, elevar og foreldre.

Fylkesmannen har hatt jamleg kontakt med kommunane som er med i forsøket.

Fylkesmannen har sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide prøveoppgåver til lokalgitt eksamen i faget våren 2012, og har gjort avtale med kommunane Fjell og Bergen om at det skal trekkast elevar ut i faget. Fylkesmannen vil og i samarbeid med arbeidsgruppa arrangere sensorskulering for aktuelle faglærarar.

Forsøk med framandspråk på 6. og 7. trinn

Fylkesmannen har rapportert til Utdanningsdirektoratet om forsøket. Det er 2 skular som deltek i forsøket i Bergen kommune. Begge desse skulane er kombinerte skular og elevane vil kunna halda fram med same framandspråket på ungdomstrinnet.

Fylkesmannen har hatt kontakt med kommunen som er med i forsøket.

#### Statleg rettleiarkorps

Fylkesmannen har deltatt i Utdanningsdirektoratet sin ressursgruppe for rettleiarkorpsset og har i den samanhengen følgd samlingane for rettleiarane i 2011-gruppa. Vi har i mindre grad hatt kontakt med kommunane og fylkeskommunen om ordninga og utbyttet av deltakinga. Korleis samarbeidet mellom fylkesmannen, direktoratet og rettleiarane kan betrast, har vi gitt innspill til på samlingane og på møtet i januar 2012 i direktoratet.

### **32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

Konkret vurdering av eigen måloppnåing:

Mål for arbeidet har vore mykje det same som for 2010:

- Sikre rettleiing og informasjon til kommunane, fylkeskommunen og andre om regelverket, med vekt på opplæringslova kapittel 5
- Informere kommunane om resultat frå eiga kartlegging som tok sikte på å finne ut kvifor vi har hatt ei stor nedgang i talet på klagesaker på spesialundervisning
- Vurdere kunnskap Fylkesmannen får gjennom klagesakhandsaming med tanke på tilsyn eller anna oppfølging.

Det er ikkje sett mål for arbeidet ut over dette.

Grunna høgt omfangskrav frå Utdanningsdirektoratet om felles nasjonalt tilsyn, har det ikkje vore mogleg av ressursmessige årsaker å prioritere tilsyn på området spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Avdelinga har like fullt vore aktive med informasjon og rettleiing. Utdanningsavdelinga, har dagelege førespurnader om barn og elevars rettar når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. I tillegg til enkelte omfattande klagesaker, bruker vi jamleg tid på å svare på epost og telefon. Vi rettar eigen informasjon og rettleiing mot ansvarlege for barnehage og skole i kommunane, i tillegg til førespurnader frå føresette og til tilsette i PPT, skole og kommunar. Skoleeigarane og PP-tenestene gir tilbakemelding om at dei opplever et Utdanningsavdelinga er godt tilgjengeleg og følgjer opp dei ulike førespurnadene.

Avdelinga møter årleg på ei større samling for tilsette i PP-tenestene i fylket, der vi orienterer om nyhende på eller knytt til området. Vi har også i 2011 informert om regelverket i kap 5 i opplæringslova på høgskolar i fylket. På ein av dei årlege samlingane for skoleeigarane har vi informert om funn frå fylkesmannen si undersøking om sakshandsaming på området i kommunane. Ein av kommunane blei valt ut til dokumenttilsyn på bakgrunn av denne undersøkinga.

Omfanget av klagesaker på området auka hausten 2011. Vi erfarer at enkeltsaker er komplekse og krev mykje tid og innsats. Særleg gjeld dette saker der kommunen hevdar at behova til eleven kan dekkjast innan "tilpassa opplæring", medan foreldra meiner eleven har rett til spesialundervisning. Utdanningsavdelinga ser også at kommunane grunngir vedtak ut frå økonomiske omsyn, meir enn behova til eleven. Innan spesialpedagogisk hjelp aukar saker knytt til barn med autisme-diagnose, og usemje om metodikk og omfang. Ei eiga utfordring er fradrag i foreldrebetaling i barnehagen for barn med spesialpedagogisk hjelp, ved at foreldre er nøgde med tilbudet i seg sjølv, men viser til at for liten del av tilbudet er vurdert som spesialpedagogisk hjelp.

Utdanningsavdelinga har liten bemanning samanlikna med størrelsen fylket har og samanlikna med andre embeter. Avdelinga har relevant kompetanse og omfattande erfaring, men det er ikkje avsett eigen stillingsressurs som aleine har oppgåver knytt til området spesialundervisning.

## 32.7 Opplæring innanfor kriminalomsorgen

Opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen har det landsdekkjende ansvaret for opplæringa innanfor kriminalomsorga. Fylkesmannen har følgd opp dei ulike oppgåvene som ligg i embetsoppdraget. Det har i 2011 vore tilsett 3 seniorrådgjevarar på området. Etter vår vurdering har dei tilsette høg fagleg kompetanse innan området. Samarbeidet med kriminalomsorga, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, er avgjerande for utviklinga innan området.

### *Oppfølging av stortingsmeldingane*

Ein stor del av oppdraget er knytt til *St.melding nr.27 (2004-2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. Her har Fylkesmannen også i 2011 følgd opp og sett i gang prosjekt og tiltak for å betre opplæringa til dei innsette i heile Noreg. Fylkesmannen har i 2011 hatt eit særleg fokus på dei innsettes moglegheit til å ta høgare utdanning. Utfordringane rundt IKT og internett for elevane i skolane i kriminalomsorga har også i 2011 vore eit krevjande arbeid som går vidare i åra som kjem. Fylkesmannen har i 2011 fleire prosjekt innan nettstøtta læring, som er viktig både for studentar på høgare utdanning og i moglegheita som ligg i dagens internett-løysing (IFI-internett for innsette).

Talet utenlandske innsette i norske fengsel er stigande, og har på få år auka frå 17% til over 30% i 2011. Denne gruppa elevar og innsette gjer nye utfordringar, og deira rett til opplæring blir av mange utfordra. Fylkesmannen er av den oppfatning av Noreg er bunden av internasjonale konvensjonar og rekommandasjonar som understrekar at ingen skal nektas retten til opplæring. Arbeidet med å forankre denne retten vil fortsette i åra som kjem.

Også *St.melding 37 (2207-2008)* har blitt følgt opp i 2011 - i samarbeid med Kriminalomsorgas sentrale forvaltning (KSF)/ Justisdepartementet.

#### *Informasjonsarbeid og nettverksbygging*

Fylkesmannen driv utstrakt informasjonsarbeid mot skoleeigarane (fylkeskommunane) om dei innsettes rettar etter Opplæringslova, og held årlege samlingar kor samarbeid og nettverksbygging skoleleiarar, skoleeigarar, Kriminalomsorga og andre aktuelle etatar og organisasjonar står i fokus. Fylkesmannen er også koordinator for det nordiske nettverket for fengselsundervisninga, og deltek i europeiske/ internasjonale nettverk innan området.

#### *TAFU- tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning.*

I 2011 har Fylkesmannen vidareført arbeidet med tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (før TUA, no TAFU). TAFU er no i gang begge stadene kor dette er planlagt, og Fylkesmannen har arrangert samlingar for heile TAFU- og har i heile 2011 jobba for ei forlenging av prosjektet utover 2012. Fylkesmannen har i 2011 laga ein eigen heimeside for TAFU og oppretta ei nasjonal fagleg referansegruppe, som skal styrkje utviklinga av prosjektet.

#### *ND-sentra*

Fylkesmannen har i 2011 teke over tilskotsforvaltninga av opplæringsdelen i prosjekta Narkotikadom med domstolskontroll (ND-sentra), som er i Oslo og Bergen.

#### *Tilskotordninga*

Fylkesmannen har forvalta tilskotsordninga over kap.225, post 68 Tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen, jfr.resultatområde 31.7 Tilskuddsforvaltning. Fylkesmannen har i 2011 gått over til elektronisk rapportering for alle skolane innan opplæring i kriminalomsorga, og ein eigen årsrapport for området blir ferdigstilt våren 2012. Vi visar til denne årsrapporten for meir utdjuing av oppfølginga av oppdraget.

## **Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet**

### **33.1 Tilskuddsforvaltning**

#### **Resultatkrava er innfridde.**

I 2011 har avdelinga handsama 5 klager frå åpne barnehagar i Bergen kommune. Dette gjeld:

- Åpen barnehage Fana,
- Sakkeus åpen barnehage,
- Nykirken åpen barnehage,
- Ynglingen åpen barnehage
- Solheim åpen barnehage.

Fylkesmannen har oppretthalde sine vedtak og klagen vart sendt til KD for handsaming. Vi ventar framleis svar på desse klagen som blei sende for snart 2 år sidan. Dette gjer fylkesmannen sitt rettleiingsarbeid vanskeleg fordi viktige prinsippspørsmål ikkje har fått ei avklaring.

Fylkesmannen i Hordaland har, i tråd med departementet sine retningslinjer forvalta dei statlige tilskotsordningane på barnehageområdet. Samla sett er det i 2011 utbetalt kr 28 96 872,-

Arbeidet med tilskotsforvaltning og stikkprøvekontroll er ikkje lett å skille frå kvarandre . Det er dagleg kontroll, telefon, e-post og kontroll av "rimelighet". Vi journalfører det som er arkiverdig utan at vi har ein eigen logg for det samla arbeidet

For meir informasjon om tilskotsforvaltninga syner vi til rapporteringsskjema.

### **33.2 Klagesaksbehandling**

Tabelldata har ikke tatt med at fylkesmannen også er klageinstans for kommunens vedtak etter §14 i barnehageloven. Vi har behandlet en slik klage i 2011. Klager fikk ikke medhold.

I tillegg har fylkesmannen mottatt to klager fra foreldre som mener at tilbudet om barnehageplass er av en slik karakter (lang avstand) at retten til barnehageplass ikke blir oppfylt.

### Ressurs og kompetanse - vudering:

Sakene etter forskrift om likeverdig behandling er svært krevjande. Det er naudsynt med både økonomisk, juridisk og pedagogisk kompetanse for å handsama desse. Problemstillingane er komplekse, og utfallet av sakene er svært viktig for dei det gjeld. Eit døme på dette er klagesak frå Meland kommune, der kommunen hadde betalt ut for mykje tilskot til dei private barnehagane. Spørsmålet var om kommunen kunne krevje tilbake desse pengene. Det handla om ca 7 millionar kroner, mye penger for både barnehagane og for kommunen. Saka var svært kompleks og krevjande. Fylkesmannen bruker mykje ressursar på desse sakene for å sikre kvaliteten på sakshandsaminga. Siden dette er eit relativt nytt område, er det også sjelden at tidlegare saker kan nyttast som modell. Ved utgangen av 2011 hadde vi lang restanse på området. Vi ser det difor som naudsynt at den økonomiske og den juridiske kompetansen blir styrka på området.

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert	Sum	Sum innkommet 2010
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	0	4	2	6	1
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
<b>Merknad</b>					

Tabelldata har ikkje tatt med at fylkesmannen også er klageinstans for kommunens vedtak etter §14 i barnehageloven. Vi har handsama ein slik klage i 2011. Klagar fekk ikkje medhald. I tillegg har fylkesmannen mottatt to klager frå foreldre som meiner at tilbodet om barnehageplass er av ein slik karakter (lang avstand) at retten til barnehageplass ikkje vert oppfylt.

### 33.3 Informasjon og veiledning

#### Resultatkrava er innfridde

Strategi for arbeidet er: Rettleiing er god førebygging og sikrar kvalitet i barnehagar og kommunar

Vi utfører oppdraget ved å:

a. Svare på førespurnader frå kommunar, barnehageeigare og andre.

b. Aktivt rettleie kommunane, der deira plikt til rettleiing vidare til barnehagane er understreka.

a. Førespurnader frå kommunar, barnehageeigare og andre kjem pr e-post og pr telefon. Det er i stor grad tolkning av lov og regelverk som er tema i desse førespurnadene. Fylkesmannen sendte i 2011 svar på 49 e-postar der vi ga ei presisering av korleis barnehagelova er å forstå. I tillegg kjem brev og e-postar med svar på spørsmål om likeverdig behandling.

Ulike problemstillingar rundt kommunane si refusjonplikt for barn som går i private barnehagar i andre kommunar er eit tema mange har spurt om. Innhaldet i ny rettleiar om pedagogisk bemanning var det og vore mange spørsmål om, både pr. epost og pr. telefon.

Fylkesmannen svarar så langt som råd er på dei førespurnadene vi får, men nokre gonger er det naudsynt å vende

seg til departementet for å avklart korleis lovverket er å forstå. Vi har pr. januar 2012 15 ubesvarte spørsmål og klagesaker liggande i Kunnskapsdepartementet. Den eldste av disse er frå 18.01.2010, og 12 av dei spørsmåla/klagesakene er frå eit år eller meir tilbake. Desse ubesvarte spørsmåla vanskeleggjer vårt rettleiingsarbeid.

b) Vi utfører oppdraget ved å ta del i og arrangere møte med kommunar, for å gi informasjon og rettleiing.

1. **Tiltak:** Samling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane . **Tema:** Presisering av forskrift om pedagogisk bemanning, rettleiing av nyutdanna førskulelærere, nye føresegner med endringar i rammeplanen for innhaldet og oppgåvene i barnehagen, og resultat frå fylkesmannen si spørjeundersøking i kommunane. Talet på **deltakarar:** ca 50

2. **Tiltak:** Samling for barnehagefagleg og skuleansvarlege i kommunane. **Tema:** Forvaltning og sakshandsaming knytt til barnehage og skule. Forvaltningslova sine krav til sakshandsaming og enkelte andre forvaltningsrettslege spørsmålsstillingar. **Talet på deltakarar:** ca 50

3. **Tiltak:** Samling for barnehageansvarlege i kommunane i Hordaland og Oppland fylke. **Tema:** Veileder for pedagogisk bemanning i barnehagen. Tilsyn. **Talet på deltakarar:** ca 70

4. **Tiltak:** Samling for barnehageansvarlege i kommunane i Hordaland . **Tema:** Kompetanseutvikling og kvalitet, styringsutfordringar i barnehagesektoren og diverse om lov og regelverk **Talet på deltakarar:** ca 50

5. **Tiltak:** Samling for økonomi og barnehageansvarlege i kommunane i Hordaland **Tema:** Forskrift om likeverdig behandling. **Talet på deltakarar:** ca 60

I tillegg har fylkesmannen hatt foredrag om endringar og utfordringar i barnehagesektoren for PUB studentar ved Høgskolen i Bergen.

Fylkesmannen i Hordaland har og prioritert å bruke tid på å informere om lov, regelverk og satsingsområdet via heimesida.

### 33.4 Tilsyn

Oppdraget er utført og målet er nådd.

Fylkesmannen gjennomførte i 2011 6 tilsyn på barnehageområdet. I to av tilsyna brukte ein systemrevisjon som metode, dei fire andre blei utført som brevtilsyn.

I dei to systemrevisjonene var det kommunen sitt tilsyn med barnehagane som var tema. Vi vurderte at dette var eit tema som var viktig å sette på dagsorden, og som vil bidra til kvalitetsheving av barnehagesektoren dersom tilsynet blir utført systematisk. Dei to kommunane blei valt fordi dei er ein del av eit interkommunalt samarbeid i to ulike regionar. Tildlegare tilsyn har avdekka at det kan vere særlege problemstillingar knytt til interkommunalt samarbeid.

Tema for dei fire brevtilsyna var knytt til om kommunane som barnehagemynde hadde ordningar i samsvar med regelverket for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jfr barnehagelova § 16. Tema og tilsynskommunar blei valt utfrå opplysningar som kom fram i fylkesmannen sin kommuneundersøking i 2010. Her oppgav 8 kommunar at dei ikkje hadde på plass slike ordningar. 08.02.2011 sendte Fylkesmannen eit spørsmål til KD om delar av innhaldet i denne bestemmelsen. Ei slik avklaring var viktig for vårt tilsyn. Vi har fremleis ikkje fått svar på desse spørsmåla.

#### FMHO

Tilsynsobjekt:	<b>Meland kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet var om kommunen som lokal barnehagemynde fører tilsyn med verksemdar etter barnehagelova, jf barnehagelova § 16.
Avvik/funn:	Meland kommune som tilsynsmynde etterspør meir informasjon og gir tilbakemelding på meir enn det dei etter barnehagelova med forskrifter har høve

	til. I tilsynet fattar Meland kommune vedtak om pålegg som ikkje er i samsvar med krav i lov og regelverk.
Frist for lukking av avvik:	01.08.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Systemrevisjon. Planlagt tilsyn

### FMHO

Tilsynsobjekt:	<b>Sund kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet var om kommunen som lokal barnehagemynde fører tilsyn med verksemdar etter barnehagelova, jf barnehagelova § 16.
Avvik/funn:	Sund kommune har gitt ein barnehage pålegg om retting av tilhøve som kommunen ikkje har definert som lovbrøt.
Frist for lukking av avvik:	15.01.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Systemrevisjon. Planlagt tilsyn

### FMHO

Tilsynsobjekt:	<b>Lindås kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	I forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordningar som kan tilby barnefamilier med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling". Tema for tilsynet er knytt til om Lindås kommune som barnehagemynde har ordningar som er i samsvar med regelverket for barnefamilier med lågast betalingsevne.
Avvik/funn:	Ingen avvik
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Brevtilsyn. Tema og kommune ble valgt utfra opplysninger som fremkom i kommuneundersøkelse i 2010

### FMHO

Tilsynsobjekt:	<b>Vaksdal kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	I forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordningar som kan tilby barnefamilier med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling". Tema for tilsynet er



	knytt til om Vaksdal kommune som barnehagemynde har ordningar som er i samsvar med regelverket for barnefamiljar med lågast betalingsevne.
Avvik/funn:	Ingen avvik
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Brevtilsyn. Tema og kommune ble valgt utfra opplysninger som fremkom i kommuneundersøkelse i 2010

### **FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Os kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	I forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordninger som kan tilby barnefamiljar med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling". Tema for tilsynet er knytt til om Os kommune som barnehagemynde har ordningar som er i samsvar med regelverket for barnefamiljar med lågast betalingsevne.
Avvik/funn:	Os kommune har på tilsynstidspunktet ikkje ordningar som tilbyr barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling".
Frist for lukking av avvik:	30.11.2011
Pålegg:	Nei
Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Brevtilsyn. Tema og kommune ble valgt utfra opplysninger som fremkom i kommuneundersøkelse i 2010

### **FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Fusa kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	I forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordninger som kan tilby barnefamiljar med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling". Tema for tilsynet er knytt til om Fusa kommune som barnehagemynde har ordningar som er i samsvar med regelverket for barnefamiljar med lågast betalingsevne.
Avvik/funn:	Fusa kommune har ikkje ordningar som kan tilby barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak for foreldrebetaling".
Frist for lukking av avvik:	18.11.2011
Pålegg:	Nei

Merknad:	Nei
Ressursbruk:	2 ukeverk
Kommentar:	Brevtilsyn. Tema og kommune ble valgt utfra opplysningar som framkom i kommuneundersøkelse i 2010

### 33.5 Kontroll av årsmeldinger og årsregnskap

Oppdraget er utført og målet er nådd

Fylkesmannen har kontrollert om årsmeldingene fra barnehagene per 15.12.11 er signerte og at talmaterialet verkar sannsynlig. Vi kontrollerar alle punkta oppgitt av departementet.

Ved forespørsel har vi fulgt opp at kommunen held fristen for innlevering av årsregnskapet.

## Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

### 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

**Oppdraget er utført og målet er nådd.**

#### Hordaland mottok i 2011 i alt kr. 7 778 000 til utviklings- og kompetansetiltak

I Hordaland er det 33 i kommunar, og sett i samanheng er det omlag like mange kommunale og ikkje-kommunale barnehageplassar. I ein del av kommunane er skule- og barnehagefagleg- ansvarleg same person. Det varierer kor store fagressursar kommuneadministrasjonen har til å planleggje og følgje opp kompetanseutviklinga i sektoren. Avstandane i fylket må takast med i vurderinga for kor ofte det kan leggjast opp til felles samlingar, og også korleis den einskilde kommune/barnehage har høve til å prioritere felles kompetansedeltaking. For 2012 er det planlagt at Fylkesmannen i større grad vil oppsøkje regionane for gjennomføring av kontaktmøte der, dette vil skje i samarbeidet med kommunane.

#### *Ressurssituasjon og kompetanse - vurdering*

Tilhøve som er peika på over, viser at fylkesmannen må ha ressursar / bemanning slik at medverknad til kvalitetsutvikling, rettleiing og oppfølging kan realiserast i høve til oppdraget. Ikkje minst har volumauken ved full barnehagedekining synleggjort at fylkesmannen si rolle er viktig i eit kvalitetsperspektiv. På dette området er det høg kompetanse i avdelinga pr. idag.

Ressurssituasjonen på generell basis er ikkje tilfredstillande i høve til at stillingar ikkje er faste. Utviklingsmidlar er mellom anna brukt til engasjementstilling for eitt år om gongen og avheng av årlege tildelingar og disposisjonar. Det gjer barnehageutviklinga sårbart i eit fagområde som treng kontinuitet og forutsigbarhet i lang tid framover.

**Regionsamarbeidet** mellom kommunane er organisert og fungerer ulikt ut frå kommunane sine behov eller prioriteringar. Til dømes har 5 kommunar inngått eit regionsamarbeid om språkstimulering til minoritetsspråklege barn - fleirkulturell pedagogikk, med systematisk kompetanseutvikling innanfor nettverket. Fleire av desse kommunane var med i NAFO prosjektet i 2010. At dei også vidarefører samarbeidet etter prosjektslutt, viser at deltaking i prosjekt/kompetanseoppbygging kan føre til aukande interesse og kvalitetsutvikling.

### Kvalitetsutvikling og kompetansetiltak i barnehagesektoren:

Kvalitetsutvikling i barnehagesektoren i Hordaland er ivareteken ved å bruke kompetansemidlane og delar av utviklingsmidlane til arbeidet. Midlane blei tildelt til tiltak i kommunane som byggjer på kompetansestrategien frå Kunnskapsdepartementet, som vart utvida til å gjelde ut 2011.

- Kr 3 317 000 til kompetansetiltak - Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren

For å få tildelt slike midlar må kommunane ha utarbeidd ein kompetanseplan. Midlane er tildelte etter ein kjent fordelingsnøkkel etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Ein føresetnad for tildelinga er at midlane skulle kome både private og offentlege barnehagar til gode. Kommunen har rapportert elektronisk på bruken av midlane, eventuelle avvik frå planane, kva barnehagar som har vore med og kva yrkesgrupper som har delteke.

**Rapporteringa viser** at kommunane har brukt midlane i samsvar med tildelingskriteriane. Fleire har likevel ikkje greidd å gjennomføre alle planlagde tiltak på grunn av ustabilitet / sjukdom og ulike andre grunnar. I dei tilfella er midlane overført til 2012 og vil bli brukt i samsvar med opprinnelege planar.

- Kr 1 610 000 til utviklingsmidlar - Lønn og administrative kostnader

Brukt til løns- og administrative kostnader, til samlingar med kommunane. Kr. 163 000 er brukt til frikjøp/tid til gjennomføring av assistentopplæring og til å ta med 2 barnehagar *ekstra* til Pilotprosjektet "Barnehagen som dannelsesarena og læringsmiljø". Prioriteringa av midlane til pilotprosjekta er gjennomført for å betre måloppnåinga på resultatområdet.

- Kr 170 000 til likestillingstiltak - gjennomføring tiltak i Handlingsplan for Likestilling 2014
  - Det kom inn 7 søknader frå barnehagar, i tillegg til at 3 kommunar søker midlar som skal gå til prosjekt for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i kommunane.
    - I alt vart det søkt om **kr.345 000**.
  - 3 av kommunar fekk midlar til slike fellestiltak.

Søklarar som har lagt opp til prosessar med fokus på likestilling, haldningar og praksis- erfaringar, er prioriterte. Det er ikkje gjeve tilskot til søknader som inneber innkjøp av leikar eller utstyr som skal brukast til å leggje til rette for spesielle aktivitetar relatert til kjønn.

- Kr 565 000 til Fleirkulturell pedagogikk/språkstimulering for minoritetsspråklege barn
  - Det kom inn 25 søknader frå barnehagar, i tillegg til 4 kommunar som søker for eigne tiltak.
    - I alt vart det søkt om **kr. 1 271 400**.
  - Talet søknader som fekk midlar : 9. Alle 4 kommunale og interkommunale fellestiltak fekk tildeling i tillegg til 5 søknader frå barnehagar

Søknadene er vurderte i høve til

- Strategiplan for kompetanseutvikling i barnehage sektoren 2007-2011
- Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen (2006)
- Kommunale prioriteringar
- Evaluering av kompetansetiltaksprosjekt i språkstimulering og flerkulturell
- pedagogikk for barnehageansatte 2005-2009 i regi av NAFO (Rambøll,2010)

### Korleis og i kva grad har dei ikkje-kommunale og kommunale barnehagane delteke i tiltaka

Hordaland hadde i 2010 om lag like mange private og ikkje- kommunale barnehageplassar. Minst 30% av dei tildelte midlane har gått til utviklingsarbeid som både private og offentlege barnehage kunne søkje på. Kommunane rapporterer at alle barnehagane har fått same orientering og at alle har hatt høve til å søkje kompetansemidlar. Omlag like mange kommunale som ikkje - kommunale barnehagar har søkt og delteke i kompetansetiltak.

### **I juli månad fekk Fylkesmannen tildelt i ekstra kompetansemidlar og spesifikke oppdrag.**

kr. 2 116 000 ekstra kompetansemidlar i 2011 til gjennomføring av arbeidet med kompetansetiltak

- **Kr. 600 000 til kompetanseheving for assistentar i Hordaland** som tildeling til Høgskulen Stord / Haugesund og til NLA Høgskulen som har planlagt i samarbeid med Fylkesmannen.

**Målgruppe:** 30 assistentar i Hordaland frå 3 kommunar. Assistentopplæringa er modellert som pilotprosjekt og skal evaluerast med tanke på at opplæringa kan vidareførast til andre kommunar i åra framover. Forsøk med å gje tilbodet til mange frå same kommune inngår i prosjektet.

### **Innhald og organisering:**

Kurset gjev 15 studiepoeng. Alle studentane skal ta eksamen og opparbeide seg studiepoeng.

Barnehagelova sin nye føremålsparagraf (2011), Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen (2006) med aktuelle temahefte, Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007-2011) og Stortingsmelding nr. 41 (2008-2009) - Kvalitet i barnehagen, legg overordna føringar for kompetansetiltaket.

Kurset tek utgangspunkt i at *Alle tilsette skal ha kunnskap om barn, barndom og barnehagen sitt samfunnsmandat*. Småbarnspedagogikk er sentralt i kurset. Likeeins skal det heilskaplege læringsprinsippet der omsorg, leik, læring og danning inngår, danne fagleg ramme. I tillegg til kursdagar organiserer kvar kommune nettverksgrupper der elevane samarbeider om tekst og refleksiv skrivning. I lys av Østberg-utvalet sine tilrådingar skal kurset også innehalde kompetanse om språk og kulturelt mangfald, og inkludering i barnehagen.

Prosjektet skal evaluerast ved prosjektslutt i mai 2012. Det blir skrive prosjektrapport med plan for kompetanse- og erfaringsspreiing til andre barnehagar.

- **Kr. 550 000 til pilotprosjektet ”Barnehagen som dannelsarena og læringsmiljø”** er tildelt Høgskolen i Bergen og NLA Høgskolen som har planlagt og gjennomfører prosjektet i samarbeid med Fylkesmannen. Prosjektet vil vare ut 2012.

**Målgruppe:** 17 barnehagar i samarbeid med universitet/høgskolar gjennomfører utviklingsprosjekt som dannar grunnlag for god praksis omkring læring og danning i barnehagen. Pilotprosjektet skal *involvere heile personalet, både pedagogisk leiing og assistentar*.

Føremålet med prosjektet er å styrkje barnehagen som læringsmiljø og dannelsarena. Utviklingsprosjektet skal medverke til å klargjere korleis dannelsesomgrepet kan tolkast og implementerast inn i barnehagen sin praksis. Eit mål er også at personalet si utforskning og forståing av korleis barnehagen, i tråd med samfunnsmandatet, kan leggje til rette for læring og danning i barnehagen.

Erfaring frå prosjektet skal i 2012 dokumenterast gjennom artiklar. Både praksisfeltet og universitet/høgskule skal utarbeide artiklar som følgje av utviklingsarbeidet. Artiklane vil fungere som sluttrapport for prosjekta, og vil danne grunnlag for vidare arbeid med å styrkje barnehagen som læringsmiljø og dannelsarena.

Prosjektrapporten vil danne grunnlag for kompetanse- og erfaringsspreiing til andre barnehagar i Hordaland og til bruk i nasjonal kompetanseplanlegging. Kommunen som barnehagemynde skal følgje opp lokalt og involverast i formidling og erfaringsspreiing. Midlar til erfaringsspreiing etter prosjektslutt vert prioritert av kompetansemidlane for 2012-13. Rapportering for bruk av midlane etter prosjektslutt.

- **Kr. 938 000 er ekstra kompetansemidlar som er brukt til dei formål og fullmakter som er gitt i fullmaktsbrevet 2011.**

Midlane er i tillegg brukt til å utvide pilotprosjektet ”Barnehagen som dannelsarena og læringsmiljø” med to barnehagar og til å styrkje og sikre kvaliteten i prosjektet ved frikjøp/vikar med kr. 40 000 pr. deltakarbarnehage.

Assistentopplæringa er også styrka med kr. 38 000 til frikjøp og faglitteratur frå ekstra kompetansemidlar. Midlane er overførte til barnehagane via kommunane.

- **Kr. 28 000 : Kompetansemidlar til informasjon om rettleiing** til nyutdanna førskulelærarar er tildelt prosjektet Ny i Hordaland – eit rettleiingsprogram for nyutdanna etter søknad frå prosjektet.

**Vurdering av særskilte utfordringar på rekrutteringsområdet, herunder beskrive og vurdere utviklinga av andelen menn som arbeider i barnehagen:**

Fylkesmannen har, etter at *barnehageprogrammet* vart teke bort, ikkje lengre noko verktøy til å skaffe statistikk på til dømes talet menn i barnehage.

I søknadsprosessen til likestillings- og rekrutteringstiltak kom det inn søknader om midlar til likestilling og/eller

rekrutteringstiltak med planar for leikegrupper, innkjøp av utstyr og leikar som vart definert som ”gutteprosjekt”. Det er tiltak som både er kopla til likestilling, rekruttering og å behalde menn i barnehagen. Når rekruttering av menn i barnehage og likestillingstiltak vert lagt i ”same skål”, kan det styrke argumentet om at menn trengst til "manne" aktivitetar og å vere mannleg rollemodell for gutar. Fylkesmannen har ikkje gitt midlar til tiltak som ser ut til å reproducerer kjønnsstereotypiane.

**Utfordringane** handlar difor om både å *skilje og å sjå samanhengar* mellom rekrutteringstiltak av menn i barnehagen, sett i høve til målsetjingane for likestillingsarbeidet. Denne skilnaden bør også synleggjerast i framtidige satsingar på områda.

### 34.3 Andre satsingsområder

For lokalt arbeid med likestilling i barnehagane se pkt 34. Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

Fylkesmannen har rettleia og informert om sentralt initierte tiltak i nasjonale handlingsplaner og særskilte satsingsområder på ulike samlingar med kommunane.

## Ressursrapportering

Vi gjer merksam på at resultatområde 31.5 under Fagdep. inneheld utbetalingar av honorar til sensorar, og at det ikkje gjeld lønn til egne tilsette.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 391 009,01	kr 98 415,01
31.4 Informasjon og veiledning	kr 558 247,24	kr 206 121,95
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 494 940,41	kr 11 687 410,36
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 759 684,47	kr 485 865,21
32.2 Kompetanseutvikling	kr 119 879,20	kr 0,00
32.3 Skoleporten	kr 113 180,00	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 390 689,95	kr 52 921,80
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 501 005,82	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 313 356,09	kr 53 737,53
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 237 082,59	kr 207 038,40
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 605 679,17	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 18 125,18	kr 0,00
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 945 401,51	kr 1 088 726,84
Andre oppgaver under KD	kr 104 575,39	kr 0,00
Sum:	kr 7 552 856,00	kr 13 880 237,00

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

#### 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi behandla 91 hendingsbaserte saker mot kommunar. Av desse blei 14 saker ikkje realitetsbehandla. I fem saker kritiserte vi barneverntenesta. Sakene galdt i hovudsak saksbehandling og oppfølging av plasserte barn. I dei fleste tilfella var det foreldra, slekt eller vener av familien som vende seg til oss.

I 2011 starta vi to tilsyn overfor barneverninstitusjonar etter avisoppslag. Det blei ikkje avdekt lovbrøt.

Fylkesmannen gav kritikk i både sakene.

Vi behandla fire saker på bakgrunn av spørsmål frå pårørende om behandling og oppfølging av barn ved institusjonane. Det blei ikkje funne grunnlag for å kritisere institusjonane.

Sakene er høgt prioriterte. Saker som gjeld liv, helse og overgrep blir utan unntak følgde opp umiddelbart. Saksbehandlingstida i dei andre sakene er om lag tre månader.

## **41.2 Planlagt tilsyn**

Viser til egen rapport.

## **41.3 Klagesaker**

I 2011 fekk vi 15 klager etter barneverlova § 6-5. Ein sak var ikkje avslutta ved utgangen av året. Saksbehandlingstida var tre månader eller mindre.

## **41.9 Andre oppdrag**

## **Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (Nav)**

Vi behandla 490 klager etter lov om sosialetenester i nav. Det er 73 % fleire enn året før. Vi stadfesta 85 %, oppheva 9 % og gjorde om 5 % av vedtaka. Resten blei avviste.

For 2011 under eitt blei 76 % av klagene behandla innan tre måander. Ved inngangen til 2011 var saksbehandlingstida 5 1/2 månad. Arbeidet er effektivisert og ved utgangen av året ligg vi godt innanfor kravet til saksbehandlingstid.

Oppdraget om å gje opplæring om ny forskrifter og rundskriv er overført til 2012 fordi regelverk og rundskriv kom seinare enn venta.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV**

Vi gjennomførte fem tilsyn etter lov om sosiale tenester i nav.

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi behandla fire hendingsbaserte tilsynssaker etter lov om sosiale tenester i Nav. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var vel tre månader.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

Vi gjennomførte fem tilsyn (systemrevisjonar) med Nav-kontor i 2011. Tema for tilsyna var handsaming av søknadar om økonomisk stønad. Ved fleire av tilsyna påpeikte vi manglande individuell behandling av søknadane.

### **74.9 Andre oppdrag**

## Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

### 81.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi behandla 10 tilsynssaker etter lov om sosiale tenester. Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida var 14 måneder.

### 81.2 Planlagt tilsyn

Vi førte tilsyn (systemrevisjonar) med sju kommunar i 2011. Tema for tilsyna var tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming, jf. sosialtenestelova kap 4A, og koordinering av tenester til unge i aldersgruppa 12-20 år med rett til individuell plan. I fleire av tilsyna fann vi tilsette brukte tvang utan å følgje reglane i sosialtenestelova kapittel 4 A. Det blei også avdekt at tilsette ikkje hadde fått tilstrekkeleg og tilpassa opplæring. Tilsyn som vi har gjennomført tidlegare år, er på ulike måtar følgde opp inntil avvik er retta opp. Tilsynserfaringar frå tilsyn med barnevern- sosial- og helseområdet har vore tema i eigne møte med kommunane.

### 81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Vi behandla 230 klager på kommunale vedtak om sosiale tenester i 2011. Vi har ikkje tidlegare fått så mange klager i løpet av eitt år.

210 saker galdt omsorgstenester og 20 tiltak for rusmiddelavhengige. Vi stadfesta 91 % av dei påklaga vedtaka.

I 2011 blei 61 % av klagene behandla innan tre månader. Saksbehandlingstida var altfor lang (5 1/2 mnd) i byrjinga av året. Ved utgangen av året var tallet på restansar sterkt redusert og saksbehandlingstida redusert til ein måned.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi avslutta 354 tilsynssaker. Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida var fem månader.

I 2011 fekk vi fire førespurnader frå politiet om vi ville tilrå etterforskning. Vi hadde ingen saker der vi bad politiet om å etterforske sak utan at politiet hadde teke kontakt føreåt.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Helsetilsynet i Hordaland har oppfylt resultatkravet til planlagte tilsyn. I tillegg til systemrevisjonar har vi dei to siste åra som del av Eldretilsynssatsninga invitert kommunane til møte om tilsynserfaringar. Vi har etter samlingane undersøkt korleis kommunane, og dei som ikkje har hatt tilsyn, nyttar denne informasjonen til læring og forbetring av tenestene.

Manglar ved styringsystem som ofte blir avdekte, uavhengig av teneste og tema, er:

- Ansvar for oppgåver/funksjonar er ikkje tydleg plassert og kjent
- Det manglar fagleg kompetanse. Opplæringa er ikkje godt tilpassa oppgåvene.
- Det er ikkje klart korleis ulike oppgåver skal takast i vare. Rutinane er ikkje godt nok kjende. I somme tilfelle er rutinane kjende, men dei blir ikkje følgde. Praksis er i varierende grad i samsvar med nasjonale faglege retningslinjer.
- Leiinga si overvaking og gjennomgang av verksemda omfattar ofte ikkje fagleg kvalitet og pasienttryggleik.

## 82.3 Klagesaker

Av dei 170 pasientrettsklager vi fekk i 2011, blei 90% av sakene avgjort innan tre månader. Omlag halvparten av sakene gjaldt reiseutgifter i samband med helsehjelp.

I 2011 fekk vi tilsendt 188 kopiar av vedtak etter pasientrettslova kap 4A. 71 av dei var vedtak som varte meir enn tre månader. 61 vedtak blei tekne til etterretning. Vi gav tilbakemelding i 78, oppheva 15 og endra 4 vedtak.

## 82.9 Andre oppdrag

Av dei 22 som blei inlagt i 2011, blei åtte tvangsinnlagt etter § 6-2 a. Ei fekk vedtaket oppheva.

19 blei innlagt etter førebelse vedtak, alle hasteinnleggingar stadfesta av Fylkesnemnda

## Resultatområde 42 Familierett

Sjå underpunkt

### 42.1 Ekteskapsloven

Fylkesmannen gav i 2011 908 skilsmissebevillingar og 1041 separasjonsbevillingar. Saker om separasjon og skilsmisse der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar aukar, og eir meir arbeidskrevjande enn andre saker. Det er svært mykje korrespondanse på saksfeltet. I 2011 kom det inn 3477 brev og det vart sendt ut 4439 brev.

### 42.2 Anerkjennelsesloven

I 2011 handsama vi 138 saker etter anerkjennelsesloven.

### 42.3 Barneloven

Det er behandlet 9 saker etter barneloven i 2011 i tillegg til at vi har gitt råd og rettleiing på telefon.

### 42.4 Veiledning og informasjon

Aukande og stor pågang av henvendelser på telefon og i ekspedisjonen som handsamast fortløpande.

## Resultatområde 43 Krisetiltak

Alle kommunane har tilbod om krisesenter til innbyggjarane sine i eitt av tre interkommunale samarbeid i fylket. Bergen er vertskommune for 18 kringliggjande kommunar. I Krisesenter Vest IKS samarbeider 18 kommunar i Hordaland og Rogaland med avdelingar på Stord, i Odda og i Haugesund. Voss organiserer eit tilbod saman med kommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord. Vertskommunane seier at dei har prioritert å auke kompetansen til dei tilsette.

## Resultatområde 44 Familievern

Fylkesmannen førte tilsyn med familievernkontora i Hordaland i 2009. Det var ikkje gjennomført tilsyn i 2011.



## Resultatområde 45 Barn og unge

### 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

I 2011 besøkte vi alle kommunane som fekk midlar til styrking av kommunalt barnevern, anten ved midlar til stillingar eller kompetansetiltak. I møta med kommunane gav vi informasjon og rettleiing. Samstundes fekk vi god kunnskap om situasjonen i kvar kommune, ressursar, kompetanse og kritiske suksessfaktorar.

For å samordne arbeidet på barnevernområdet hadde vi fleire møte med dei andre embeta i regionen. Vi har hatt møte med Bufetat, region vest, fagteama i fylket og med Bergen kommune. Samarbeid mellom barnevern og psykisk helsevern var eitt av hovudtema i det årlege møtet for leiarar og tilsette i helse- omsorg- og barneverntenestene. Vi har gitt rettleiing til ein kommune i samband med etablering av eit tverretatleg "Barnas hus" for samordning av hjelpetenester til barnefamiljar. Dessutan viser vi til rapportering på resultatområde 87.7 om prosjekt for kompetanseheving og samhandling om barn og unges psykiske helse.

### 45.2 Fritak for taushetsplikt

I 2011 behandla vi 80 saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 7 dagar.

### 45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Sjå 84.10. Arbeidet er integrert i nettverk om vald i nære relasjonar.

### 45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har handsama 49 saker om biologisk opphav i 2011.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Handlingsplan for arbeidet med universell utforming hos FmHo vart ferdigstilt i 2010 av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Denne vert følgt opp på Fylkesmannen sine arbeidsfelt, og internt ved byggjearbeid i Statens hus og ved innkjøp og tenester.

Universell utforming vert tatt opp fortløpande med kommunane i samband med planlegging. Vi samarbeider med fylkeskommunen omkring feltet.

## Resultatområde 47 Innvandring og integrering

### 47.1 Statsborgerseremonier

Oppslutninga om seremonie glei nedover på eit av arrangementa. Berre 17,6 % deltok på seremonien i juni, mens 24,3 % var med i desember.

Årsaka til det svake oppmøtet i juni kan vere at seremonien vart arrangert så seint som 18/6, men i hovudsak kan det bli nemt at heile 50 nye statsboragar med Somalisk bakgrunn var invitert utan at nokon sa ja.

Etter dette har IMDI Vest og Fylkesmannen i Hordaland saman funne at det skal peikast ut innsatsområder basert på invitasjonslista. For seremonien 4. desember vart Norsk-Somalisk forening o.a. kontakta av IMDI Vest. Det ser ut til å ha gitt resultat. Ein annan gruppe vi vil jobbe mot er statsborgarar opphavleg frå det Palestinske

området som også har mange nye norske statsborgarar for tiden.

**Statsborgerseremonier**

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	21
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

**47.2 Bosetting av flyktninger**

Vi har pga ressursituasjonen og totalsituasjonen innen området her i fylket ikke prioritert dette området.

**47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)**

Dei ulike tilskota er utbetalte til kommunane etter at søknadene er komne inn til Fylkesmannen. For forbruket i 2011 har IMDI fått egne rapportar.

**47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

Dei ulike tilskota er utbetalte til kommunane etter at søknadene er komne inn til Fylkesmannen. For forbruket i 2011 har IMDI fått egne rapportar.

I samarbeid med VOX og IMDI har Fylkesmannen i Hordaland arrangert kurs for lærarar og leiarar i samband med undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Fylkesmannen har vore med på IMDI sitt informasjonsmøte i høve NIR / Jira, og i tillegg har det blitt gjeve mykje rettleiing over telefon til dei ulike kommunane.

**Resultatområde 48 Likestilling**

Likestilling vert ivareteke ved Fylkesmannens drift og i tilsettingsprosessar.

Likestilling er vidare eit tema i dialogen med kommunane i samband med planlegging, der vi ser at dette er ei problemstilling.

**Ressursrapportering**

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 461 653,34	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 070 219,80	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 992 400,96	kr 581 817,31
47 Integrasjon	kr 54 063,26	kr 18 354,74
Andre oppgaver under BLD	kr 1 196,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 579 533,00	kr 600 172,00

## Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Sjå underpunkt

### 51.2 Vergemålsloven

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	28	0
<b>Sum</b>	<b>28</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

Sjå underpunkt

### 52.1 Fri rettshjelp

Når det gjeld rapportering om Fylkesmannen si handsaming av søknader om fritt rettsråd, fri sakførsel, handsaming av salæroppgaver og kontroll av vedtak frå advokat/rettshjelper, viser vi til vår kvartalsvise rapportering. Dei kvartalsvise rapportane inneheld også informasjon om vår sakshandsamingstid på desse felta.

Vi har fatta to vedtak om dekning av saksomkostningar til motparten. Begge våre vedtak var avslag. Desse to vedtaka inngår i talet innrapporterte vedtak om fri sakførsel i den kvartalsvise rapporteringa.

Fylkesmannen har ikkje handsama søknadar om utviding av fri sakførselsbevilling til også å gjere myndigheitene merksam på generelle tilhøve etc., jf rettshjelplova § 22 femte ledd.

Fylkesmannen i Hordaland har heller ikkje i 2011 fatta vedtak om refusjon etc. i medhald av rettshjelplova § 8.

Når det gjeld den elektroniske skjemaløysinga, har Fylkesmannen i 2011 motteke 70,7 % av alle søknadar og vedtak i elektronisk form. Dette utgjer ei lita auke samanlikna med 2010. Vi jobbar kontinuerleg med å få fleire advokatar i fylket til å gå over til den elektroniske skjemaløysinga. Dette gjer vi ved stadige påminningar i brev og vedtak som går ut i einskildsaker og per telefon til dei aktuelle advokatane. Vi har også skriva eit eige brev til dei aktuelle advokatane der vi minner om og oppfordrar til bruk av løysinga. Vi har gjennom året prioritert søknader og vedtak som kjem inn elektronisk framfor dei som kjem inn i papirform.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

Viser til kvart underpunkt

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnsikkerhetsutfordringer

FylkesROS Hordaland 2009 omhandla 7 hovudtema. Pådrivarrolla og oppfølging av tiltak har i mindre grad vore prioritert i 2011, men hendingar og utvikling i 2011 har og medført at vi har sett på nye hovudtema som må vurderast med i neste revisjon av FylkesROS med oppstart i 2013. Dette arbeidet vil gå over fleire år. Dette er og tema for oppfølging i fleire regionale fora og samarbeidsorgan (eksempelvis fylkesberedskapsrådet, statsetatsforum med fleire). Dette har i 2011 resultert i ytterlegare fokusering på klimaendringar og naturulukker.

### 53.2 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen har ved samlingar og annan kontakt til m.a. beredskapskontakt og planleggarar i kommunane fokusert på prosessar for oppfølging av samfunnsikkerheit i planlegginga etter plan- og bygningslova på regionalt og kommunalt nivå.

Krav til ROS i samfunnssikkerhetsarbeid, m.a. etter plan- og bygningslova, etter bestemmelsene om kommunal beredskapsplikt og etter sektorlover har i særleg grad vore tema i beredskapstilsyna. Utfordringar til klima er og tema som er vektlagt sterkare enn tidlegare.

Ved revisjon/oppdatering av kommuneplan/-delplanar vert det gjeve innspel til samfunnssikkerheit, jfr. bestemmelsene om kommunal beredskapsplikt.

### **53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare**

Fylkesmannen har hatt tilgang til oppdatert informasjon om flaum- og skredutsette område i fylket. I hovudsak vert og innspel knytt til desse områda tilført/utveksla med andre relevante instansar (eksempelvis NVE). Innspel og kontakt med NVE i førekant av t.d. høyring i arealplansaker vert ivareteke rutinemessig når det er hensiktsmessig eller ønskjeleg. Dette for å få tydelegare og samordna tilbakemelding til kommunale planmyndigheiter på slike saksområde.

Beredskapsmessige innspel frå Fylkesmannen til m.a. NVE i konsesjonssaker etter energi- og vassdragslovgivningen har vi i mindre grad makta å prioritere.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

Viser til underpunkta

### **54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet**

Fylkesmannen får i hovudsak inn dei fleste overordna krise/beredskapsplanverk frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert og gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna. Det er i 2011 gjennomført i samsvar med embetsoppdrag tilsyn i 8 kommunar i Hordaland pluss Hordaland fylkeskommune. (Tysnes, Ulvik, Granvin, Modalen, Masfjorden, Fitjar, Etne og Fedje).

Kontakt vedrørende skjermingsverdige objekt vert i hovudsak gjennomført med politiet, forsvaret og i noko grad objektigarar. I plan og utbyggingssaker vert det og gjort objektvurderingar i samråd med forsvaret og politiet i område der det ligg prioriterte objekt.

Planlagt kontaktmøte for Sør- og Vestlandet med forsvaret, politiet og sivilforsvaret vart ikkje prioritert gjennomført i 2011.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk (SBS) delen har ikkje vore prioritert i 2011 utover ei samling/øving for embetet si kriseleiing i samband med CMX-11 deltaking.

DSB øving og tilsyn med fylkesmannen vart ikkje gjennomført i 2011. Dette medførte og at vi i mindre grad fekk innspel og test på embetet sin kriseplan og krisehandteringsevne.

Samordning og regional krisehandtering har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet og det regionale atomberedskapsutvalet.

### **54.2 Øvelser**

Øvelse Hordaland 2011 med kommunane i Hordaland vart gjennomført 29.9.2011 med tema bortfall av straum og teletenester. Det er og gjennomført varslingsøving med alle kommunane ( 20. desember 2011). Ved øvingar vert og krisestøtteverktøyet DSB-CIM nytta. I tillegg har fylkesmannen også vore med og planlagt og gjennomført ei beredskapsøving i Kvam herad.

Fylkesmannen/fylkesberedskapsrådet har og delteke i ei øving med (NVE 27.9.) der også bortfall av kraft og teletenester var tema. Fylkesmannen deltok også i CMX øvinga 19. - 26.10.2011. I CMX øvinga vart også deler av fylkesmannen sin krisestab trekt inn.

### **54.6 Regional samordning**

Det har vore i 2011 vore betydeleg større aktivitet i samband mange fleire varsel/informasjon frå Statens Strålevern. Det har og vore samlingar/deltaking knytt til Haakonssvern (uønska hending med reaktor fartøy).

Fylkesmannen har i 2011 berre handtert nokre få mobfritaks saker for kommunar og prioriterte bedrifter. Fylkesmannen har også i 2011 prioritert vernepliktsverket sitt krav til å redusera talet verksemdar med fritak som ikkje er "viktige" ved ei mobilisering.

Skogbrannovervaking i søre deler av Hordaland vert ivareteke frå Rogaland.

Frivillige organisasjonar har også i 2011 m.a. delteke i fylkesberedskapsrådet. Ved beredskapstilsyn i kommunane har det også vore fokusert på at kommunale beredskapsråd må ha ei breid samansetjing herunder at frivillige organisasjonar er respresentert.

## **54.8 Felles digitalt nødnett**

Gjeld ikkje Hordaland 2011, men vi har innhenta og fornya fullmakter frå kommunane.

## **54.9 Atomberedskap og strålevern**

Det har ikkje vore eiga samling for ABU-Hordaland i 2011.

Det er i 2011 gjennomført 2 dagarsamling for beredskapskontaktane i kommunane der Statens Strålevern hadde presentasjonar knytt til elektromagnetiskstråling og radon.

Fylkesmannen har vore representert i kontaktmøte på Haakonssvern vedrørende reaktor fartøy. Vidare har fylkesmannen vore delaktig i forbindelse med Helse Vest sin rullering av CBRN beredskap.

Ved CMX11 øvinga i oktober var det og tiltak som omhandla CBRN.

Planmal for atomberedskapen i kommunane i Hordaland er oppdatert i 2011.

Onlineplan for der regionale atomberedskapsorganisasjon (ABU-H) er oppdatert i den grad basen har "fungert".

## **54.10 Beredskap innen kraftforsyning**

Dette området var spesielt i 1. kvartal 2011 høgt prioritert både av omsyn til kraftsituasjonen og at det seinare var tema for øving Hordaland (Øvingar med kommunane der tema var kraftbortfall og følgeverknader.

Når det gjeld dameigarar sitt arbeid med dambrotsbølgekart og kontakt med naudetatane har dette i mindre grad vore prioritert.

Mottak og vidaresending av varsel meldingar frå NVE og MET har gått rutinemessig også i 2011 trass i at fylkesmannen ikkje har ei "formell" vaktordning utover kontortid.

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

Sjå underpunkta

### **55.1 Organisering for krisehåndtering**

Embetet sin krisestab (kjernestaben) er utpeikt og tiltenkt deltaking ved behov ved krisehåndtering og øvingar. Staben skal utvidast med ytterlegare personell frå embetet eller eksterne alt etter kva situasjon som skal krisehandterast. Deler av staben har i 2011 m.a. delteke i øving Hordaland, Regional NVE øving og varslingsøving med kommunane. Dei har og delteke i ei intern øving når det gjeld bruk av SBS (CMX-11).

Oppdatering av såvel embetet sin kriseplan som kriseorganisasjon herunder øvingar har i mindre grad vore prioritert i 2011 grunna etterslep av større omorganisering på embetet og krevjande innsats m.a. som ei følgje av "22.7" og uverssituationar.

Dei fleire større innsatsar knytt til reelle hendingar har avdekka svikt og manglar i fylkesmannen sin "infrastruktur" og kapasitet. Desse realitetane er og drege inn i det pågåande revisjon av fylkesmannen sitt kriseplanverk.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er kriseorganisasjon og krisehandtering tema. Kriseplanar frå kommunane som vert sendt inn til fylkesmannen vert og gjennomgått og det vert gjeve uttale/råd når ein finn det tenleg.

Embetet sine system for gradert meldingsformidling er operativt og testa/brukt i 2011.

Embetet har 4 personar med oppdatert kryptokvalifisering/klarering pr. 2011. Desse er og i stand til å handtera mottak og sending av gradert informasjon på fleire av dei operative systema. At fleire embetee i 2011 har fått meir teneleg utstyr har og gjeve ein betydeleg auka øvings-/brukarerfaring.

## 55.2 Krisehåndtering

Regional krisehandtering vert i hovedsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet. Fleire tyngre og omfattande, rett nok eksterne hendingar har prega embetet si krisehandtering i 2011.

"22.7." var den mest krevjande, men også atomhendinga i Japan og ikkje minst uvershendingar har og medført krisehandtering og samordning på ulike nivå.

Krisehandtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband ei varslingsøving for alle kommunane 20. desember. Utover dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel /meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

I 2011 var det og fleire bortfall av telenettet i fleire kommunar. Dette medførte m.a. kontakt med telenor sin representant i fylkesberedskapsrådet og at m.a. telenor sine varslingsrutinar for planlagt eller uregelmessigheit i telenettet vart innskjerpa. M.a. ved varsling til aktuelle etatar og kommunar slik at eventuell relevante mottiltak kan vurderast iverksett.

2011 vart det loggført i DSB-CIM over 200 slike varsel/hendingar.

## 55.3 Evaluering

Evaluering skjer i hovedsak etter øvingar og hendingar m.m. (Øving Hordaland, NVE øving og varslingsøvingar.

Ei omfattande evaluering vart gjennomført 21. oktober 2011, der tema var "22.7." og den regionale handteringa i dei mest berørte kommunane og regionale etater.

Evaluering/gjennomgang i høve til embetet si evna til å gjennomføra varsling og rapportering samt ivareta fylkesmannen si rolle som regional samordningsmyndigheit vert kontinuerleg følg. "22.7." avdekka såleis eksempelvis manglar hos fylkesmannen som vi prøver å dekkja inn i vårt revisjonsarbeid.

Evaluering og lærdom av hendingar utanfor fylket vert også presentert med tanke på om tilsvarende hendingar skulle skje i Hordaland.

Atomhendinga i Japan, kontra tilsvarende hendingar i Europa og reaktor fartøy på Haakonsværn og langs kysten.

Ved hendingar som utløyer rapportering vert dette meldt på samordningskanal til DSB i tillegg til eventuell fagrapportering.

Fylkesmannen har i 2011 sendt inn rutinemessig vekesrapportar til DSB.

## Ressursrapportering

Utbetalingen på fagkap. gjelder honorar til tolker. Altså er det ikke belastet lønnsutgifter til internt ansatte på annet enn kap. 1510.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 241 620,40	kr 119 130,14
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 137 890,23	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 763 530,37	kr 30 295,60
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnsikkerhet	kr 1 315 606,85	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 739 143,84	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 159 387,30	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 1 806,40	kr 0,00
Sum:	kr 4 358 985,00	kr 149 425,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2011 vidareført arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Dei einskilde fagavdelingane samordnar i stor grad praktisk innafor sine fagfelt -både internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta eit eige statsetatsleiarforum som blir samla med jamne mellomrom. Forumet organiserer også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det årlege arrangementet om hausten er blitt eit viktig møtepunkt for ordførarar og rådmenn i fylket.

I 2011 var tema første dag på dette arrangementet utdanning for fleire sektorar og nivå, Samhandlingsreforma og handtering av vekst i pressområda. Den andre dagen var hovudtemaet terrorangrepa 22.juli, med krisehandtering og konsekvensar for kommunane i fylket. I tillegg var det tema den andre dagen om bustadpolitisk arbeid, ny forskrift om kommunal beredskapsplikt og beredskapsvarsling samt innlegg og synspunkt om det framtidige transportmønsteret i Bergensregionen.

Embetet deltek også på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, og for 2011 har vi vidareført arbeidet med tema som barn- og unges oppvekstmiljø, samfunnsstryggleik og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker. Kvar 14. dag er det internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidreg til samordning både internt og eksternt.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte fylkeskommunen og inviterte kommunar.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er føremålsteneleg.

Det er i 2011 gjennomført omorganisering ved embetet. Målsetjinga er å få ein meir effektiv og smidig organisasjon, men i dette ligg også at samansettinga av organisasjonen skal bidra til betre samordning internt. Ved å samle t.d. plan- og byggesaker/samfunnstryggleik, helse/sosial/barnevern m.v. på ein betre måte bør behovet for avdelingsoverskridande arbeid bli redusert.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KRD sine retningslinjer (rundskriv av 9. feb 2004 - publ. nr. H-2143). Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege område som er lagt til grunn for fylkesmannen sitt samordningsansvar skal såleis vere ivareteke.

## 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Fylkesmannen i Hordaland har lagt vekt på synleggjering av den faktiske stoda i kommunane, enten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måten ønsker fylkesmannen å kartleggje behovet for fornying. På det økonomiske området er bruken av KOSTRA sentralt.

Fylkesmannen satt i 2011 av kr.13,5,- mill. frå ordinær skjønnsramme til utvikling- og omstillingstiltak (prosjektskjøn). Dei fleste prosjekta var interkommunale prosjekt. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsynt for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvande sjølv.

For tilsynsarbeid vert det vist til eget ressursområde.

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore vellukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet. Vi ser likevel at det er behov for i enda større grad å prioritera meir konkret gjennomføring og iverksetjing av tiltak framfor tilskot til utgreiingsarbeid.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Det har vore avholdt møter i Tilsynsforum også i 2011. Det eksisterer ei gruppe som skal syte for at embetet og Statens Helsetilsyn i Hordaland harmoniserer sitt tilsyn overfor kommunane. Dette gjeld særleg metode. Det er verdteke at det skal utvekslast kontrollopplysningar med Hordaland fylkeskommune. Kontrollsjefen i fylkeskommunen skal vere med på eit møte i Tilsynsforum pr år. Det er innleia samarbeid med Fylkeskommunen og deira eigenkontroll med tenestene. Embetet får jevnleg tilsendt fylkeskommunen sine kontrollrapporter. Embetet har og vore engasjert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forurensningsdirektoratet for å utarbeide og gjennomføre kurs i tilsyn med kommunane som forvalter av miljølovgevinga. Direktoratata er i gong med ei landsomfattande undersøkjing.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Sjå underpunkt

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

Fylkesmannen går kvart år gjennom samlege 33 budsjett. Budsjett og økonomiplanane til ROBEK-kommunane blir prioritert. Samtlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan. Ein kommune har i løpet av året blitt meldt ut av ROBEK og ein kommune er teke inn, slik at det ved årsskiftet framleis er fire Hordalandskommunar som i registeret.

På denne måten kan fylkesmannen skaffe seg ein god øversikt over stoda i kommunane (framoverretta i motsetnad til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

Fylkesmannen har i 2011 godkjent 8 låneopptak (utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett) og "avtalar om langsiktig leige".

Fylkesmannen har i 2011 godkjent 16 vedtak om nye garantiar, eller endring av eksisterande garantiar.

Fylkesmannen har i 2011 handsama to lovlegkontrollar knytt til økonomireglane etter krav frå eit mindretal i Bergen bystyre. Begge sakene var i samband med utbytte frå BKK til Bergen kommune, det vil sei ein for 2010



og ein for 2011. Fylkesmannen gjennomførte lovlegkontroll av eige tiltak for dei andre eigarkommunane i BKK på bakgrunn av dei to førstnemnde sakene for Bergen kommune.

## 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet i oktober og kommuneproposisjonen i mai når framlegget er blitt offentleg. Samstundes blir informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare held fylkesmannen personleg innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse.

Vi har også i 2011 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket.

Vi møter ofte den einskilde kommune for ein gjennomgang av status og utfordringar. Fylkesmannen personleg deltek gjerne på desse møtene.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å kome på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlata til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Ved publisering av førebelse tal har vi merka at nokre kommunar har vist mangelfull rapportering. Dette har vi påpeikt og følgd særskild opp. Det har vore ei klar betring dei siste åra med langt færre kommunar som har mangla ved førebels rapportering. Problemet er sårbarheit på personalområdet i kommunane. Ei sjukemelding eller skifte av personell i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også for 2011 utarbeidd samanfattande rapportar om den økonomiske stoda i alle kommunane i fylket (førebelse og endelege tal).

Rapportane gjeld utviklinga til og med 2010. I tillegg er det lagt ut 2010-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA er blitt nyttig for kvalitetssikring av tala.

Fylkesmannen har i 2011 hatt mykje kontakt med kommunane i samband med budsjettprosessen for 2012. Vi har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2011 har Fylkesmannen fordelt ein skjønnsramme på kr. 135,6 mill. til kommunane. Av dette blei kr. 13,5 mill gitt til omstilling- og utviklingstiltak ( prosjektskjøn ).

Av ramma på kr. 138,2 mill. for 2012 er kr. 18,8 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Sjå underpunkt

### 63.1 Kommunalrett

3 av lovlegkontrollane var knytt til økonomireglane og er nærmare omtalt under pkt. 62.1.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	8	5	3	1	0	1	1	0
<b>Sum</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>		

## 63.2 Valg

Fylkesmannen i Hordaland har for Kommune- og Fylkestingsvalet i 2011 gjort følgende:

- Delteke på opplæringskonferanse i regi KR D

- Arrangert kurs for kommunane, i samarbeid med Valgforum. Dei fleste av fylkets kommunar deltok på kurset (32 av 33 kommunar)

- Hatt beredskap på valdagen

I forkant av valet har Fylkesmannen svart på spørsmål om lister, valavvikling med meir, men det er mogleg at eksistensen av Valforum har hatt ein effekt da talet på spørsmål var klart lågare enn ved førre val.

På den andre sida var det svært stor pågang og mange spørsmål i etterkant av valet, knytt til kommunelova og val av komitear og utval. Balanse mellom kjønna var her den store utfordringa.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har mottatt og handsama 23 klagesaker etter offentleglova i 2011. Resultatet av handsama 2011 saker er: I 20 saker er resultatet stadfesta, ei sak er delvis stadfesta og to saker er omgjort.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

Sjå underpunkt

### 65.1 Kommuneinndeling

Vi har motteke førespurnad frå Jondal kommune om dei økonomiske konsekvensane for kommunen av ei grensejustering i høve til Kvinnherad kommune. Vi har gitt kommunen førebels informasjon. Det er avtalt at kommunen tek kontakt i år når denne prosessen er komen lenger for å få så oppdatert informasjon som mogleg om dei økonomiske konsekvensane.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen har oppfordra til interkommunalt samarbeid. Det har tidlegare vore skaffa til rådvelde ein oversikt over arbeidet frå dei forskjellige regionråda som syner høg aktivitet på dette feltet.

Fylkesmannen oppfordrar til meir samarbeid etter ny § 28 og særleg ser vi trong til dette i samband med den nye samhandlingsreforma.

I samband med tildeling av prosjektskjøn legg vi til grunn at det er ein føremon at prosjekta er interkommunale. Det har også vore tilfellet i 2011.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

Sjå underpunkt

### 66.1 Byggesaker

Fylkesmannen handsamer klagesaker etter plan- og bygningslova.

Bemanningssituasjonen har vore utfordrande i 2011. Fleire erfarne sakshandsamare har slutta, og det tek tid å byggje opp ny kompetanse på dette fagfeltet som er juridisk kompleks. 2 stillingar er inndregne/vert halde vakant i samband med spareplan på embetet.

Vi handsama 566 plan- og byggjesaker i 2011. Restansen er bygd ned frå 258 saker pr. 31.12.2010 til 150 pr. 31.12.2011. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var ved utgangen av 2011 på 133 dagar.

Vi har i løpet av 2011 jobba 200 timer overtid for å få redusert restansen. I tillegg er det gjort fleire effektiviseringsgrep i dei interne prosessane. Vi er blant dei tre embeta i Noreg som brukar minst tid pr. plan- og byggjesak, med i underkant av 10 timer pr. sak. Desse samla tiltaka har gjort at vi har fått redusert restansen trass i ein vanskeleg bemanningssituasjon.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama 6 saker om ekspropriasjon:

I 2 saker har vi som førsteinstans gjeve samtykke til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 - den eine etter § 2 nr. 19 (framføring av kraftlinje) - den andre etter § 2 nr. 47 (vassforsyning og avløp). Vedtaka er ikkje påklaga.

I 3 saker er det gjeve samtykke etter oreigningslova § 25 til å ta grunnen i bruk før rettsleg skjønn er halde. Vedtaka er ikkje påklaga.

Vi har handsama 1 klagesak som gjaldt kommunestyret sitt vedtak etter plan- og bygningslova § 16-2 om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama klager etter eigarseksjonslova i 2011.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Fylkesmannen har ikkje handsama saker om kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård i 2011.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 936 126,33	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 5 364 852,30	kr 0,00
Andre oppgaver under KR D	kr 578 606,83	kr 0,00
Sum:	kr 6 879 585,00	kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Vi behandla 490 klagar etter lov om sosiale tenester i arbeidsforvaltninga. Det er ein auke på 73 prosent i høve til 2010. Ved inngangen til 2011 hadde vi 136 ubehandla saker og ei saksbehandlingstid på 5 ½ månader. Ved utgangen av året hadde vi 15 saker som ikkje var behandla og ei saksbehandlingstid på to veker. Oppdraget om å gje tilbud om opplæring i tilknytning til nye forskrifter og nytt rundskriv er utsett til 2012 fordi forskrifter og rundskriv kom seinare enn venta. Vi har gitt rettleiing i etterkant av tilsyn.

#### 73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Tiltak for formidling og kompetanseutvikling på resultatområda 73.2, 73.3, 73.4, 73.5 og 73.6 er koordinert. Aktivitet er nærare omtalt på det enkelte resultatområdet. Vi deltek på regionale samarbeidsarenaer i fylket. Likeverdige regional samarbeidsarena (Nav-forum) har møte ein gong i året. Faste tema i møtet er: Status i kvalifiseringsprogrammet, etableringsløp, erfarings og informasjonsutveksling.

I 2011 vidareførte vi nettverk for arbeid med kvalifiseringsprogram, bustadsosialt arbeid og økonomisk rådgjeving. Prosessgrupper innan rus og psykiske lidningar, arbeid med brukarar i LAR og individuell plan blei også vidareførte. Kommunane fekk tildelt nær 1 mill kroner til kompetanseheving og fagleg utvikling innan sosialtenester og rusomsorg.

Vi har engasjert kompetanserettleiarar, svarande til 1/2 stilling, til å følgje opp HPMT-prosjekt som er igang ved tre nav-kontor i fylket.

#### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen har rapportert til Arbeids- og velferdsdirektoratet kvart tertial i samsvar med spørsmål om arbeidet med kvalifiseringsprogrammet (kvp). I tillegg til egne rådgjevarar, har vi frikjøpt to kompetanserettleiarar, svarande til ½ stilling, som gir fagleg opplæring og rettleiing om kvp i 2011. Dei som arbeider med kvp ved Nav-kontora i fylket, har tilbud om å delta i faglege nettverk. I 2011 blei det arrangert to nettverkssamlingar for kvart nettverk, i alt åtte samlingar. I tillegg til erfaringsutveksling, har tema vore rett til kvp og utforming av program i ei familieperspektiv med særleg omsyn til barn og unge. Vi arrangerte også ei større samling for alle som arbeider med kvp i Hordaland. Alle kommunane har fått tilbud om direkte rettleiing og opplæring om sjølvbestemte tema. Sju kommunar har teke imot dette tilbudet. Vi behandlar klager og gir fortløpande råd og rettleiing pr. telefon.

I dialogen med Bergen kommuna har vi fått tilbakemelding om ønskje og opplæringsbehov ved det enkelte Nav-kontoret i høve til deira daglege arbeid med kvp. I løpet av året har vi og fleire møte med leiarane ved Nav-kontora i Hordaland, både på statleg og kommunal side. Kvp er eit sentralt tema i desse møta. Arbeidet er leiarforankra mellom anna gjennom faste møter i Nav-forum (KS, Nav-fylke, fylkesmannen)

### 73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Fylkesmannen i Hordaland er eitt av tre embete som fekk tilført stillingsressursar for å hjelpe dei andre fylkesmannsbeta med kompetansehevande tiltak og generell rettleiing. Vi har regionansvar for Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Rogaland, Vest og Aust Agder.

I 2011 deltok vi i tre møte i kompetansegruppa for økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving i Oslo i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet. I tillegg kjem eit regionskontaktmøte i Trondheim i regi av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

Regionskontaktane var på hausten på vitjing hjå Innkrevjingsentralen i Nav (NavI) i Kirkenes. Vi deltok også på den årlege konferansen ”Penger til besvær” i Oslo. Der var også 12 deltakarar frå Nav kontor i Hordaland som vi dekte kursavgift og hotellopphald for.

Vi har deltatt på samlingar i dei kommunale nettverka for Nav kontor både i Rogaland og Møre & Romsdal. Behovet for å etablere slike nettverk aukar.

Våren 2012 tek vi initiativ til etablering av nettverk i Hardanger.

I Bergen er det oppretta fagforum ”Økonomisk Samarbeidsforum” for kommunale Nav-tilsette økonomiske rådgjevarar. Det blei avvikla 5 samlingar i 2011. Fagforumet har hatt besøk frå Statens Innkrevjingsentral, Nav Forvaltning for Hordaland og Jussfomidlinga i Bergen. Økonomirådstelefonen (gjeldstelefonen), som er etablert i Mo i Rana, i presenterte tenesta si for kommunale Nav-tilsette.

Vi har hatt forelesningar på to grunnkurs og tre vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving utanfor Hordaland. I tillegg deltok vi som observatør på oppfølgingskurset for økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving i Tromsø. Det blir nytta i overkant av ei stilling på ressursområdet. Det vil ikkje vera unaturleg å auka ressursbruken ved framleis opptrapping av arbeidet med økonomisk rådgjeving i 2012.

### 73.5 Boligsosialt arbeid

I 2011 tildelte Fylkesmannen i Hordaland nær 7 ½ million kroner til fjorten bustadsosiale tiltak i sju kommunar. Fem av tiltaka var nye i 2011, men tre av desse starta ikkje opp før januar 2012. Det var i alt sytten søknader, og berre tre søknader vart avslått. Alle midlane som Fylkesmannen fekk overført til bustadsosialt arbeid, vart vidarefordelt til dei tiltaka som fekk innvilga søknadene sine.

Tildelinga var i samsvar med fullmakt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, og vart tildelt som eit ledd i kampen mot fattigdom. Bergen fekk tilskot til åtte bustadsosiale tiltak, medan dei seks andre kommunane har eitt tiltak kvar.

I lag med Husbanken sitt regionkontor gjennomførte Fylkesmannen i 2011 eit større fagseminar samt ei nettverkssamling med kommunane. Eit sentralt mål for samarbeidet med Husbanken er å følgja opp, å samordna og å vidareutvikla det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området.

I vårhalvåret 2011 hadde Fylkesmannen låg intensitet når det gjaldt bustadsosialt oppfølgingsarbeid, fordi vi prioriterte klagebehandling etter sosiallovene. I hausthalvåret auka vi innsatsen, mellom anna ved å vitja fem av tiltaka: på Askøy, Osterøy, Voss og to i Bergen. Dessutan vitja vi det bustadsosiale tiltaket i Odda, men då samordna med rustiltaka i kommunen. Fylkesmannen tok oppgåva med bustadsosiale innslag på årssamlinga for Nav-kontora i Voss/Hardanger, og på ei samling for dei som arbeider med kvalifiseringsprogram ved Nav-kontora i Hordaland.

I høyringsfråsegna til «Rom for alle – en sosial boligpolitikk for fremtiden» tok Fylkesmannen til orde for at regjeringa nyanserer ”eige, ikkje leige”-strategien for norsk bustadpolitikk. Fylkesmannen meiner at behovet for fleire kommunale utleigebustader og større variasjon i bustadtilbodet for vanskelegstilte er stort. Vi meiner vidare at vi bør lovfesta rett til varig bustad etter tre månader på hospits eller anna mellombels butilbod.

### 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen i Hordaland tildelte om lag 3 millionar kroner til kommunalt arbeid mot barnefattigdom. Det var i alt ni søknader, og det var altså rom for å innvilga seks av desse. Tre av desse tiltaka var nye i 2011. Alle midlane som Fylkesmannen fekk overført til tiltak mot barnefattigdom, vart vidarefordelt til dei tiltaka som fekk innvilga søknadene sine.

Tilskota vart slik fordelt på kommunar/bydelar og tilskotsbeløp:

Kvam 630 000 kr

Fyllingsdalen 600 000 kr

Laksevåg 535 000 kr

Årstad 500 000 kr

Stord 400 000 kr

Askøy 350 000 kr

I alt 3 015 000 kr

Dei aktuelle kommunane/tiltaka vart invitert til å vera med på dei fagsaminar og nettverk som Fylkesmannen arrangerte i lag med Husbanken sitt regionkontor kopla opp mot bustadsosialt arbeid.

Fylkesmannen har informert om den statlege satsinga mot barnefattigdom og om tiltaka i vårt fylke gjennom tre oppslag på nettstaden vår, og ved å informera på samlingar som Fylkesmannen har arrangert eller deltatt på i 2011. I hausthalvåret vitja Fylkesmannen tiltaket i Fyllingsdalen og det nye på Askøy for å følgja dei opp.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 53 570,38	kr 974 004,46
73.9 Andre oppgaver Sosialtjeneste (rest 73)	kr 607 994,25	kr 0,00
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 314 106,77	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 11 909,00	kr 0,00
Sum:	kr 987 580,00	kr 974 004,00

## Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

### 75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Det er koordinerande eining for habilitering og rehabilitering i kommunane i fylket og i helseføretaka. I uttalar til planar og i møte med kommunane har vi lagt vekt på krav til universell utforming og likeverdige tenestetilbod. Vi har elles ikkje gjennomført særskilte tiltak for å følgje opp korleis kommunane legg til rette for å møte behova til synshemma.

Når det gjeld tenester til unge med kroniske sjukdomar og nedsett funksjon, har vi gjennomført tilsyn med individuelle tilrettelegging av tenester til unge i aldersgruppa 12-20 år i nokre kommunar. Saman med Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, psykisk helse og barnevern har vi delteke i gjennomføring av eit prosjekt om tverrfagleg kunnskapsutvikling og samhandling om barn og unges psykiske helse.

Vi har gitt økonomisk støtte til NKS Olaviken/Habiliteringstenesta for vaksne til temadag om miljøarbeid for personar i kommunane som arbeider med personar med utviklingshemming. Vidare har vi gitt tilskot til innkjøp av kartleggingsverktøyet «Tidlige teikn» (utgitt av NAKU) til tilsette i kommunane i Hordaland. Dette som eit ledd i etablering av fagnettverk om psykisk utviklingshemma og demens.

### 75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Vi gjennomførte ikkje særskilte tiltak for å informere om "Familieveiviserprosjektet", men tilrettelegging og koordingering av tilbod til barn med nedsett funksjonsevne var tema i fleire møte og ved tilsyn i 2011.

### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Oppdrag frå Helsedirekoratet er gjennomført. Vi har vore i kontakt med dei aktuelle kommunane og meiner pasientane har fått forsvarleg oppfølging.

## Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

### 76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Ei rekkje samarbeidstiltak er igang i fylket, fleire er i drift og andre er under utvikling. Vi er representerte i det nasjonale nettverket for samhandlingsreforma og gir fortløpande melding om gode døme. Informasjon blir også formidla i lokale og regionale forum. Alle kommunane hadde samarbeidsavtalar med helseføretaka. Ved årsskiftet 2011-2012 var framlegg til nye avtalar under utarbeiding.

Elektronisk samhandling føreset robuste system. Dei eksisterande ordningane er sårbare og leverer ikkje i høve til behov eller forventningar.

### 76.2 Individuell plan

Arbeid med individuell plan, koordinering og felles rutinar i kommuane, er følgd opp i ved tilsyn, eigne prosessgrupper for å styrkje bruken av individuelle planar og i fleire nettverksmøte.

### 76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Helse- og sosialavdelingar har gitt råd og rettleiing om kvalitetsforbetring ved behandling av enkeltsaker, oppfølging av tilsyn, i møte og kurs.

Vi har arrangert meir enn 30 møte, kurs og samlingar der føremålet var å bidra til kvalitetsforbetring og hatt meir enn 40 undervisningsoppdrag for helsepersoell, studentar m.fl.

### 76.5 Felles digitalt nødnett

Hordaland var ikkje blant fylka som fekk oppdrag på dette området i 2011.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland har oppdaterte prosedyrar for varsling og rapportering. Kriseplan for embetet er under revisjon. Arbeidet blir ferdig våren 2012.

#### Tiltak retta mot kommunane

Vi har delteke på seminar i regi av Bergen kommune med drøfting av beredskapsplanen deira og ulike scenario på tvers av landegrensar, mellom anna handtering av utbrot/epidemiske sjukdomar hos flypassasjerar ut frå internasjonalt helsereglement (IHR).

I samband med hendingane 22. juli henta vi inn kontakttelefon og opplysningar om kriseteam frå kommunane som hadde deltakarar på Utøya. Vi deltok på dei koordinerande møtene i regi av Bergen kommune for kriseteama i dei involverte kommunane. Oppfølging etter Utøya var tema på beredskapssamling med erfaringsutveksling blant kommunane, og på haustmøtet for helse- og omsorgspersonell.

Fylkeslegen møter etter innkalling i fylkesberedskapsrådet, atomberedskapsutvalet i fylket og Lokal redningssentral. det har vore femslske møter i 2011. Fylkesmannen har også i 2011 vore på seminar i regi av forumet Samarbeid i redningstjenesten (SAMRED). Vi har delteke i førebuing og gjennomføring av Øving Hordaland 2011, der scenarioet var straumbortfall med konsekvensar i fleire sektorar. 30 kommunar deltok. Vi

har kartlagt om kommunane har oppdaterte smittevernplanar. Vidare har vi oppdatert oversikt over smittevernlegar i kommunane og gjort den tilgjengeleg på nett.

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Vi behandla 7 saker om fritak frå teieplikt. Saksbehandlingstida varierte frå 1-22 dagar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 14 dagar.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	7	14
<b>Sum</b>	<b>7</b>	

## 77.3 Særfradrag

I 2011 fekk vi 178 saker. Vi behandla 143. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 46 dagar. Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	178	46
<b>Sum</b>	<b>178</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

Vi behandla 2433 saker.

Dispensasjonssaker - 1246

Andre saker - 1187

Tala blir rapporterte til Helsedirektoratet i registreringsverktøyet "Trafikk". Rapportar inklusive opplysningar om saksbehandlingstid, kjem frå direktoratet i februar/mars.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	2433	
<b>Sum</b>	<b>2433</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

I 2011 mottok vi 3 arkiv for oppbevaring

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMHO	3
<b>Sum</b>	<b>3</b>

## 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

I tillegg til fortløpande rettleiing pr. telefon, hadde vi fleire undervisningsoppdrag, mellom anna i Bergen kommune for om lag 300 tilsette i pleie- og omsorgstenestene. Leiarar og mellomleiarar frå kommunane var inviterte til to møte hausten 2011 der vi gav tilbakemeldingar frå tilsyn med tvungen helsehjelp ved sjukeheimar i fylket og oppmoda alle til å gjennomgå eigne tenester. Etter vår vurdering er det framleis stort behov for opplæring, ikkje minst om kva konsekvensar regelverket har for praksis.

I 2011 fekk vi tilsendt 188 kopiar av vedtak etter pasientrettslova kap 4A. 71 av dei er vedtak som varer meir enn tre månader. 61 vedtak blei tekne til etterretning. Vi gav tilbakemeldinga til 78, oppheva 15 og endra 4 vedtak.



## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Samhandlingsreform og ny folkehelselov var tema for eiga folkehelsekonferanse i april, møte for kommuneoverlegar i september, det årlege haustmøtet for helse- og sosialtilsette i november og eit eige lovseminar i desember. Det har vore uvanleg stor interesse for desse tilskipingane, så stor at vi har måtta avvise folk som ynskte å delta. Vi meiner likevel å ha dekt behovet for storskalaskulering for denne gongen, og vil i det vidare arbeidet leggje meir vekt på mindre regionale og lokale arrangement.

Fylkeskommunen har igangsett arbeidet med regional plan for folkehelse. Planen er venta ferdig i 2013. 18 av 33 kommunar har skrive avtale om partnerskap for folkehelse.

Fleire kommunar er i ferd med å skrive eigen plan for folkehelse. Vi ser og eksempel på at folkehelse får ein breiare plass i samfunnsdelen av kommuneplanen, men det er for tidleg å konkludere med status på dette punktet.

Åtte kommunar har søkt om og fått statleg tilskot i 2011 til etablering av frisklivssentral. Førebels er ingen opna.

Vi har ikkje grunnlag for å uttale oss om korleis kommunane har disponert dei frie midlane.

#### Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### 83.2 Miljørettet helsevern

Vi har behandla fire klager. Kommunen fekk medhald i tre av dei. I den eine klagen oppheva vi vedtaket. Sakene er behandla innan 8 veker etter at vi fekk dei tilstrekkeleg opplyst.

### 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Det har, som i 2010, vore lite oppslutning om røykesluttkurs, og fleire av dei tidlegare tilbydarane har no lagt ned denne verksemda. Det gjeld og lungeavdelinga på Haukeland universitetssjukehus.

Det vart fordelt kr 510 000 kroner til tiltak for betre seksuell helse. Mesteparten gjekk til helsestasjon for studentar i Bergen (aldersgruppa 20 - 24 år).

Åtte kommunar har søkt om og fått statleg tilskot i 2011 til etablering av frisklivssentral, fleire av dei som inerkommunale tiltak. Førebels er ingen opna. Lærings- og meistringssenteret i Helse Bergen HF tilbyr skulering i sjukdomsmeistring, motiverande samtale med meir

### 83.6 Smittevern

Helseavdelinga fekk ingen søknader om dispensasjoner frå forskrift om smittevern i helsetjenesten, eller klager etter forskrift om tuberkulosekontroll og forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hullvirksomhet i 2011. Konferanse om smittevern blei sist arrangert i 2010. Vi heldt ikkje eige møte i 2011. Vi har kartlagt om kommunane har oppdaterte smittevernplanar. Vidare har vi oppdatert oversikt over smittevernlegar i kommunane og gjort den tilgjengeleg på nett.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

## **84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen**

Vi har gjennomført møte for kommuneoverlegar og andre legar med samfunnsmedisinske oppgåver der hovudtema var følelsearbeid og samhandlingsreform. Det er ikkje vesentlege endringar i tid som er sett av til offentlege allmennmedisinske oppgåver i kommunane. Etter vår vurdering er det bruk for meir legetid i helsestasjons- og skolehelsetenesta og i sjukeheimane. To årlege samlingar i nettverk for sjukeheimslegar er med på å styrkje fagleg innhald og interesse for fagområdet. Mange kommunar og har og bruk for meir legetid (samfunnsmedisin) til å delta i arbeidet med kommunal planlegging og råd til kommuneleiinga.

Det er stabilitet i fastlegeordninga. I kommunar der folketalet aukar, er det lite ledig listekapasitet. Det kom ingen søknader om dispensasjon frå fastlegeordninga i 2011.

## **84.2 Turnustjeneste**

I 2011 har vi skaffa 38 turnusplassar i kommunehelsetenesta til legar for perioden 15.08.11-15.02.12 og 37 for perioden 15.02.12-15.08.12. I siste periode blei 35 plassar lagde ut til det ordinære valet, medan ein vart tildelt kandidat i restteneste etter svangerskapspermisjon, i samsvar med vedtak frå SAFH. Plassen som stod igjen, vart seinare nytta til restteneste. Vi gav ikkje tilråding til SAFH om pålegg til kommunane i 2011.

Vi har arrangert legevaktkurs og gruppebasert rettleiing for turnuslegane i samarbeid med Nordhordland legevakt. Turnuslegane har også vore med på regionalt kurs i offentlig helsearbeid. Kursa og samlingane har svært god oppslutning frå turnuslegane. Fylkesmannen har arrangert fagsamling for turnusrettleiarar i kommunane hausten 2011.

Vi ber turnuslegane i Hordaland evaluere tenesta når den går mot slutten, og litt under halvparten bidreg med svar. Vi har også følgd opp konkrete spørsmål om rettleiing, og kontakta kommunen for å sikre betre oppfølging når det har vore nødvendig. Obligatorisk praktisk teneste i sjukeheim ser ut til å vere betre innarbeidd no enn då ordninga var ny. 14 av 15 turnuslegar som evaluerte turnus for perioden 15.02.11-15.08.11 sa at dei hadde slik teneste. 11 av dei hadde 10 dagar eller meir. Langt dei fleste meinte det var sett av passeleg tid til sjukeheimsteneste, og opplevde rettleiinga i sjukeheim som bra eller svært bra.

### **Turnusfysioterapeutar**

Det blir kvart år vanskelegare å skaffe nok plassar til turnusfysioterapeutar. Det er berre eit tidsspørsmål før det blir nødvendig å opprette venteliste. Helsedirektoratet har fått melding om dette. Ein av tre turnusfysioterapeutar sender evalueringsskjema. Dei fleste er nøgde med turnusstaden og rettleiinga. Eventuelle uheldige tilhøve på den enkelte turnusstaden blir tekne opp med leiar.

## **84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester**

Rapporteringar til Statens helsetilsyn er sendt i samsvar med oppdrag.

## **84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel**

Det er samarbeid mellom kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta og regelverket om individuell plan er kjent. Vi har jamleg kontakt med fengselshelsetenesta som tek kontakt for råd og rettleiing.

## **84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjennforente og direktebosatte overføringsflyktninger**

Vi har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre særskilt kartlegging. Oppdraget er svært omfattande og for å få eit felles datagrunnlag meiner vi oppdragsgjevar også bør utarbeide skjema for nemnde kartlegging. Ei avgrensa kartlegging blir gjennomført våren 2012.

Vi har gitt informasjon, undervisning og rettleiing om rettleiarar og tiltak for å betre helsetjenestetilbod, jf. rapportering resultatområde 84.6 og 84.10.

## **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Vi har ikkje gjennomført særskilte tiltak. I artiklar på nettsida vår og i forskjellige møte har vi har lagt vekt på at tenestetilbod skal vere tilpassa personar med ulik etnisk bakgrunn. Flyktningar som pasientar er omtalt i brev til fastlegane, fleire nettoppslag og innlegg i fagsamling for turnusrettleiingar. Vi har særskilt påpeika plikta til å bruke kvalifiserte tolkar og mint om å bruke kompetansen til RVTS så vel som rettleiaren IS-1022.

## **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar**

Ingen kommunar hadde utarbeidd kommunal handlingsplan mot vald i nære relasjonar i januar 2011. To kommunar har planar under utarbeiding. Utover dette det ikkje utarbeidd slike planar som vi er kjende med.

Alle kommunane deltek i ordninga med overgrepsmottak.

Alle kommunane har krisesentertilbod gjennom interkommunale avtalar. Tilbodet gjeld og menn og barn. Verstkommunane melder at dei har prioritert kompetanseoppbygging.

Dei to siste åra har Fylkesmannen organisert nettverk av legevakt, barnevernvakt, Barnas hus, barneklinnikk, politi, utekontakt, alternativ til vald, livskrisehjelp, kontor for krisepsykologi, familievernkontor og regionalt kompetansesenter om vald, traume og sjølv mord for å leggje til rette for meir aktiv erfaringsutveksling og nærare samarbeid.

## **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

Informasjon om nye faglege retningslinjer blir fortløpande lagt ut på nettsida til Fylkesmannen i Hordaland. Spørsmål om retningslinjene og forventningar til tenestene blir også besvart fortløpande.

Det er store forventningar til helsestasjons- og skolehelsetenesta. Over tid er det oppretta fleire stillingar for helsesystre. I perioden 2007-2010 er det berre mindre endringar årsverk utført av andre yrkesgrupper. Skolehelsetenesta er nedprioritert fleire stader, særleg tenesta i vidaregåande skole.

## **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Vi følgjer med på jordmordekkinga i kommunane. I perioden 2007-2010 er det med unntak av Fjell kommune, som har auka frå 1 til 2,5 stillingar, berre mindre endringar i stillingsstorleik for jordmor i kommunane. Vi har ikkje fått melding om at kvinner som ønskjer oppfølging hos jordmor i svangerskapet, ikkje har fått det.

## **84.10 Kjønnslæstelse**

Arbeidet mot kjønnslæstelse er integrert i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Også dette året har Fylkesmannen arrangert nettverkssamling om kjønnslæstelse og tvangsekteskap saman med Bufetat og RVTS Vest.

Bergen kommune har laga egne rutinar for korleis dette emnet blir behandla i dei førebyggjande helsetenestene.

Det er ikkje registrert tilfelle av kjønnslæstelse i Hordaland dei siste to åra.

## **84.11 Tannhelse**

Tannhelsetenesta i Hordaland har inngått samarbeidsavtale med kommuneleiinga, helsestasjonar, pleie- og omsorgstenester, sosialteneste, rusomsorga og tenester for psykisk utviklingshemma i alle kommunane utanom Bergen.

Det er og inngått avtale mellom den offentlege tannhelsetenesta og dei statlege asylmottaka.

Fylkesmannen og fylkestannlegen har møter to gonger i året og samarbeider både i einskildsaker og om folkehelse.

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

### 85.1 Abortloven

Oppdrag utført.

### 85.2 Sterilisering

Vi mottok ingen saker på dette feltet i 2011.

### 85.3 Lov om transplantasjon

Vi mottok ingen saker på dette området i 2011.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

I 2011 blei det behandla 825 saker om spesielt løyve og 37 om generelt løyve til rekvirere sentralstimulerande legemiddel. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 4 dagar.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	899	4
<b>Sum</b>	<b>899</b>	

### 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Vi mottok ingen saker på dette området i 2011.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

### 86.1 Omsorgsplan 2015

Vi samarbeider med Senter for omsorgsforskning region vest, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, Bjørgene Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester, KS, og NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus for gjennomføring av ulike prosjekt, koordinering av tiltak og konferansar.

### 86.2 Demensplan 2015

**Tiltak for pårørende:** Ti av 33 kommunar i fylket har pårørandeskole. Sju arrangerer samtalegrupper og 13 kommunar har andre kurs for pårørende til personar med demens.

**Tilrettelagte dagtilbod:** I 2011 hadde 14 kommunar tilrettelagte dagtilbod for personar med demens, mot åtte kommunar i 2007. Fylket ligg like under landsgjennomsnittet når det gjeld utvikling av slike tilbod. Det er behov for langt fleire tilrettelagte dagtilbod, til dømes dagsenter, dagplassar i institusjon og avlastingstilbod for pårørande.

**Tilrettelagte bustader:** Sju kommunar har ikkje skjerna eining i sjukeheim for personar med demenssjukdom og berre seks kommunar har tilrettelagte bukollektiv for personar med demens. Det er behov for fleire tilrettelagte bustader. I mange kommunar er dette arbeidet ikkje kome igang.

**Opplæringstiltak:** 27 av 33 kommunar deltek i opplæringstiltak med Demensomsorgens ABC eller Eldreomsorgens ABC. 997 personar er registrerte som deltakarar. Utgiftene som kommunane har med innkjøp av studiepermar, blir dekte med midlar frå Kompetanseløftet 2015. Bjørgene omsorgs- og utviklingscenter har fått tilskot til tiltak for å formidling av Demensomsorgens ABC og Eldreomsorgens ABC. Det er stort behov for kompetanseheving, særleg i heimetenestene. Vi har drøfta behovet for kompetanse og utvikling av tenestetilbod til personar med utviklingshemming med NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus og Habiliteringstenesta for vaksne Vest og får innspel til vidare arbeid på dette feltet frå fire kommunar, Øygarden, Fjell, Sund og Askøy. Vi har gitt tilskot til konferanse for tilsette i kommunane om miljøarbeid og tilskot til kommunane for innkjøp av kartleggingsverktøyet "Tidlige tegn". I desember arrangerte vi erfaringskonferanse om Demensplan 2015.

Nasjonalt kartlegging: Vi kvalitetssikra data i kartlegginga som viser at det er framgang i opplæringstiltak, i arbeidet med utgreiing ved mistanke om demens og dagtilbod. Vi meiner det er nødvendig å styrkje tenestetilboda, særleg dagaktivitetstilboda.

## 86.3 Kompetanseløftet 2015

Rapportar er sende til Helsedirektoratet i samsvar med oppdrag.

I 2010 var det 2,6 % fleire tilsette i pleie- og omsorgstenestene enn i 2009. Kommunane i Hordaland hadde 28,8 % tilsette utan helsefagleg utdanning. Landsgjennomsnittet i 2010 var 27,5 %.

Høg alder på tilsette vil dei komande åra føre til større avgang. Talet på utførte årsverk av tilsette over 55 år var om lag som landsgjennomsnittet i 2010. I ti kommunar var det reduksjon i brukarretta årsverk i pleie- og omsorgstenestene. Vi er uroa over manglande samsvar mellom behovet for kvalifisert personell og aktiviteten for å kvalifisere og rekruttere personell med nødvendig kompetanse.

Kommunane skal ha ein handlingsplan for opplæring og kompetanseheving av helse og omsorgspersonell som avspeglar framtidige behov. Kvaliteten på planane er ikkje tilfredsstillande.

Færre søkjer på helsefagutdanningane. Det blei ikkje starta fagskuleutdanning i Fusa og Fitjar hausten 2011.

Fagskuleutdanning i psykisk helsearbeid med 15 studieplassar, studieplass ved Stend vidaregåande skole, starta med sju studentar sist haust. 11 studentar var påmelde, men fire møtte ikkje opp.

Fagskuleutdanning innan kreftomsorg starta med åtte studentar same stad. No er det berre tre studentar igjen på denne fagutdanninga.

Hausten 2010 starta fagskuleutdanning innan kreftomsorg med 15 studieplassar ved Fusa vidaregåande skole. Av dei 15 som byrja er det seks som fullfører studiet i 2012.

Fagskuletilbod i eldreomsorg ved Fitjar vidaregåande skule starta med 12 studentar hausten 2010 i Odda kommune. Her er det åtte studentar som fullfører studiet våren 2012.

Fitjar vidaregåande skule starta og opp fagskuletilbod i eldreomsorg for Bergen kommune og andre kommunar i Bergen hausten 2010, her fullfører åtte studentar våren 2012. Det starta fem studentar hausten 2011 i Bergen, der allereie ein student har slutta.

Fagskuletilbod i eldreomsorg ved Fitjar vidaregåande skule starta med 12 studentar hausten 2010 i Odda kommune. Her er det åtte studentar som fullfører studiet våren 2012.

Fitjar vidaregåande skule starta og fagskuletilbod i eldreomsorg for Bergen kommune og andre kommunar i Bergen hausten 2010, her fullfører åtte studentar våren 2012. Av fem studentar som starta på utdanninga i Bergen hausten 2011 har allereie ein slutta.

Det er svært krevjande å oppretthalde tilboda når så mange ikkje møter opp eller sluttar. Studentane som fullfører

er godt nøgde med utdanninga.

Fitjar vidaregåande skule har fått NOKUT-godkjenning slik at studentane kan ha praksisperioden på arbeidsstaden. Radøy kommune fekk tilskot til prosjekt opplæringskoordinator for helse og omsorg. Koordinatoren har ansvar for oppfølging av lærlingar, praksiskandidatar og elevar innan helse og omsorg. Bakgrunnen for denne ordninga, er at kommunen har problem med å få rekruttert nok lærlingar.

#### **86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger**

Auka investeringstilskot frå mars 2011 førte ikkje til fleire søknader. Det er gitt tilsegn om tilskot til 43 einingar, 34 sjukeheims plassar og 9 omsorgsbustader. Informasjon om tilskotsordninga, råd og rettleiing blir gitt fortløpande. Vi har faste møte med Husbanken.

Kostra-tal viser at det i 2010 var 4057 sjukeheims plassar. Det er 86 fleire enn i 2009 til 2010. Talet på plassar auka i ti kommunar og blei redusert i tre. I fylket under eitt er det 22 plassar per 100 innbyggjarar over 80 år.

#### **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Nettverk for sjukeheimslegar som vi har etablert, har heildagsmøte to gonger i året. Føremålet med nettverket er bidra til å styrkje fagfeltet og interssen for sjukeheimsmedisin. Det er mange som deltek på desse samlingane (60-80 legar).

Vi har gitt tilskot til Bergen kommune for gjennomføring av innføringskurs i norsk arbeidsliv med norskopplæring for personar med fleirkulturell bakgrunn. Tilbodet er for personar som utdannar seg til helsefagarbeidarar.

Vi har gitt informasjon og rettleiing om ernæring og hatt undervisning i kommunar og på høgskolar. Det er også gitt informasjon om Kosthåndboka. Helse Bergen HF og Utviklingssenter for hjemmetjenester og sykehjem i Bergen har fått tilskot til utvikling av e-læringskurs om ernæring.

#### **86.6 Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling**

Vi deltek i fag- og samarbeidsråd for utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Fagråda er ein viktig arena for kommunikasjon med samarbeidspartnarar i arbeidet med Omsorgsplan 2015. Det er stor aktivitet ved sentra. Utfordringa er å ha nok kontaktpunkt ut til kommunane slik at kompetanse og erfaringar blir formidla og delt. Til dette har vi oppretta eit fagnettverk mellom utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, Senter for omsorgsforskning region Vest, KS og Fylkesmannen. Det er og etablert eit regionnettverk mellom utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, Senter for omsorgsforskning region Vest og representantar frå Fylkesmannen i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland. Det var to møte i nettverka i 2011.

I samarbeid med leiar for Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurderte og prioriterte vi søknadene om "Tilskudd til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt". Helseledirektoratet følgde innstillinga vår.

#### **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Vi har arrangert saksbehandlingskurs og gitt rettleiing i aktuelle saker. Informasjon om Forskrift om en verdig eldreomsorg er gitt i møte, ved tilsyn, og saksbehandlingskurset som vi arrangerte i oktober.

#### **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

Alle kommunane blei inviterte til kurs om bruk av musikk i sjukeheimar. Kursa blei haldne i kommunae frå januar til mars, 11 kommunar deltok.

Saman med Senter for omsorgsforskning Vest, Utviklingssenter for sykehjem og heimetenester har vi halde fram arbeidet med tiltaket "Kommunar i dans med frivillig innsats". Dette forskingsprosjektet skal sjå på korleis dei offentlege og dei frivillige aktørane best kan samarbeide. Tiltaket skal prøve å gjere kommunane gode til å samspele med frivillig uformell omsorg i familien og med frivillige lag og organisasjonar. Engasjerte medarbeidarar frå seks kommunar deltek. Tiltaket blir avslutta med eit opent seminar i veke 42, 2012. Det blir

også lage ei inspirasjonsbok til alle kommunane i fylket.

## 86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning

Fylkesmannen i Hordaland har gitt økonomisk støtte til NKS Olaviken/Habiliteringstenesta for vaksne til temadag om miljøarbeid for personar i kommunane som arbeider med personar med utviklingshemning.

Vi har og gitt tilskot til innkjøp av kartleggingsverktøyet «Tidlige teikn» (utgitt av NAKU) til tilsette i kommunane i Hordaland. Dette som eit ledd i etablering av fagnettverk om psykisk utviklingshemma og demens. Vidare har vi gjennomført to konferansar for leiarar og mellomleiarar i helse- og omsorgstenestene i kommunane om erfaringar frå tilsyn i 2011, mellom anna frå tilsyn med tenester etter sosialtenestelova kapittel 4A. Opplæring i reglane i kapittel 4 A til kommunane i fylket har vi ut over dette ikkje kunna prioritere. Dette blei meldt frå om til oppdragsgjevar ved starten av året.

Fylkesmannen i Hordaland gjekk ut over sakshandsamingstida på tre månader i 35 av 154 saker i 2011. Siste halvår av 2011 var sakshandsamingstida under seks veker.

## 86.10 IPLOS - individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

IPLOS er tema i aktuelle møte med kommunane, i undervisning til studentar og tilsette i kommunane. Vi ber om IPLOS-registreringar når vi får klager på helse- og omsorgstenestene.

Vi har inntrykk av at leiinga i kommunane i liten grad spør etter og brukar IPLOS-data. Informasjon om særskilte utfordringar melder vi fortløpande til Helsedirektoratet.

## Resultatområde 87 Psykisk helse

### 87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Fordeling av tilskotsmidlar og rapporteringar til Helsedirektoratet er utført i samsvar med oppdrag. Vi har innhenta opplysningar frå kommunane om dagtilbod, bruk av individuell plan og forbetningsområde i tenestene til personar med psykisk sjukdom og rusproblem. Svar tilseier at tenestetilboda ikkje er godt nok tilpassa dei behov som finst. Mangel på tilrettelagte bustader gjer det vanskeleg å gje kvar enkelt tilpassa og nødvendig oppfølging. Det trengst også meir kompetanse og betre samarbeid mellom spesialisthelsetenesta, kommunale tenester og Nav.

Vi samarbeider med Napha og Nav og har arrangert nettverksmøte for tilsette i kommunane, DPS, Nav og brukarorganisasjonar. I samarbeidd med Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, psykisk helse og barnevern (RKBU-Vest) har vi gjennomført eit program for kunnskapsutvikling og samhandling om barn og unges psykiske helse for tilsette i Voss kommune, sju kommunar i Hardanger og BUP Voss. Tiltaket har medverka til betre samhandling og etablering av nettverk internt i kommunen og mellom kommunar.

### 87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

I 2011 mottok vi åtte saker med spørsmål om dekking av utgifter til heimsending.

Utgifter i samband med heimhenting blei dekt for tre pasientar, alle tre frå utlandet til Noreg.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	8
<b>Sum</b>	<b>8</b>

## Resultatområde 88 Rusområdet

### 88.1 Alkoholoven

Fylkesmannen har av ressursomsyn ikkje fått høve til å føre skjenkekontroll med dei statlege løyva. Vi har av same årsak heller ikkje arrangert kurs eller lignande for kommunane i Hordaland. Slike kurs har vore etterspurd.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	22
<b>Sum</b>	<b>22</b>

### 88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen har løyvd 60 482 000 kroner til tiltak overfor rusavhengige i 20 kommunar i Hordaland. Dette er 17,8 millionar kroner meir enn i fjor.

#### Kommune Tildeling 2011

Bergen	Kr 30036000
Stord	4200000
Fjell	3850000
Askøy	3300000
Bømlo	2525000
Odda	2200000
Os	1975000
Sveio	1650000
Kvinnherad	1650000
Meland	1236000
Fitjar	1165000
Voss	1100000
Lindås	1100000
Kvam	1100000
Osterøy	825000
Øygarden	770000
Tysnes	550000
Ullensvang	550000
Sund	550000
Austevoll	150000

Den statlege løyvinga på 2,8 millionar kroner til tillitspersonforsøket innan rusomsorga kjem i tillegg. Av tilskotet på kr 980 000 til etter- og vidareutdanning på rusfeltet har vi etter utlysning tildelt kr 866 972 til dette foremålet.

Vi har gjennomført fleire kompetansehevande tiltak, to tiltak blei gjennomført i prosessgrupper i samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene. Tema var individuell plan og rus og psykiske lidningar. Målgruppa var tilsette i stat og kommunar. Sidan 2007 har vi saman med Kompetansesenteret for rus invitert kommunane til å delta i eit arbeid for å utarbeide rusmiddelpolitiske handlingsplanar. Av dei 26 kommunane i fylket som har slik plan, har 18 delteke på kursa. Tre kommunar, Lindås, Stord og Bergen har fått tilskot til ordninga med koordinerande tillitsperson (KTP). Prosjektet er inne i sitt siste år. Nasjonale samlingar og samlingar for prosjektleiarane er ein viktig del av aktivitetane til desse prosjekta. Hausten 2011 gjennomførte vi eit program for kompetanseheving av medarbeidarar i kommunale rusprosjekt, styrkebasert prosjektleiing. Dei to siste åra har vi arrangert felles nettverkssamlingar for personell som arbeider innan fagområda rus og psykisk helse. Deltakarane kjem frå kommunane, spesialisthelsetenesta (DPS), nav og brukarorganisasjonar. Vi har samarbeidsmøte med NAPHA. I samarbeid med Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, psykisk helse og barnevern (RKBU-Vest) har vi gjennomført eit program for å styrkje fagkompetanse om psykisk helse hos barn og unge og utvikle samarbeid mellom tenester i kommunane og spesialisthelsetenesta. Deltakarane kjem frå åtte kommunar og ein barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Prosjektet blir avslutta i 2012.



## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 1 048 055,61	kr 0,00
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 6 676 695,20	kr 523 065,63
83 Folkehelsearbeid	kr 629 506,97	kr 42 080,09
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 887 904,04	kr 5 825,55
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 1 516 669,24	kr 1 605 033,08
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 1 674 976,64	kr 2 966 559,06
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 246 644,05	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 23 625,10	kr 0,00
Sum:	kr 14 704 076,00	kr 5 142 563,00

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

Sjå underpunkt

#### 91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama klager etter veglova i 2011.

#### 91.2 Konesesjon til anlegg og drift av taubaner

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 2 søknader om konesesjon etter taubanelova i 2011.

## Utenriksdepartementet

### Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

Sjå underpunkt

#### 92.1 Apostiller

Embetet har behandlet 4855 apostiller i 2011

#### 92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Fylkesmannen gav i 2011 uttale i 3 saker om honorære konsuler.

## Kulturdepartementet

## Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskott for trdomssamfunn i 2011.

Det er utbetalt støtte for 11.716 medlemmar.

Vi har ikkje registrert nye trdomssamfunn i 2011. Eit trdomssamfunn vart oppløyst.

Vi viser ellers til eigen årsrapport som er sendt til Kulturdepartementet.

## Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen fatta i 2011 73 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. Det vart innvilga 64 løyve til oskespreiing. 9 saker er avslått. Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon. I tillegg har vi utarbeid standardiserte søknadsskjema som er lagt ut på nettstaden til Fylkesmannen i Hordaland.

## Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi har handsama fire saker om utvida opningstid etter lov om helligdag og helligdagsfred. Vidare har vi godkjent Eidfjord kommune som typisk turiststad.

## Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

### 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

#### Innvandrarbakgrunn:

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. I 2011 vart det tilsett ein person med innvandrarbakgrunn (ssb sin definisjon). I samband med utlysing av ledige stillingar vert alltid personar med innvandrarbakgrunn oppmoda om å søkje. Til tross for dette er det få søkjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar hos oss. Søkjarar med innvandrarbakgrunn vert alltid innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte. I 2011 var tre personar med innvandrarbakgrunn kalla inn til intervju. For å betre kunne vurdere kvalifikasjonane til søkjarar med bakgrunn frå utlandet, ber vi no om NOKUT- godkjenning og oversettingar av vitnemål i utlysingstekstane. Vi håper at dette vil gjere det lettare for leiarane å samanlikne kvalifikasjonane til søkjarane.

Embetet har blitt orientert om at ikkjevestlege innvandrarar og skal reknast med i talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. Desse har ikkje vore medrekna før, og dette fører til at vi tilsynelatande har hatt ein større auke enn det som er reelt.

#### Nedsett funksjonsevne:

I samband med delmål 2 i IA-avtalen (rekruttere personar med nedsett funksjonsevne) har embetet i samarbeid med nav gjennom fleier år hatt personar med nedsett funksjonsevne i arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne o.l. I løpet av 2011 har totalt fire personar hatt arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne hos fylkesmannen. Søkjarar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje ledige stillingar, og minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne skal kallast inn til intervju under føresetnad av at formelle kvalifikasjonskrav er oppfylde. Det er likevel få søkjarar som gir tilkjenne at dei har nedsett funksjonsevne. I 2011 var ingen personar med nedsett funksjonsevne kalla inn til intervju.

Embetet har kontinuerleg fokus på universell utforming, og ser dette som eit viktig virkemiddel for å kunne rekruttere og beholde medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Embetet har eigen handlingsplan på området og har sett i verk fleire tiltak internt i Statens hus.

#### Seniorpolitikk:

Fylkesmannen er oppteken av at vi skal legge forholda til rette for å beholde seniorane våre så lenge som råd. Pr. 1. desember 2011 var 15 prosent av dei tilsette i aldersgruppa 60-69 år. Avgangsalder for overgang til pensjon var 66,4 år.

### Oppfølging IA:

Fylkesmannen har tradisjonelt hatt eit stabilt lågt sjukefråvær. Vi hadde ein oppgang i sjukefråveret frå 2009 til 2010. I 2011 var det legemeldte fråværet på 4,1 prosent, og på veg ned att. Totalt sjukefvar på 5,4 prosent. Vi reknar med at auken i 2010 skuldast høg turnover og arbeidspress. Vi har i tillegg hatt ein tøff tid med budsjettkutt, innsparingar og omorganisering. Dette kan og ha påverka sjukefråværet i negativ retning.

Fylkesmannen har som mål å hindre at tilsette fell ut av arbeidslivet og vert uføretrygda. Som førebyggjande tiltak har embetet i samarbeid med bedriftshelsetjenesta arrangert trening - "Styrket rygg" og stressmestringskurs. Det har og vore gitt instruksjonar i trening med "terapimaster". I 2011 vart det gjennomført vernerunde for alle tilsette då omorganisering og flytting var over. Vi har og lav terskel for å tilby arbeidsplassvurdering av fysioterapeut.

Embetet inngjekk ny IA-avtale med Navs arbeidslivssenter i oktober 2011 og reviderte samstundes eigen lokal avtale. Verneombod og tillitsvalde er tiltenkt ei større rolle i ny IA-avtale og IA-arbeidet framover. Vi har jamnlege IA-møte saman med vernetenesta og tillitsvalde. Fylkesmannen er representert i IA-rådet i Hordaland.

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMHO	2	1	6	3,3
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>0</b>

## 98.2 Kompetanseutvikling

Medarbeidersamtalar og virksomhetsplanar skal danne grunnlag for fordeling av kompetansemidlar ved embetet. På bakgrunn av dette vert det utarbeidd ein felles opplæringsplan kvart år. Dei tilsette skal sikrast fagleg påfyll og få dekt kompetansebehovet sitt i høve til dei arbeidsoppgåvene dei har. Fylkesmannen er opptatt av at det skal gis lik mulighet til karriereutvikling og personlig utvikling uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn.

I 2011 hadde embetet felles opplæringstiltak innan nynorskkompetanse, datakompetanse og skrivekurs. I tillegg hadde vi fleire kurs på HMS-området. Vi tilbyr og deltaking på seniorkursa som Statens pensjonskasse arrangerer. Verksemda legg opp til kompetansehevingstiltak gjennom felles kurs og seminar. I tillegg til dette kjem individuelle kompetansehevingstiltak som vert avtalt mellom leiar og den einskilde tilsette. Vi ser at det er eit gjennomgåande trekk at fleire under 50 år ønskjer å delta på kompetansehevande tiltak enn det som er tilfelle for aldersgruppa over 50 år

Embetet har ikkje hatt ressursar til å kunne prioritere kompetanseutvikling i tilstrekkeleg grad. For at vi skal oppretthalde høg fagleg kvalitet og vere ein attraktiv arbeidsgjevar må vi kunne gje våre tilsette kompetansehevande tiltak. Vi har starta ein prosess med inndregning av stillingar for å frigjere ressursar til lønnsauke og kompetansetiltak. Arbeidsgjevar og organisasjonane er samde om at det i fyrste rekke har vore naudsynt å prioritere lønnsauke. Vi har ein plan om å sette av midlar til kompetanseutvikling når vi har eit akseptabelt lønnsnivå.

#### Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMHO	8	62,5	37,5	9	10

#### Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMHO	60	40	70	30

## 98.3 Medvirkning

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad frå tilsette og deira fagorganisasjonar. Embetet har utarbeidd strategier for å sikre medbestemmelse og medverknad for tilsette og organisasjonane

deira, retta både mot avdelingsnivå og embetsnivå.

Fylkesmannen ser viktigheten av å ha ein godt og tett dialog med organisasjonane. Foruten fire faste samarbeidsmøte mellom ebetsleiinga og organisasjonane kvart år, vert det halde møte i samband med budsjett og lokale forhandlingar. Det er nedfelt i lokal tilpasningsavtale at møte skal avhaldast dersom ein av partane finn det naudsynt. Ved fleire høve vert har alle organisasjonane ved embetet blitt innkalla til informasjon og drøftingsmøte, og ikkje berre organisasjonane på nivå 1 som er avtalebestemt.

I 2010 og 2011 hadde embetet gåande ein intern omorganiseringsprosess. Prosessen ivaretok medverknad ihht. lov og avtaleverk, mellom anna gjennom partsamansette arbeidsgrupper. I tillegg vart det avhalde informasjonsmøte med alle organisasjonane og allmøte. I samband med omorganiseringa var det naudsynt å ha eit tett samarbeid mellom leiinga og organisasjonane. Dette har vore ein viktig suksessfaktor for gjennomføringa av omorganiseringa.

Saker som omfatter heile embetet og som er avdelingsoverskridande skal handsamast på embetsnivå. Eit viktig område for medvirkning har i 2011 vore innplassering av verjemålsseksjonen. I tillegg til jamnleg budsjett og økonomioppdateringar grunna stram økonomi og innsparingstiltak. Informasjon om ledige stillingar som lysast ut vert send til alle organisasjonane på embetet. Dette sikrar reell medverknad når det gjeld stillings- og lønsplassering.

Fylkesmannen tilstreber å sikre deltaking frå organisasjonane i interne råd og arbeidsgrupper.

Administrasjonssjefen ved embetet har vore leiar for Nettverksgruppa for vestlandet (samarbeid og medbestemmelse, HTA pkt. 5.6.1). Nettverksgruppa arrangerte har i inneverande tariffperiode arrangert to seminar i og fordelt midlar til andre verksemdar. Målgruppa for konferansane er leiarar og tillitsvalde i statlege verksemdar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hensikten var å auke samarbeidskompetansen og sikre medbestemmelse og samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

I tråd med intensjonane i ny IA avtale vert tillitsvalde og verneombod i større grad enn tidlegare trekt inn i IA-arbeidet, og det vert arrangert to IA-møter per år.

## 98.4 Likestilling og likeverd

Fylkesmannen er oppteken av at alle får same høve til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbeidsoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopptrykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå.

Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

I framstillingane under har vi nytta tal frå SAP, då vi ikkje har motteke tal statistikken frå SST frå FAD i tide. Tala er tatt ut 1.10.2011.

### Kjønnsbalanse totalt antall tilsette:

Kjønnsbalanse		
M%	K%	Totalt
44	56	176

### Lønn og kjønn:

Lønn	
M i %	K/M i %
100	91

Tabell 3

### Kjønnsbalanse totalt i verksemda:

Tabell 1	Kjønnsbalanse	Løn
----------	---------------	-----

**Årsrapport 2011 Fylkesmannen i Hordaland - Innhold:**

	M %	K %	Totalt (N)	M (Kr/%)	K/M (Kr/%)
2010	44	56	187	39247/100%	34816/89%
Totalt i verksemda	44	56	185	39965/100	37311/93
2011					
2010	43	57	8	62241	58977
Leiargruppa	50	50	8	68925/100%	62725/92%
2011					
2010	67	33	15	49830/100	48867/98%
Seksjonssjef/ass.dir	50	50	21	56226/100	47178/90%
2011					
2010	54	46	41	39083/100%	37161/95%
Saksbehandler I	52	48	61	44570/100%	39000/88%
2011					
2010	49	51	79	34780/100%	34886/100%
Saksbehandler II	42	58	60	40247/100%	35373/88%
2011					
2010	23	77	40	31370/100%	29009/92%
Kontorstillinger	20	80	35	32433/100%	31056/96%
2011					

**Deltid, permisjon og legemeldt frávær:**

Legemeldt frávær er henta frå IA-web og viser frávær tom 3. kvartal – da fjerde kvartal ikkje er klart i før 23. mars og sjukefráværstatistikken i SAP har vist seg å ha for store mangler og usikkerhetsmoment knytta til seg.

Tabell 2	Deltid		Midlertidig		Foreldreperm		Legemeldt frávær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2011	1,7	2,8	0	3,9	0,3	1,6	3,1	6,6
2010	0,5	2,6	0,5	3,2	0,7	2,3	3,6	7,5

I 2010 hadde vi ei auking i sjukefráværet. Sjukefráværet er no på veg ned, og vi kjem til å fokusere på å fortsettje den positive trenda med målretta tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesta Hjelp 24. Vi ser at kvinner tendensar til høgare sjukefrávær enn menn. Dette gjenspeglar situasjonen i samfunnet elles, men er likevel noko Fylkesmannen vil ha fokus på framover.

**Leiarar med personalansvar:**

2011	Leiarar med personalansvar			Medarbeidare			Løn	
	M %	K %	Totalt	M %	K %	Totalt	M %	K %
Fylkesmannen i Hordaland	56	44	16	44	56	185	100 %	93 %

## Kvinnar i leiinga:

Dei siste åra har embetet rekruttert fleire kvinner i leiarstillingar. Fleire kvinner enn menn har leiarstillingar med personalansvar. På avdelingsdirektørnivå er fordelinga fire kvinner og to menn. I leiargruppa er fordelinga 50% kvinner og 50% menn, med fire kvinner og fire menn. Fylkesmannen har alltid fokus på kjønnsfordeling når det skal tilsetjast, men har i 2010 ikkje funne grunnlag for å vike frå kvalifikasjonsprinsippet eller å oppmode kvinner spesielt om å søkje stillingar. Vi har ein god fordeling mellom kjønna i søkjarmassen til leiarstillingar i motsetnad til i sakshandsamarstillingar som gjerne har ei overvekt av kvinnelege søkjarar.

## Vurdering av likestillingssituasjonen på bakgrunn av etnisitet, religion og funksjonsnedsetting:

Fylkesmannen ønskjer mangfald. Vi oppmodar alle kvalifiserte til å søkje stillingar hos Fylkesmannen, uansett alder, etnisitet, kjønn og funksjonsnedsetting. Likevel når vi ikkje målet vårt om å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne. Nokre årsaker til dette kan vere at tenestemålet vårt er nynorsk, og at nokre stillingar krev ein del reising i samband med tilsyn.

For å tilsette fleire med nedsett funksjonsevne vurderer vi fortløpande annonsering på jobbressurs.no og har fokus på universell utforming. Vi orienterer alltid leiarar ved tilsettingar om søkjarar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne. For enklare å kunne vurdere og samanlikne utdanning og erfaring ber vi alle søkjarar med utdanning frå utanlandske utdanningsinstitusjonar om å sende inn godkjende oversettingar av attestar og vitnemål.

Vi opplever ikkje at søkjarar med nedsett funksjonsevne eller innvandrarbakgrunn vert diskriminerte, men ser at vi har ei utfordring når det gjeld å nå ut til og å leggje til rette for søkjarar og medarbeidarar i denne gruppa. Fylkesmannen i Hordaland har kvart år fleire personar med nedsett funksjonsevne på arbeidstrening og utprøving av eiga arbeidsevne og har stilt IA-plass til rådvelde for Nav. I fjor hadde vi fire på arbeidspraksis: 2 kvinner og to menn.

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det vart utbetalt kr. 6370769,77 til kommuneparti, fylkesungdomsparti og fylkesparti i Hordaland i 2011.

## Andre

### Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 118 928,72	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 1,00	kr 0,00
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 31 497 516,97	kr 0,00
Sum:	kr 31 616 446,00	kr 0,00